



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for oppvekst  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 04.03.2015  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 26.02.2015

Linn Therese H. Sævik  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/15	Protokoll frå førre møte
PS 3/15	Referatsaker
PS 4/15	Tertialrapport per 01.01.2015.
PS 5/15	Tilstandsrapport for Herøyskulen 2014 Referatsaker
RS 1/15	Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - Offentleg ettersyn
RS 2/15	Reguleringsplan for Huldal aust - offentlig ettersyn
RS 3/15	Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/15 Protokoll frå førre møte

PS 3/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/381
		Arkiv:	210

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
29/15	Formannskapet	10.02.2015
	Komite for Helse og omsorg	19.03.2015
8/15	Komite for næring, kultur og idrett	09.02.2015
4/15	Komite for oppvekst	04.03.2015
17/15	Kommunestyret	26.02.2015

### TERTIALRAPPORT PER 01.01.2015.

#### Tilråding frå rådmannen:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg

1. Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe
2. Planoversikt frå Utviklingsavdelinga

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.01.2015.

### Bakgrunn

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

### Sjukefråvær

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

### Vedtaksrapportering

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

### Tenesterapportering

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

### Prosjektrapportering

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

## **Vurdering og konklusjon:**

Eg har ingen spesielle merknader til denne rapporten.

\* \* \*

Det er nedsett ei arbeidsgruppe har laga ein revisjon av tertialrapporteringa. Denne revisjonen vil verte lagt til grunn ved rapporteringa per 01.05.2015

Fosnavåg, 31.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

### **Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015**

Saka vert tatt til vitande.

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

### **Tilråding i Formannskapet - 10.02.2015**

Saka vert tatt til vitande.

# TERTIALRAPPORT PER. 01.01.2015

## SJUKEFRÅVÆR

Personalavdelinga rapporterer for organisasjonens samla sjukefråvær

### Sjukefråvær\*

Forklaring: Tala på tilsette er delt i intervall på fem, bortsett frå der det er over hundre tilsette, desse er det delt i intervall på femti (< = mindre enn, > = meir enn).

\*Merknad: Tala som kjem fram i rapporten er ikkje heilt riktig, då uttak av statistikk frå dei ulike avdelingane ikkje er heilt etterretteleg.

Avdeling	Fråvær 3. tertial 2014	Korttids fråvær 3. tertial 2014	Langtidsfråvær 3. tertial 2014
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærlingar (<20)	7,29	1,82	5,47
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0
Barnehageavd. (<40)	14,46	3,21	11,25
Grunnskuleavd. (<250)	6,61	1,61	5
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5
Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52
Pleie og omsorg (<300)	9,07	2,01	7,06
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94
Kultur (>10)	0,7	0,7	0
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0
<b>Totalt fråvær</b>	<b>8,27</b>	<b>1,81</b>	<b>6,46</b>

Det totale sjukefråværet for 3. tertial er 8,27%, og ligg litt høgare enn det totale sjukefråværet i 2014 som ligg på 8,12%, sjå tabell nedanfor. Med andre ord er vi litt under det som vi har sett som mål for nærvær i Herøy kommune på 92%. Per 3. tertial er nærværet 91,73%.

Sjukefråværet for tredje tertial har ein snitt på 8,45% i perioden 2007-2014. Sjukefråværet for tredje tertial i 2014 er 8,27%.

Om ein samanliknar dei historiske tala er det, for utan tredje tertial 2013, ein auke i sjukefråværet frå andre til tredje tertial. Vi er nøgde med at organisasjonen har eit sjukefråvær under snitt for tredje tertial, men registrerar ein stor prosentvis auke samanlikna med same periode i 2013.

Organisasjonen må framleis ha stor fokus på nærvær- og oppfølgingsarbeidet.

År	1. tertial	2.tertial	3.tertial	Totalt
2007	10,7	8,4	9,7	9,7
2008	10,3	7,3	8,3	8,6
2009	-	8,6	9,4	- *
2010	10,6	9,0	9,5	9,7
2011	9,86	7,17	7,91	8,4
2012	9,40	6,93	8,62	8,3
2013	9,47	6,55	5,86	7,45
<b>2014</b>	8,56	7,32	<b>8,27</b>	8,12
<b>Snitt</b>	<b>9,84</b>	<b>7,56</b>	<b>8,45</b>	<b>8,61</b>

\* 1. tertial 2009 og total 2009 er ikkje tilgjengeleg grunna overgang til nytt økonomi- og lønssystem det året.



# **STAB- OG STØTTEAVDELINGANE**

# SERVICETORGET

## Organisasjon

### Sjukefråvær

Personalavdelinga rapporterer samla på sjukefråvær.

## Vedtaksrapportering

Ingen ting å rapportere

## Tenesterapportering

Det er i dette perioden ikkje meldt avvik på Servicetorget og ST har heller ikkje meldt avvik på andre i perioden.

Dei faste oppgåvene som skal gjerast denne perioden (transportteneste og kulturmidlar) er handsama etter gjeldande reglar.

Det er ikkje kome inn klager på enkeltvedtak gjort i ST denne perioden.

## Prosjektrapportering

### Tomtesal:

Det har vore roleg på tomtosal denne perioden. Ein har arbeida med tilbakeføring av tomt der byggefrist ikkje er halde. Ein har takst på «skuletomta» på Leine, men venter på avklaring om dette skal leggest ut for sal.

## Lokalsamfunn

Servicetorget er kommunen si informasjonseining og det er her mange av innbyggjarane møter kommunen for fyrste gong. I denne samanhengen har servicetorget fokus på:

- God service og oppfølging av kvar enkelt kunde – vi held det vi lover
- Sakshandsaming skjer utan nødvendig opphald.
- Informasjon på nettsida i den grad organisasjonen eller gir ST informasjon.
- Tilsyn beredskap – starta grunnlagsarbeid for utarbeiding av nytt planverk.

# FELLESSEKRETARIATET

Ikkje noko rapportert.

# PERSONAL- OG ORGANISASJONAVDELINGA

## Organisasjon

Ny personal- og organisasjonsleiar vart tilsett 1. oktober.

## Rekruttering

Herøy kommune har gjennomført 13 stillingsutlysingar i tredje tertial, og alle er utlyst eksternt. Det er p.t. to stillingar som framleis er i rekruttering og/eller tilsettingsprosess.

## Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane

Det vart gjennomført Kontaktmøte (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane) den 17.11.14.

## Arbeidsgjevarepolitisk arbeid

Herøy kommune har gjennomført lokale lønsforhandlingar, som ein del av hovudoppgjeret 2014.

Vi er i avslutningsfasa i arbeidet med å fastsette ny lokal lønspolitikk. I kjølvatnet av lønnsforhandlingane i 2014 ser organisasjonen eit behov for å kome med ytterlegare avklaringar, presiseringar og retningslinjer. I tillegg er det avtalt og vil bli gjennomført evaluering av sjølve oppgjeret for 2014.

## Helse miljø og sikkerheitsarbeid (HMS)

Det er gjennomført eit møte i IA-utvalet og eit møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU).

## Kurs/seminar:

Det vart gjennomført ei samling for alle verneomboda (VO) den 18.12.14 der ny personaleleiar og hovudverneombod presenterte seg. I tillegg dette vart spørsmålet kring evaluering av verneområda diskutert. Målet er å gjennomføre ei samling for VO og leiarane i løpet av våren, der fokus vert rolleavklaring og etablering av nye verneområder.

Personalleiar og personalkonsulent tok den 26. og 27. november del på det årlege arbeidsrettsseminaret arrangert av KS-advokatane.

Dei hovudtillitsvalde og verneombod har delteke på fleire kurs og seminar siste tertial, bl.a. avslutning av prosjektet «Likestilte kommunar».

## Vedtaksrapportering

Inkje å rapportere.

## Tenesterapportering

Ingen avvik å melde.

## Prosjektrapportering

Prosjektet «Likestilte kommunar» med fokus på lønspolitikk er slutført.

## **Lokalsamfunn**

Inkje å rapportere.

# **IKT-AVDELINGA**

**Ikkje noko rapportert.**

# TENESTEAVDELINGANE

# BARNEHAGEAVDELINGA

## Organisasjon

Alle barnehagane har HMS plan der tiltak vert sett i verk i samsvar med planen. Planane er revidert i 2014.

### Avvik:

Det er meldt eitt avvik i Kvalitetslosen i løpet av 3. kvartal 2014. Avviket handlar om uønska hending med barn på bading .Avviket er lukka.

## Vedtaksrapportering

### Oversikt delegert vedtak 2. tertial 2014:

#### Vedtak om ekstraressurs til barn med særlege behov:

Huldal barnehage: 20t/v frå 11.10 til 31.12.2014 med mulegheit til forlenging utover våren 2015 om behovet framleis er der.

Gnist barnehager Myklebust: 18t/v frå 11.09.14 til 30.06.15

#### Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet:

Gnist barnehager Myklebust: 80% stilling frå 01.11.14 til 31.07.15

Troll-lia barnehage: 80% stilling frå 01.08.14 til 31.07.15

80% stilling frå 01.10.14 til 31.07.15

## Tenesterapportering

Det er gjennomført tilsyn etter barnehagelova i to private barnehagar i november 2014. Planen er å gjennomføre tilsyn i resten av dei private barnehagane våren 2015. Orienteringssak om tilsynet blir lagt fram for Komite for oppvekst og Kommunestyret når alle tilsyna i denne omgong er gjennomført.

Myrsnipa barnehage oppretta tre nye plassar etter kommunestyrevedtak i desember. Nokre barnehagar i Ytre Herøy har ledige plassar.

Tilskot til private barnehagar:

Foreløpig sats for kommunalt tilskot til private barnehagar er:

Små barn kr. 187 562,-

Store barn kr. 93 340,-.

Barnehageavdelinga og økonomiavdelinga vil ha klar endeleg sats for 2015 innan februar 2015. Det vil i februar 2015 bli gjort vedtak om kor mykje kommunalt tilskot den einskilde private barnehage vil få i 2015 utfrå barnetalet deira per 15.12. 2014.



## **Prosjektrapportering**

Ikkje noko å rapportere.

## **Lokalsamfunn**

Barnehagane ynskjer framstå med god kvalitet slik at dei kan bidra til vekst og utvikling for den oppveksande slekt. Dei ynskjer vere synlege i nærmiljøet og slik bidra til trivsel for alle i lokalsamfunnet. Dette bidreg barnehagane med ved å ferdast så ofte dei kan i nærmiljøet samt synleggjere noko av aktivitetane sine i media.

Barnehagane bidreg på sin måte til dei gjennomgåande perspektiva i samfunnsdelen av kommuneplanen ved å ha fokus på folkehelse, likestilling, miljø og klima.

# SKULEAVDELINGA

## Organisasjon

Det er to sterke fokusområde i organisasjonen: Kompetanse og leiing.

Alle lærarar deltek i skulebasert kompetanseutvikling, innanfor fag og klasseleiing.

Leiarstøtte og fagleg påfyll til rektorane vert prioritert.

Ei sterk leiing er avgjerande for å drive fram eit godt utviklingsarbeid. Det vert derfor lagt til rette for leiarutvikling både lokalt og i eit samarbeid i Sjustjerna.

## Prosjekt

### Læringsnettverk barnetrinn

Skuleavdelinga fekk i juni'14 melding om tildeling av ytterlegare kr.100.000 i skjønnsmidlar for 2014, etter å ha fått same beløp i 2012 og 2013. Frå «piloten» med kun dei små barneskulane, deltek no alle barnskulane i satsinga, som har fått namnet «Meir læring for alle». Rektorane ved dei aktuelle skulane utgjer styringsgruppa, under leiing av skulefagleg rådgiver. Alle lærarar deltek i lærande nettverk på tvers av skular. Det har vore arbeidd godt siste haust, med faglege samlingar, lærarnettverk på tvers av skular, konkret utprøving og endring i skule/klasserom og evaluering.

### Ungdomstrinn i utvikling, nasjonalt prosjekt

Ungdomsskulane i Herøy deltek i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Satsinga er skulebasert, med fagleg støtte frå Høgskulen i Volda, og går over perioden august 2014 til juni 2017. Faglege tema er relatert til Klasseleiing, Rekning og Lesing.

### Overordna mål

1. Styrke læringsmiljøet i klasserommet, slik at elevane kan konsentrere seg og bli meir motiverte for læring og utvikling.
2. Overføre forskingsbasert kunnskap om klasseleiing til undervisning i aktuelle fag

Kostnader til bruk av kompetanse frå høgskulen, regional utviklingsretteleiar, lokale ressurslærarar, reiser og opphald på samlingar vert dekte av nasjonalt tilskot.

### Strategi for skuleutvikling

Leiargruppa i skuleavdelinga har vår og haust 2014 arbeidd fram eit dokument som viser ståstad og retning for utvikling i perioden 2015-18. Saka vart handsama i Komitè for oppvekst i 4.desember. Komitèen innstilte på at også kommunestyret får handsame saka. Dette vert gjort 29.januar'15.

Dokumentet har fokus på satsingsområde og tiltak for å fremje auka læring, samt kva faktorar som utgjer ein trussel mot å lykkast i arbeidet.

### Feide

Skuleavdelinga er etter ein utfordrande haust, så og seie i mål med implementering av Feide (Felles Elektronisk IDEtitet) . Feide er den løysinga Kunnskapsdepartementet har valt for å kunne ha ei sikker identifisering i utdanningssektoren. Avdelinga er gjennom dette «ei båtlengd føre» i regionen.

Prosjektet betyr at alle elevar og tilsette frå no av vil ha kun eitt passord ved elektronisk pålogging, der ein får tilgang til ei rekkje program.

### **Teneste**

Tenestene vert utført i tråd med lov- og regelverk. Det har ikkje vore klagesaker dette tertialet. Det har vore to avviksmeldingar i Kvalitetslosen, begge med uhell i samband med lek og med lite skadeomfang.

### **Lokalsamfunn**

Ungdomsskulen og vidaregåande skule har innleia eit samarbeid om kompetanseutvikling på spesielle område, særleg innanfor matematikk. Samarbeidet har i tillegg bygt bru mellom skuleslaga, og har vore svært vellykka.

Også denne førjulstida var det mange flotte arrangement rundt om på skular, grendahus, kulturhus og kyrkjer før jul, der elevar fekk vise talent som aldri vert målt i kartleggingar og nasjonale testar.

Eit godt samarbeid mellom eigne tilsette, lærarar frå kulturskulen, foreldre og andre ressurspersonar utgjør fundamentet for desse arrangementa. Her har vi ein stor verdi å ta vare på.

Skuleavdelinga er på alle nivå opptekne av eit godt omdøme. For å lykkast med dette, held vi service, kommunikasjon og tilgjengelegheit høgt - både internt og eksternt.

# **BARN, FAMILIE OG HELSEAVDELINGA**

## **Organisasjon**

### **Sjukefråvær**

Personalavdelinga rapporterer samla på sjukefråvær.

## **Vedtaksrapportering**

### **Barn- familie og helse**

Ikkje noko særskilt å rapportere

## **Tenesterapportering**

### **Barn familie og helse**

Samlokalisering av alle tenestene i avdelinga begynner nå å vise seg. Det takast lettare både formell og uformell kontakt mellom dei ulike faggruppene. Det gjeld så vel i konkrete saker som på eit meir overordna nivå. Dette førar til eit endå betre samarbeid i avdelinga og det er også då eit håp om at ein kjem endå tidlegare inn med tenester for barn og unge som treng tverrfaglege oppfølging. Dette arbeidet med å få dei ulike fagetatane til å arbeide endå tettare saman vil fortsatt verte prioritert.

Også i dette tertialet har situasjonen på legesida vore utfordrande. På slutten av tertialet vart det utlyst to heimlar både ved Herøy og Myrvåg legesenter. Desse er i prosess for tilsetjing. Vikarbruken vil derfor truleg måtte fortsette noko framover. Situasjonen har etter dette heller ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane.

Situasjonen innan rehabilitering er særskilt krevjande då det er eit stort behov for opptrening etter behandling i sjukehus. Dei alle fleste pasientane som er til behandling i spesialisthelsetenesta vert raskt skreive ut til heimen og det er ein forutsetnad at opptrening skal starte raskt. Spesialisttenesta tek stadig fleire pasientar til poliklinisk behandling og forventar at kommunen raskt kan gi dei eit rehabiliteringstilbod raskt. Det er ei stor utfordring at spesialisttenesta legg om praksis og forventningar til kommunane utan at kommunen har fått bygd opp sitt tilbod. Det er og ei stor fare for at dette går utover kronikarane som får eit dårlegare tilbod.

Det tverrfaglege arbeidet med bla barnevern, PPT og skule/barnehage har også dette tertialet vore prioritert, og ein ser at det er ein fordel at skule og barnehage er samlokalisert med Barn-, familie- og helseavdelinga.

Innan psykisk helsevern har det og vore utfordringar i 3. tertial, særleg ved at psykologen har slutta og det har ikkje vorte tilsett ny. Stillinga vart utlyst, men søkjaren trekte søknaden slik at det ikkje vart tilsetjing. Dette har skapt store utfordringar for tenesta. Det har og skapt utfordringar for den øvrige delen av avdelinga som har nytta psykologen i krevjande saker. Særleg har legetenesta merka dette. Elles når det gjeld psykiatritenesta arbeidast det særleg med å få dei unge brukarane inn i gode opplegg. Solheim vert brukt i stadig større grad.

Barnevernstenesta har i denne perioden motteke 28 meldinga, ( jf. Eigen rapport). Det er 13 heilt nye og 15 som det allereie arbeidast med. Vi registrerer ei meir bevisst haldning

på ansvaret som offentleg tilsette og privatpersonar har for å melde ifrå om uro for barn og unge.

For tida arbeider barnevernet med:

- 73 barn med hjelpetiltak
- 9 barn/unge under omsorg
- 7 ungdomar på ettervern

I tillegg har vi tilsynsansvar for 16 born, dvs. born som andre kommunar har plassert i fosterheim i Herøy.

Barnevernet vart i førre tertial bede, via fylkesmannen, om å handsama ein sak frå eit anna fylke. Denne saka vart avslutta i 3. tertial.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har denne periode forsøkt å prioritere opp arbeidet i skulane. Det er til dels utfordrande å få dette til, men ein ser at det er eit særskilt viktig arbeid. Elevane tek kontakt og dei har til dels store utfordringar. Det er viktig at det vert kontinuitet i dette arbeidet.

Det er svært viktig at kommunen fortsatt har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor, at denne vert ei prioritert satsing i kommunen. Det er også viktig at Herøy kommune har sterk fokus på tidleg intervensjon.

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 3. tertial. Årsaken til dette er nok i større grad ei noko manglande aktiv bruk av Kvalitetslosen enn at det ikkje har vore avvik som kunne ha vore meldt.

### **Prosjektrapportering**

Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommunar. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Prosjektet er i avslutningsfasa og fagdagen vert vidareført i regi av Sju-stjerna. Det elektroniske samarbeidet mellom helseføretaket og kommunen arbeidast det vidare med og utstyret vil ver på plass i januar 2015. Eigen sak om leasing av konferanseutstyr vart handa i kommunestyret i 3. tertial.

### **Lokalsamfunn**

Tilsette i avdelinga deltek og informerar om avdelinga i ulike lag og foreiningar.

# PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

## Organisasjon

Overtidsbruken er aukande. I perioder er det behov for å sette inn ekstra personal på avdelingane, og nokre avdelingar har hatt det vedvarande over lengre tid.

Mange seniorar skal snart erstattast, og det er eit spenningsmoment korleis ein skal greie å rekruttere fordi der er lite reelle søkjarar på stillingar. Nokre av våre fast tilsette har gått over til anna type arbeid. Det er viktig å kunne tilby fast stilling opp mot full stilling. Dette er vi ikkje i mål med. Positivt er det at studentane og lærlingane gir god evaluering av praksisen dei får, noko som er viktig for framtidig rekruttering.

Det er ein milepæl at ein i desember, i budsjettvedtaket for 2015, fekk oppretta stilling for kreftsjukepleiar/koordinator.

Har elles spesielt fokus på oppfølging av legemiddelhandtering, dokumentasjon (gjennom tiltaksplan) og ernæring

### Pålegg om tiltak:

Kommunen har ei sak som har pågått heile året. Arbeidstilsynet har sett fram krav om ein plan for å redusere tidspress i heimetenestene. Vidare er det sett fokus på vedlikehaldsbehov ved Herøy omsorgssenter og forhold rundt garderober for dei tilsette. I dei to siste temane er eigdomsleiar inne i saka. Siste korrespondanse i saka gjekk frå kommunen etter budsjettvedtaket i desember.

### Vedtaksrapportering

Avdelinga er sentral i arbeidet med oppfølging av helse- og omsorgsplanen. Vidare i saka om gul avdeling, der eigdomsavdelinga er saksansvarleg.

### Tenesterapportering

Smitte er ei aukande utfordring og det er vanskelig at vi ikkje har lokalitetar som er egna for dette. Eit nytt omsorgssenter må ta høgde for dette, men dette er fram i tid, og vi må finne kortsiktige løysingar som kan takast med i neste budsjetrullering.


Psykatri- og demensteamet er sårbart ved sjukefråvær fordi der liten stillingsressurs. Dette fører til at tenesta fell bort, eller vert berre delvis kompensert gjennom tilsyn frå heimesjukepleien.

### Avvik i kvalitetsloven :

Det er om lag ei dobling i avviksrapportering dette tertialet ! Dokumentasjon og systematisk evaluering av eiga drift er viktig. Resultatet skal gåast gjennom avdelingsvis, i tillegg til at ein ser samla på trendar i leiargruppa i pleie- og omsorg.

## HMS underkategoriar

Klikk for å sjå detaljar. Klikk igjen for å returnere.



### Tenestekapasitet:

Beleggsprosent	1 tertial	2 tertial	3tertial
Sjukeheimsplassar	99,78 %	97,78 %	94,3 %
Øyeblikkelig hjelp	16,5 %	17 %	22,9 %

For å kunne ta unna fortløpande frå sjukehuset er vi avhengig av å ha ein viss ledig kapasitet i sjukeheim. At den ser aukande ut mot slutten av året skyldast at vi har halde nede sengetalet på ei avdeling som eit alternativ til massiv ekstra innleige. Det er i perioder vanskelig å handtere for mange pasientar med utagering på ein plass.

Dei andre avdelingane har jamt fullt.

#### Øyeblikkelig hjelp døgn – Myrvåg omsorgsenter

Beleggsprosenten på øyeblikkeleg hjelp plassane er jamt aukande. Det er eit inntrykk at dei som bruker tilbodet er godt fornøgde. Tilbodet er dessverre midlertidig stengt. Barn, familie – og helseleiar stengte Ø-hjelp døgn plassane i vekene 50/2014 til og med veke 3/2015. Dette fordi det ikkje var mogleg å få til ein forsvarleg legedekning denne perioda. Pleie- og omsorgsleiar har i denne perioda disponert plassane til korttidsopphald.

### Avslag / klage

Det er gitt 19 avslag på teneste. Det er registrert 1 klage, som ikkje vart imøtekomen og er sendt fylkesmannen for vidare behandling.

### **Prosjektrapportering**

Avdelinga er med i eit fleirårig interkommunalt velferdsteknologiprojekt.

Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, fekk Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket tilbod om å vere med på prosjektet Akitivitetsvenn. Dette starter opp i 2015.

### **Lokalsamfunn**

Institusjonane har godt samarbeid med fleire frivillige aktørar. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med frivilligsentralen.

Eldrebolgen med gåturar frå begge omsorgssentra er eit svært positivt tiltak som fremjer folkehelse. I vinter vert gåturar erstatta med innetrim.

Lokalavisa har jamnleg innslag frå sjukeheimane, noko som er viktig for vere ein synleg del av lokalsamfunnet.



# BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

## Vedtaksrapportering

K-sak 36/14	Utlysning av konsesjon på BPA	Ikkje satt i verk per d.d. Må prioriterast av kommunal innkjøpar primo 2015.
-------------	-------------------------------	--

## Tenesterapportering

Bu- og habiliteringsavdelinga har siste tertial 2014 satt ekstra fokus på kvalitetsutvikling i høve helsefagleg dokumentasjon i fagprogrammet Gerica. I tillegg har vi fått fagleg påfyll i form av ekstern kompetanse i målretta miljøarbeid og særtraining. Spesialisthelsetenesta har også vore inne som vegleiarar i utfordrande situasjonar. Aukande sjukefråver og overtid i siste del av året. Trass dette har bu- og habiliteringsavdelinga eit samla positivt økonomisk overskot ved utgangen av året. Heilt i tråd med målsetninga.

### Avvik

Det er meldt 25 avvik i kvalitetslosen i perioden. Det er to færre enn 2.tertial, men likevel eit greitt tal som viser at dei tilsette har begynt å nytte avviksmodulen. I årsplanen hadde vi mål om at alle tilsette i 2014 skal melde minst 3 avvik. Vi har hatt totalt 74 meldte avvik i kvalitetslosen i 2014, slik at det målet har vi ikkje klart. Vi er likevel eit godt stykke på veg i forhold til å vere kritisk til eigne rutinar for å betre kvaliteten i tenesta.

Avvika som er meldt går i hovudsak på avvik knytt til medisinerutinar, eller brukarrelaterte hendingar. Forbetringar vert drøfta mellom anna på fagdagar og tiltak vert sett i verk lokalt, og deretter lukka av mellomleiarane.

### Enkeltvedtak (klient) i perioden 01.09.14 – 31.12.14: 84 saker

Sakene er fordelt slik:

Avlastning i institusjon: 6 saker  
Avlastning utanfor institusjon: 2 saker  
Praktisk bistand; daglege gjeremål: 24 saker  
Praktisk bistand; opplæring daglege gjeremål: 26 saker  
Praktisk bistand; dagtilbod: 6 saker  
Praktisk bistand: BPA: 0 saker  
Støttekontakt: 11 saker  
Omsorgsløn: 4 saker  
Individuell plan: 4 saker  
Vaksenopplæring: 1 sak

### **Avslag:**

4 avslag

### **Klage:**

1 klage

Klagen vart omgjort og imøtekomen. Ikkje sendt til fylkesmannen.

Øvrig:

Ingen eksterne tilsyn i perioden.

## **Prosjektrapportering**

Ikkje noko å melde

## **Lokalsamfunn**

Ny bustad i Toftestøvegen 11 er under arbeid. Bu- og habiliteringsavdelinga førebur seg til denne skal takast i bruk 1.april 2015. Leiaransvar for bustaden er på plass frå 1. januar for å sikre god overføring, oppbygging og kontinuitet i tenester og arbeidsplan for tilsette.

Herøy produksjon er no på Facebook! Noko som har ført til auka i sal i siste tertial.

# NAV HERØY

## **Organisasjon**

Ny rettleiar/sosionom starta 1. november 2014. Det har ikkje vore andre endringar i organisasjonen

## **Vedtaksrapportering**

Ingenting å rapportere

## **Tenesterapportering**

Det er ikkje rapportert avvik i 3. tertial. Det er ikkje motteke klager på tenestene i 3. tertial.

## **Prosjektrapportering**

Ingen nye prosjekt

Pågåande prosjekt: Samarbeid med Herøy vgs fortsettar

## **Lokalsamfunn**

NAV Herøy har over 80 registrerte bedriftskontaktar i 3. tertial. Dette omhandlar både bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar ute i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot, samt bistand ved permittering og nedbemanning.

# KULTURAVDELINGA

Ikkje noko rapportert.

# UTVIKLINGSAVDELINGA

## TENESTERAPPORTERING PR. 31.12.2014

### Byggesaker

Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

### SAKSOVERSIKT 2013

	Innk.sak.	Beh.sak.					SUM
År		Disp.sak	Delesak	Byggesak**	Klagesak	Andre *	
1.terts.	164	12	16	78	3	17	126
2.terts.	184	14	23	102	1	8	148
3.terts.	185	12	22	151	0	21	206
Sum 13	533	38	61	331	4	46	480

### SAKSOVERSIKT 2014

	Innk.sak.	Beh.sak.					SUM
År		Disp.sak	Delesak	Byggesak**	Klagesak	Andre *	
1.terts.	214	10	19	128	4	17	178
2.terts.	182	9	19	119	3	8	158
3.terts.	176	1	17	117	3	32	170
Sum 12	572	20	55	362	10	57	506

\* Konesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.



\*\*Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon\_byggesak

Statistikken viser at ein i 3. tertsial 2014 har behandla 170 saker og det har kome inn 176 saker i same periode.

### Behandlingstider

Den førte statistikken for 3. tertsial viser elles at (2 tertsial -14 i parentes):

- 100% (100 %) av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 80% (84%) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 13 veker




## Oppmåling

Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretninger fra 2002 og fram til i dag.


	1. tertsial	2. tertsial	3. tertsial	Heile året
Forretningar 2002	24	36	30	90
Forretningar 2003	32	28	18	78
Forretningar 2004	19	19	17	55
Forretningar 2005	33	22	36	91
Forretningar 2006	34	42	56	132
Forretningar 2007	44	31	35	110
Forretningar 2008	33	61	31	125
Forretningar 2009	54	29	27	110
Forretningar 2010	25	29	27	81
Forretningar 2011	25	25	48	98
Forretningar 2012	28	52	35	115
Forretningar 2013	36	38	36	110
Forretningar 2014	27	33	21	81

Pr 01.01.2015 er der 24 saker (19 i 2. tertsial 2014), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. 14 av sakene er under arbeid. Gjennomsnittleg behandlingstid i 3. tertsial 2014 er 11 veker (19 veker i 2. tertsial 2014).

**Ei vesentleg utfordring i siste tertsial er problem med tilgang til matrikkelen for ferdigstilling av saker. Heile 24 saker kunne vore avslutta i tillegg til dei sakene som er registrert i oversikta.**



## Heile året





# ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

## Generelt:

Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

## DRIFT:

### Førebygging av brann og ulykke (5061) (JNP)

#### Generelt:

Kommunen har om lag 75 brannobjekt med lovpålagt brannsyn. John Normann Pettersen er tilsett som leiar førebyggjande brannvern, og vil ta fatt i etterslepet knytt til tilsyn og opplæring. Ein vonar såleis å oppfylle kravet om tilsyn. Utanom lovpålagde tilsyn med brannobjekt vert det gjort eit godt førebyggjande arbeid. M.a. kan nemnast:

- årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen
- opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane) og personell i Eigedomsavdelinga
- "Brannvernveka" med open brannstasjon.
- deltaking på Redningsselskapet sitt arrangement "Forebyggjande seilas" - eit arrangement for å gi 6. klassingar (ca. 120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningsskøyta.

Hausten 2011 vart det starta forebyggjande forum på Ytre Søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannside. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt 2 årlege samlingar.

#### Avvik/manglar:

Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.

#### Løysing av avvik/mangel:

Det er no tilsett personell i full stilling, og tilsyn med "særskilde brannobjekt" har starta.

### Brann- og ulukkes beredskap (5061) (TL)

#### Generelt:

Tenesta omfattar brann- og ulukkes beredskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med mannskapsbil (brannbil) og 20 deltids brannmannskap tilknytt. Bi stasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkes beredskapen å vere rimeleg god. Brannvernet har hjartestartar og medisinsk oksygen i beredskapen. Den seinare tida

har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulansse). Dette vert det ikkje mindre av framover og brannvernet vil også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarde/lungeredning) aleine. Herøy brannvern har fått 2 oljeverntilhengarar som er stasjonert ved Myrvåg stasjon. På den eine hengaren er det ein boombag med 150 meter havlenser og på den andre oljevernhengaren er det 175 meter hamnelenser. Herøy brannvern er mellomdepot og skal via vår oljevernlager i Myrvåg også serve alle nabokommunane på Søre Sunnmøre og bistå i IUA aksjonar. Herøy brannvern fikk prøvt oljevernutstyret i ein stor oljevernøving 10. september 2014. Det var ein kommunal/IUA/Nofo aksjon der vi også hadde med mannskap frå Vanylven, Sande, Ulstein og Ørsta brannvern. Revidert brannordning vart politisk vedteken i Herøy kommunestyre i K-sak 31/14 den 27.03.14. Revidert brannordning legg opp til 5 delt brannvakt både på vaktlaget ved Fosnavåg stasjon og på tankbilsjåførane ved Myrvåg stasjon.

#### Avvik/manglar:

Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Ny tankbil/brannbil er bestilt og vert leverte våren 2015. Rekruttering til brannvernet er utfordrande. I 2015 går 2 av 5 befall av med pensjon. Krava til utdanning av befall er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell. Det vert satsa på opplæring av personell som alt er tilsette i brannvernet/kommunen. Herøy brannvern sendte inn søknad for 2 personar på Ber. 3 (befalskurs) og 1 søknad på brannførebyggjande kurs i 2015. Vi fikk berre tildelt reserveplassar for 2015 som igjen vil seie at vi tidlegast får kursplassar i 2016. Vi får difor store utfordringar med å dekke opp stillingar ved naturleg avgang.

Når Herøy brannvern får ny tankbil våren 2015 har brannvernet ingen brannstasjon å sette den i. Garasjen i Fristadbygget, der den gamle tankbilen står, har for lav takhøgde til at vi får inn ny tankbil. Løyving til bygging av ny brannstasjon i Myrvåg vart i budsjetthandsaminga flytta frå 2015 til 2016. Herøy brannvern må finne ei løysing for plassering av tankbilen vinteren 2015/2016. Vår/sommar/haust kan den stå i rubbhallen ved Fristadbygget, men pga. manglande isolering av bygget kan den ikkje stå der når temperaturen går under 0 grader.

Brannstasjonen i Myrvåg og i Fosnavåg manglar rein og skiten sone slik reglane for brannstasjonar vert framover. Fleire av våre nabobrannvern m.a. Ålesund brannvesen har fått pålegg om å bygge om brannstasjonen med rein og skiten sone. Dette er krav/pålegg som Herøy brannvern også vil få.

#### Løysing av avvik/mangel:

Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga/utvide beredskapen og til opplæring av mannskap og befall dei næraste åra.

#### **Feiing (5062) (TL)**

Generelt: Løysing av avvik/mangel:

Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 700 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Talet på abonnentar som ikkje får feiing pga. manglande tilrettelegging går ned kvart år. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

**Idrett (Ansvar 5125) (JRG)**Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turlysløype, Leikong kunstgrasbane, Munkvoll stadion på Moldtustranda og Heidbana på Bergsøya.

Generelt:

Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av desse. Brorparten av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Løpebaner på Havila stadion er i rimeleg god stand etter at nytt banedekke vart lagt for ein del år sidan. Merkinga viser derimot noko slitasje.

Avvik:

Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)**

Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein m.a. behov for anleggsgartnartenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller. M.o.t. beplantning er det og eit visst behov for utskifting og fornying.

Avvik:

Behovet for anleggsgartnartenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Hamner (5123) (JRG)**

Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:

Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leidarar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. I 2013 vart det kjøpt og installert nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein inngått ein formell driftsavtale med privat firma. Avtalen omfattar også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av

kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2015.

#### ISPS:

I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal mottok i 2012 ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

#### Hamneavgifter:

Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Sak om hamneforvaltning - Framlegg til forskrifter og regulativ med sikte på innføring av hamneavgifter i Herøy kommune, vart lagt fram for handsaming i Maritim og teknisk komite (MTK) i desember. Komiteen vedtok å legge framlegget ut til offentleg høyring med ein høyringsfrist på 10 veker.

#### Avvik:

1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved starumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.

#### Vegvedlikehald (5122) (JRG)

Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald av kommunale vegar.

#### Generelt:

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra inkludert asfaltering utført inneverande år, **er resterande veglengde for grusvegar omlag 9 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegar. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Dette medverkar til å vanskeleggjere vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Bereevna til ein del av dei kommunale vegane er av ein slik art at det for fleire strekningar vil vere påkrteva med forsterking før reasfaltering kan finne stad. Veggrøfter manglar i stor utstrekning.

#### Vintervedlikehald:

Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald.

Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.

Avvik:

1. Grøfting/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynthe forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegar

**Avlaup (kloakk) (5131) (FA)**

Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på **kommunalt** avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:

Ein har i dag 29 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget RA1 Kleiva (etablert i 2000), så vart RA 2 Klubben sett i drift torsdag 24 april 2014. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabiliteringar/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrmessige føresetnader for å betre tenesta:

Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegga RA1 Kleivaneset og RA2 Klubben, samt 25 pumpestasjonar pr. 31.12.2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for meir personell og opplæring både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett:

Vert å utføre etter kapasitet.

**Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)**

Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Neste tømerunde skal etter planen gjennomførast i slutten av 2016 for heile kommunen.

Avvik:

Ingen pr. i dag.

**Veg- og gatelys (5121) (FA)**

Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:

Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Samferdselsutvalget i Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde i møte den 25. april 2012 eit prinsippvedtak om å overta

veglysanlegg langs fylkesvegane der dei fram til no har gitt eit tilskot til drift og vedlikehold. **Dette vil medføre at kommunene vil site att med dei mest kostnadskrevjande veglysa langs fylkesvegane, utan å få ei krone i tilskudd for å drifte dei.** Der er løyvd 350 tusen til utbetring av veglysanlegg på Nerlandsøya i 2014. Evt. andre søknadar må settast på vent, inntil det ligg føre nye løyvingar. **Tussa utfører all nybygging, drift- og vedlikehald av veglys for kommunen. Firmaet har over tid hatt dårleg kapasitet og dette har medført forseinkingar av både utbygging, drift- og vedlikehald. Dette har igjen medført auka klager på sløkte veglys.**

Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnadar ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:

- **Sein utføring av nybygging, drift- og vedlikehaldsarbeid frå Tussa**
- Behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys
- Behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:

- **vurdere om anna firma enn Tussa kan utføre kommunen sitt behov for veglystenster**
- høgare prioritering av skogrydding
- dårlege veglyslinjer er med eiga løyving på kr. 350.000,- utskifta i 2014

#### **ANLEGGSPROSJEKT:**

**Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta**

Prosjektleiari/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon

Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato

Total løyving	kr. 4.100.000,-
Forbruk 2009	kr. 45.001,-
Forbruk 2010	kr. 85.926,-
Forbruk 2012	kr. 19.412,-
Forbruk 2013	kr. 2.445.531,-
Forbruk 2014	kr. 964.269,-
Rest løyving	kr. 539.861

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013  
Ferdig: Våren 2014. Dei fleste av tomtene er solgt.  
Forventa totalkostnad: Omlag 3,5 mill. inkl. riving av skulen.  
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.  
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Økonomisk avslutning står att.

Avvik: Ingen.

### **Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge**

Prosjektleder/ansvarleg: Fred Arnesen

#### Grunnlagsdokumentasjon:

Vedtak om at kommunen skal sørge for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge vart gjort i F-sak 235/12.

Løyving/storleik på løyving: Ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

#### Status pr.dato:

Anleggsstatus: Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013. Anlegget er ferdig utbygd.

#### Anbud:

Pumpestasjon:	kr. 476.075,-
Rør og deler:	kr. 501.948,-
<u>Maskinentreprenør:</u>	<u>kr.2.199.204,-</u>
<u>Sum</u>	<u>kr.3.177.227,-</u>

#### Forbruk:

2013	kr. 115.875,-
<u>2014</u>	<u>kr.4.742.207,-</u>
<u>Sum</u>	<u>kr.4.858.082,-</u>

#### Avvik:

Det er snart klart for økonomisk avslutning av anlegget. Herøy vasslag BA og Tussa nett AS, vil då få faktura frå Herøy kommune i forhold til deira part i grøfta.

#### Kommentarar:

Anleggsarbeid oppstarta: Februar 2014  
Forventa ferdigstilling: Juni 2014  
Forventa totalkostnad: Ca 3.100.000,-  
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

### **Prosjektnr./namn: 51119/ Rassikring Vikane**

Etter nedfall av fjellblokk i 2007 vart det av konsulent gjort ei vurdering av skredfare/ sikringsbehov med forslag til tiltak. Sikring vart anbefalt løyst ved opparbeiding av fanggrøft. Arbeidet med opparbeiding av fanggrøft langs fjellfoten vart lyst ut på anbud. Utfrå

kostnadene i motteke anbud og nærmare vurdering av tekniske utfordringar som anbefalt løysing innebar, fann ein det nødvendig å foreta ny vurdering av geologar m.t.p. om det kunne vere andre eigna sikringsmetoder. I denne samanheng har fjellsikringsteam gått over det aktuelle fjellområdet og kartlagt tilstanden på fjellet/ sikringsbehovet. Tilhøva viser seg å vere langt verre enn det ein tidlegare hadde grunn til å tru.

Det er løyvd 2 mill. kr til sikringsarbeidet. Kostnadene med ei sikring slik tilhøva no framstår, vil bli svært store og er no estimert til ein kostnad på minst 4 mill. Denne saka har blitt mykje meir omfattande og komplisert enn det ein hadde føresetnader til å sjå føre seg i utgangspunktet. M.a. ved at geologar og anna ekspertise ikkje kan gi noko garantiar på at gjennomføring av planlagt sikringsarbeid vil medføre sikre tilhøve for fleire eigedomar i området. Det er gjennomført møte med grunneigarane og Kommunens sentralforbund(KS) har hatt saka til juridisk vurdering av kva ansvar kommunen evt. har i saka. NVE har blitt informert om status i saka. Ein har no motteke svar frå grunneigarane på korleis dei vurderer saka. Det må gjerast nye vurderingar av korleis kommunen skal forhalde seg til saka vidare. I samband med budsjettet for 2015 er det vedteke at tidlegare løyving til prosjektet ikkje vert vidareført. Ved evt. kommunal kostnad med prosjektet må det såleis gjerast ny løyving.

### **Sikring av Myrabekken på Moltustranda**

NVE utarbeidde i sin tid planer for sikring av Myrabekken på Moltustranda. NVE har vedteke å dekke inntil 80% av kostnadene medan Herøy kommune har forplikta seg til ein eigenandel på 20%. NVE har på førespurnad opplyst at dette prosjektet no ligg i budsjettkø. Ein kan ikkje seie med sikkerheit kva tid det kjem til utførelse.

### **Prosjektnummer/namn: 51938/Ny bru til Herøy gard**

Prosjektleder/ansvarleg:

### **Grunnlagsdokumentasjon**

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

### **Status pr. dato**

Som følge av usemje med Statens vegvesen, i tillegg dårleg tilstand på brukonstruksjonen så har ein beslutta å skrinlegge planane med gjenbruk av gamle VAD bru. Statens vegvesen fjerner konstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset for eiga rekning.

### **Ein lyt vidare sjå på alternative løysningar med ny bru-konstruksjon. Prosjektert vegtrase lyt behaldast i vidare planlegging og prosjektering.**

I samband med handsaminga av budsjettet for 2015 er det vedteke at tidlegare løyving, bortsett frå kr. 500.000 til planlegging, vert trekt attende.

### **Økonomi:**

Løyving 2012	3 mill
Forbruk 2005-2014	70.000,-
Redusert tidlegare løyving	-2.430.000,-



Resterande løyving til planlegging pr. 01.01.2015	500.000,-
---	-----------

#### Kommentarar

Avvik: Uklårt.  
Forventa ferdigstilling: Uklårt.  
Forventa totalkostnad: Uklårt  
Behov løyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

#### **Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.**

Prosjektleder/ansvarleg: John Normann Pettersen

#### Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

#### Løyving/storleik på løyving

I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

#### Status pr. dato

Restarbeider utført sumaren 2014. Klar for økonomisk avslutning.

#### Økonomi:

Prosjektrammer:	kr. 3.808.445,-
Forbruk 2005-2014:	kr. 3.540.000,-
Mindreforbruk:	kr. 268.445,-

Samla prosjektrammer inkl løyvingar frå kloakkrammeplanen: kr 3.808.445,-

Samla forbruk pr dato: kr 3.540.000,-

#### Kommentarar

- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider, mellom anna på tilstøytande eigedomar og friområde.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilt.
- Forventa totalkostnad: kr 3.540.000,-
- Behov for ekstraløyving:

#### **Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia**

Prosjektleder/-ansvarleg: Tore Langvatn

#### Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.

Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

#### Status pr. dato

Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Støttemur i enden av vegen, på snuplassen, vart gjort ferdig i desember 2014, men asfaltering kan først skje våren 2015.

Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:

Totalt budsjett: kr 2.800.000,-

Forbruk til no kr -2.600.000,-

Rest budsjett kr 200.000,-

Avvik

Skøyte på eideomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2015

Forventa totalkostnad: 2.800.000,-

Behov for ekstraløyving: Ingen

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggest fram for godkjenning.

Prosjektnr./namn: 51003 og 51011/Parkeringsareal bak rådhuset/Næringstiltak

Prosjektleder-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagdokumentasjon

Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato

Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg. Det er ikkje formålstenleg å asfaltere arealet då det er innregulert bygg på området.

Løyving /Forbruk:

Løyving 2011(overført til 2012)	kr. 1.000.000,-
Forbruk 2012	kr. 506.171,-
Forbruk 2013	kr. 513.354,-
<b>Meirforbruk</b>	<b>kr. 19.525,-</b>

Alle beløp inkl. mva.

Avvik: Prosjektet har vore gjennomført på rammeavtale med entreprenør. Kostnaden har vorte høgare enn forventa og høgare enn det som kjem inn under reglane for bruk av rammeavtale. Bruk av rammeavtale tilseier at totalkostnad kan vere inntil 500.000 kroner eks. mva. I dette tilfellet vart summen omlag 800.000 kroner eks.mva. Meirforbruk ut over løyving etter at alle arbeid er gjort er kr. 19.525,-.

### Kommentarar

Det er beklageleg at kostanden vart høgere enn føresette og at reglane for rammeavtalen vart overskriden med omlag 300.000 kroner. Ein vil innskjerpe rutinane med sikte på å unngå dette for ettertida.

### **Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

#### Bakgrunn

Delprosjekt i kloakkrammeplanen og består av separering av avlaups- og overvassleidningar i Moltubakkane og ny avskjærande leidning for å samle det pr. i dag ureinsa utsleppa i ein slamskillar med ny sjøleidning. Tiltaket er særskild viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

#### Status pr. dato

- Separering i Moltubakkane er utført.
- Ny avskjærande leidning ved sentrum på Moltu er planlagt.
- Avtalar med grunneigarane langs planlagd trasé er no inngått.
- Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt.
- I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass.
- Arbeida er oppstarta.

#### Framdrift for prosjektet:

Sidan førre rapportering har arbeida starta. Forventa ferdigstilling er første halvår 2015.

#### Prosjektregnskap

Sum forbruk	kr 1.074.650
-------------	--------------

#### Avvik:

Uføresett store utfordringar med grunnavtalar som har ført til omprosjektering av delar av tiltaket.

#### Kommentarar

Planlagt oppstart: 2014

Forventa totalkostnad: om lag 8 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

### **Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene Huldal

#### Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg for avlaup i på Klubben friområde på Bergsøya. Alt avlaupsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen skal samlast og førast til anlegget for reinsing.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

#### Status pr. dato

Anlegget er satt i drift og det gjenstår mindre arbeid for ferdigstilling.

Totalt forbruk	kr 18.135.841
----------------	---------------

Avvik: Grunnarbeida var noko forsinkande for prosjektet.

Kommentarer:

Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.

Forventa ferdigstilling: 2015

Forventa totalkostnad: Omlag 18,5 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. dags dato

**Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:

Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggjast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

Spelemidler	kr 2.500.000
RDA-midler	kr 1.000.000
Dugnad	kr 50.000
Bergsøy IL	kr 5.226.000
Refusjon mva. til prosjektet	kr 2.194.000
Totalt	kr 10.970.000

Status pr. dagsdato:

Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko opprettingsarbeid.

Prosjektregnskap

Forventa totalkostnad (eks mva)	kr 8.776.000
Sum forbruk	kr 7.567.904
Rest	kr 1.208.096

Kommentarer

Forventa ferdigstilling: 2014

Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn: 51200 Kunstgrasbane Leikong**

**Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**

Grunnlagsdokumentasjon:

Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet

og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

Forventa totalkostnad (eks. mva)	kr 2.686.300
Forbruk 2011	kr 10.000
Forbruk 2012	kr 746.087
Forbruk 2013	kr 1.488.471
Forbruk 2014	kr 325.445
Totalt forbruk	kr 2.570.003
Rest	kr 116.267

#### Kommentarar

Framdrift:Arbeida er avslutta og banen er teken i bruk, restutbetalingar og økonomisk avslutning gjenstår.

Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan slutttoppgjer ikkje er ferdigstilt, er det ikkje avklart om det er naudsynt med ekstra løyving.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: ingen

#### **Prosjektnr/namn: 51350/Vegarm Myklebust-Campus**

**Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**

#### Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar bygging av komplett veg frå Myklebust til Campus. Det er gjort vedtak i samferdselsutvalet ved fylket 5.9.2012 om at prosjektet kan realiserast i samråd med Møre og Romsdal fylke og Statens vegvesen og at kostnadane vert å rekne som del av kommunen sitt bidrag til realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg.

#### Status pr. dato

Anbudskonkurranse er avslutta og prosjektet er fullfinansiert. Det er no sendt ut nabovarsel og dei fysiske arbeida vert starta når igongsetjingsløyve ligg føre.

Løyving (RDA)	10.000.000 kr
Forbruk	4.738.721 kr
Rest løyving	5.2612.79kr

#### Kommentarar

Forventa ferdigstilling: Første halvår 2015

Forventa totalkostnad: 21 mill kr

#### **Prosjektnr/namn: 51361/Avlaup Almenningskaia**

**Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**

#### Grunnlagsdokumentasjon

Det må byggast ut avlaupsnett på Almenningskaia i Fosnavåg som mellom anna nytt hotell skal koplast til.

### Status

Arbeida med avlaupsanlegg er omtrent ferdigstilte, mindre tilstelling gjenstår og må sjåast i samanheng med generell opparbeiding på Almenningen (Prosjekt nr. 51405).

### Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Forbruk	3.202.180kr
---------	-------------

Prosjektet er oppstarta veke 20 2014.

Forventa ferdigstilling: 3. kvartal 2014.

Forventa totalkostnad: 3 mill kr

### **Prosjektnr/namn: 51304/Kai i Fosnavåg**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

### Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar riving av eksisterande kai foran "Strandteigen", fylling i sjø og bygging av ny kai på omlag 5x39m. Kai skal fungere som trasè for utrykkingskjøretøy og er ein del av promenaden langs sjøkanten i Fosnavåg.

### Status pr. dato

Kontrakt er inngått og arbeida starta veke 20 2014.

### Avvik:

Det er avdekkta større djupner og meir forureina grunn enn først antekte som fører til konsekvensar for økonomi og framdrift. Uforutsettposten dekkjer noko av dei auka kostnadane, men ikkje alt. Det er ikkje utbetalt slutttoppgjer endå, og noko av kostandane må førast på kloakkrammeplanen.

Det er ei reklamasjonssak på dekket, dette vert lagt på ny til våren.

Løyving	3.884.000 kr
Forbruk	3.702.326 kr
Rest løyving	181.674kr

### Kommentarar:

Forventa ferdigstilling: Første halvår 2015

Forventa totalkostnad: 3.884.000kr

Behov for ekstraløyving: Ikkje pr. dag dato, det er venta noko ekstrakostnad pga. auka djupter og grunnforhold.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

### **Prosjektnr/namn: 51405/Opparbeiding Almenningen Ytre**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

### Grunnlagsdokumentasjon

Etter utbygging av hotell/konsertsal/simulatorsenter er det naudsynt med tiltak på Almenningsskaien for m.a. å stengje av ein trasé for å sikre tilkomst for utrykkingskjøretøy og lasting/lossing av båtar på kai. Vidare omfattar prosjektet m.a. naudsynt ledelinje for å binde saman området ved hotellet med Almenningstorget.

### Status pr. dato

Konsulent er engasjert for å finne ein god utnyttelse av kaiarealet.

Løyving	1.500.000 kr
Forbruk	169.463 kr
Rest løyving	1.330.537 kr

Kommentarar:

Forventa ferdigstilling: 2015

Forventa totalkostnad: 1.500.000kr

Behov for ekstraløyving: Ikkje pr. dag dato.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

**Utbyggingsavtalar**

Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

Nr	Part	Område	Utlyst oppstart	Starta forhandling	Off. ettersyn	Vedteken avtale	Anlegg overtatt av HK
1	Kvalsund og Teige Byggefelt AS	Kvalsund og Teige byggefelt	x	x	Juni 2009	22.10.2009	
2	Nordic Resort Holding AS	Torvik resort	x				
3	Havutsikta AS	Havutsikta - Koparstad	x	x			
4	Herøy byggsenter + Direktehandel AS	Myrvåg	x				
5	Myklebuståsen utbygging AS	Myklebuståsen	x	x			
6	Tømrer Prosjekt AS	Hjelmeset 4	x				
7	Fosnavåg Vekst AS	Uteområde/ infrastruktur ved nyehotellet	x	x	juni-aug 2013	30.1.2014	
8	Vågsholmen Utvikling AS	Vågsholmen	x	x	juni-aug 2014	Sak i januar 2015	
9	BT Utbygging AS	Tovågen	x	x	Februar 2014	24.4.2014	

## BYGGEPROSJEKT:

**Prosjektnr/namn: 51402/Myrvåg omsorgssenter, ombygging av tak (totalentreprise)**

Prosjektleder/ansvarleg: Rolf-Henning Skrede Hide.

### Grunnlagsdokumentasjon

På oppdrag frå Eigendomsavdelinga skal taket på Myrvåg omsorgssenter ombyggast. Dette på grunn av vasslekkasjer, kondensprobleme og påfølgjande ising i vinterhalvåret.

Total løyving	Kr 5.900.000,-
Forbruk til d.d	Kr 3.866.760,-
Rest løyving	Kr 2.033.240,-

Status pr. dato: Entreprenør har hatt god framdrift på arbeidet og er pr. dags dato i rute med sitt arbeid.

Avvik: Det har dukka opp uforutsette ting i forbindelse med arbeidet, som har direkte innvirkning på brannsikkerheit ved omsorgssenteret. Dette vil medføre ekstraavgifter og det er forventa at ein får ein kostnadsprekk på prosjektet. Det er i skrivande stund ikkje klart kor stort beløp det her dreier seg om.

Forventa totalkostnad: 5.900.000,-  
Forventa oppstart: November 2014  
Forventa ferdigstilling: Februar 2015

**Prosjektnr/namn: 51102/ Toftestøvegen 11 (totalentreprise)**

Prosjektleder/ ansvarleg: Rolf-Henning S. Hide

### Grunnlagsdokumentasjon:

I 2011-budsjettet vart det løyvd 750.000 kroner til planlegging. Forbruket i 2011 var 70.000 kroner. I 2012-budsjettet vart det løyvd 9,25 mill. kroner til prosjektet. Av dette vart det brukt 240.000 kroner til planlegging. Resterande del av løyvingane i 2011 og 2012 vart ikkje vidareførte/overførte til nytt budsjettår. Det er i budsjettet for 2013 avsett 9,15 mill. kroner til prosjektet. I tillegg kjem ekstraløyving i 2013 på 6.150.000,-.

Total løyving	Kr 15.610.000,-
Forbruk til d.d	Kr 11.808.600,-
Rest løyving	Kr 3.801.400,-

Status pr. dato:

Entreprenør har pr. d.d. kontroll på framdrifta. det har ikkje dukka opp noko som skulle tilseie forsinkingar av noko slag. Økonomien i prosjektet byr derimot på enkelte utfordringar.



Pengane avsett i budsjett til ekstrautgifter er snart oppbrukte og då har vi ikkje starta å betale ut ekstraleveransane til entreprenøren. Det vil være behov for ei ekstraløyving. Det er på noværande tidspunkt vanskeleg å talfeste dette nærare.

Oppstart byggjearbeid: 01.04.2014

Overtaking: 01.04.2015

**Prosjektnummer/-namn: 51312 Havila Stadion tribunetak**

Prosjektleder/-ansvarleg: Roger Myklebust

**Økonomi/løyvingar:**

Herøy kommunestyre har i møte den 20.12. 2011 under K-sak 196/11 vedteke støtte til Bergsøy IL i samband med m.a. overbygging av tribune på stadion samt å vere utbygger for desse arbeida. I samband med budsjettet for 2014 vart det difor under K-sak 168/13 løyvd 2.500.000 til dette formålet.

Etter innhenting av tilbod vart imidlertid prisen på arbeida 5.408.858. Saka vart difor framlagt for kommunestyre på nytt den 26.09.14 under K-sak 116/14, der det vart gjort vedtak om at dette vart løyst som eit "spleiselag", basert på slik finansiering:

Tak over tribune, total kostnad:	5.408.858,-	
Herøy kommune:	2.500.000 (K-sak 168/13)	
Herøy kommune:	0.250.000 (K-sak 116/14)	2.750.000,-
<u>Bergsøy Idrettslag sin andel:</u>	<u>2.658.858,-</u>	

Bergsøy Idrettslag har hatt ekstraordinært årsmøte i samband med denne saka den 29.09.14, og godkjent slik finansiering:

Lånopptak: 2.000.000,-  
Egne midlar: 0.361.208,-  
 Tils: 2.361.208,-

Ikkje bestilt bakvegg (opsjon m/entreprenør) 0.297.650,-  
Tils: 2.658.858,-

Ei samanhending av desse handsamingane inneber at det er lagt opp til slik finansiering og gjennomføring av arbeida med tak over tribune:

Arbeid	Herøy kommune	Bergsøy Idrettslag	Total kostnad
Tak over tribune	2.500.000,- (Ksak 168/13) <u>0.250.000,- (K-sak 116/14)</u>		2.750.000,-
		02.658.858,- <u>-0.297.650,- (opsjon utgår)</u>	<u>2.361.208,-</u> 5.111.208,-

Status:

Det er ingått kontrakt med entreprenør Christie & Opsahl om utføring av arbeida som er oppstarta, og vil vere ferdige i løpet av mars 2015.

**Prosjektnummer/-namn: 61502 Omsorgsbustader og base heimetenesta**  
Prosjektleder/-ansvarleg: Roger Myklebust

#### Grunnlagsdokumentasjon

Løyving/storleik på løyving:

K-sak 168/13: 00.300.000,-

K-sak 166/14: 40.000.000,-

#### Status:

Funksjon og arealanalyse er utarbeidd for prosjektet, tomteval og kalkyle og denne er godkjent i kommunestyret i møte de 19.06 under K-sak 83/14. I forkant av denne handsaminga har saka og vore i plan og byggenemnda (02.06.14), arbeidsmiljøutvalet (02.06.14) og formannskapet (10.06.14).

Planane inneber elles følgjande:

- prosjektet vert oppført ved Herøy omsorgssenter, blå avd.
- prosjektet vert oppført med inntil 16 bueiningar og base for heimetenesta

Saka har etter dette vore handsama i plan og byggenemnda den 26.09.14 under sak nr. 13/14 i samband med oppstarting av prosjektet. Fleire forhold som alt er under arbeid, og vil kunne påverke framdrifta i det vidare arbeidet med prosjektet er:

- private eigarforhold i området
- omlegging leidningar/kabler
- regulering i området

I tillegg så vil det verte eit samarbeid med Husbanken i samband med tilbodshandsaminga når det gjeld m.a. utforminga av prosjektet. Dette ettersom det er lagt opp til at dei inngår i finansieringa av prosjektet.

#### Framdrift:

Dette prosjektet har samband med ei tilsynsak fylkesmannen har hatt ved Herøy omsorgssenter/gul avd, og det er i samband med dette kravd at det nye tilbodet i kommunen er realisert og sett i drift innan 31.12 2016.

Det er i tråd med denne tidsramma lagt opp til slik framdrift for prosjektet:

- februar d.å. tilbodsgrunnlag godkjenning og kunngjering
- mars d.å. oppstartingsmøte m/entreprenør
- april tilbodsfrist
- mai/juni tilbodshandsaming
- juli/august oppstart byggearbeid

- oktober/nov 2016 ferdigstilling entreprenør
- 01.01.2017 driftsklare bustader og base
- 2017 rivingsarbeid på området

**Prosjektnummer/namn: 51303/Tilbygg Helsesenter.**

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon:

Kommunestyret handsama sak vedr prosjektrammer i K-sak 155/10.

Status pr. dato:

Tilbygget vart overlevert til Herøy kommune den 27.11.2013. Ikkje registrert gjenstående arbeider knytt til kontrakta med totalentreprenøren.

Uforutsette tiltak og kostnader med ombygging av helsesenteret er påløpt prosjektet. Bygningsmessige og tekniske tiltak er utført på del tilhøyrande helsesøster. Noko ombygging av del i tilknytning til PO vart utført våren 2014. Dette er naudsynte tiltak for tilrettelegging etter omstrukturering av tjenestene.

Økonomisk avslutning pågår.

Tilbod/Prosjektkostnad:

Basert på tilbodet frå Prosjektbygg AS, blir nye kostnadsrammer som følgjer:

Tilbodssum inkl mva:	19.849.130,-
Inventar og utstyr:	00.750.000,-
Prosjektoppfølgjing:	00.400.000,-
Reservepost:	00.600.000,-
<b>Til saman:</b>	<b>21.600.000,-</b>

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

Prosjektløyvingar:	21,6 mill
Forbruk:	23,1 mill
Meirforbruk:	1,5 mill

Meirforbruk kjem primært som følgje av:

1. Bygningsmessige og tekniske endringar (full utbygging 2 etg)
1. Uforutsett høge kostnadar knytt til IKT, inventar og reinhald.
2. Prisstigning.

Spesifisert oversikt over meirforbruket vil kome fram i sak om økonomisk avslutning,

#### Kommentarar

-Avvik: Økonomiske avvik er som følgje av: Indeksregulert prisstigning og full utbygging av "disponibelt" areal i 2 etg med fleire kontorarbeidsplassar. I tillegg kjem også møblering av nye kontor utover opphavsleg budsjett.

- Forventa totalkostnad:

- Behov for ekstraløyving: Ja

- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilt desember 2013.

#### **Prosjektnr. -namn: 51305 / Ny barnehage - Indre Herøy**

Prosjektleder/-ansvarleg:

Med bakgrunn i at det i budsjettet var avsett planleggingsmidlar til dette prosjektet vart det vinteren/våren 2013/2014 utarbeidd eit forprosjekt med tilhøyrande kostnadskalkyle. Sak vedkomande godkjenning av forprosjekt vart lagt fram for Kommunestyret i K-sak 98/14 den 28.08.2014 der det vart gjort følgjande vedtak. Sitat:

**"Før ein tek stilling til utbygging som skissert i saksutgreiinga ber ein administrasjonen om følgjande:**

- 1. Legge fram forslag om andre utbyggingsalternativ som inkluderer barnehagefagleg tilbod på Leikong. 2 representantar frå komite for oppvekst skal delta av planarbeidet.**
- 2. Utreie kost/nytteanalyse på dei aktuelle alternativa, inklusive konsekvens for utbetaling til private barnehagar.**
- 3. Utreiingane i pkt. 1 og 2 skal foreleggast for kommunestyret seinast til møtet i februar 2015 og før framlegging for kommunestyret skal saka behandlast i Komite for oppvekst."**

#### Status og vidare framdrift:

Det er ikkje avsett midlar til prosjektet i 2015, men det er i økonomiplanen for 2016 budsjettet med 20 mill. kroner. Prosjektet er mellombels stilt i bero til utgreiinga ovanfor er politisk handsama og det evt. vert avsett midlar til vidare arbeid.

#### **Prosjektnr/namn: 51403/Ny brannstasjon Myrvåg**

Prosjektleder/ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagdokumentasjon

K-sak 168/13                      0.500.000 (2014 budsjettet)  
   0.200.000 (2015 budsjettet)

I 2014 budsjettet var det løyvd kr 500.000,- til planlegging av brannstasjonar indre og ytre Herøy. I budsjettet for 2015 er det vedteke at løyvinga til brannstasjon ytre Herøy skal gå ut. Løyvinga til indre Herøy brannstasjon vert vidareført med kr 200.000,- i 2015.

Total løyving 2014	Kr 500.000,-
Forbruk 2014	Kr 17.978,-
Del av 2014 løyving trekt attende	Kr 282.022,-
Overført løyving til 2015	Kr 200.000,-

I økomiplanen for 2016 er det budsjettert med 11,5 mill. kroner til prosjektet.

#### Status pr. 31.12.2014

Det er gjort vedtak om tomt til brannstasjon Myrvåg. På den valgte tomta er det gjort grunnundersøkingar for å få eit prisestimat på grunnarbeid.

Ved handsaming av K-sak 129/14 den 30.10.2014 vedk. funksjons- og arealanalysen for brannstasjon i Myrvåg vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for ny brannstasjon i Myrvåg.**
- 2. Prosjektet lyt finansierast gjennom dei årlege budsjettprosessane.**
- 3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.**
- 4. Kommunestyret ber om at det vert teke kontakt med nabokommunane for å få utgreidd eit felles brannvern i regionen.**

#### Framdrift

Vedtaket ovanfor må følgast opp og dei ulike punkta avklarast før det vert utarbeidd ei skisseteikning basert på funksjons- og arealanalysen. Målsettinga må vere å få gjort dette i løpet av 2015.

# EIGEDOMSAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Avdelinga har hatt stort sjukefråvær i staben siste tertial. Dette har auka belastninga på gjenværande personale i staben, forseinka framdrifta for ei rekke prosjekt og redusert kvaliteten på det arbeid som er utført.

## 2. VEDTAKSRAPPORTERING

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret i 2014:

<b>K-sak 130/14</b>	<b>Ytre Herøy ungdomsskule - oppgradering av ventilasjonsanlegg - andre alternativ</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kommunestyret ber rådmannen om å fremme forslag til plan for totalrehabilitering av Ytre Herøy ungdomsskule – byggetrinn 1.</li><li>2. Plan for totalrehabilitering må sjåast i samanheng med plan for utbygging av ny barneskule for Bergsøy.</li><li>3. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i budsjett 2015.</li><li>4. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje plan for totalrehabilitering i løpet av fyrste halvår 2015.</li></ol>
<b>Status</b>	Kommunestyret vedtok i K-sak 166/14 å løyve kr. 500 000 i planleggingsmidlar i 2017. Eigedomsavdelinga gjennomfører inneklimateundersøkingar ved skulen og vil deretter orientere oppvekstkomiteen om resultatane i eiga sak.

<b>K-sak 129/14</b>	<b>Ny brannstasjon i Myrvåg</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for ny brannstasjon i Myrvåg.</li><li>2. Prosjektet lyt finansierast gjennom dei årlege budsjettprosessane.</li><li>3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.</li><li>4. Kommunestyret ber om at det vert teke kontakt med nabokommunane for å få utgreidd eit felles brannvern i regionen.</li></ol>
<b>Status</b>	Kommunestyret vedtok i K-sak 166/14 å løyve kr. 11,5 mill. i investeringsmidlar i 2016. Det vert fremma eiga sak i løpet av 2015/T1 vedrørande gjennomføringsmodell

for prosjektet.

**K-sak 128/14 Ny barneskule på Bergsøy - godkjenning av funksjons- og arealanalyse**

- Vedtak**
1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for ny barneskule på Bergsøy.
  2. Løyving av planleggingsmidlar og finansiering av byggeprosjektet må vurderast i samband med budsjett- og økonomiplan for 2015-2019.
  3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

**Status** Kommunestyret vedtok i K-sak 166/14 å løyve kr. 2 mill. i planleggingsmidlar i 2017. Saka er stilt i bero og vert teke ut av vedtaksrapporten for 2015/T1.

**K-sak 127/14 Moltu skule - ventilasjon/brannsikring**

- Vedtak**
1. Herøy kommunestyre tek til vitande at den branntekniske tilstandsrapporten medfører kostnadsauke på ventilasjonsprosjektet som ligg vesentleg over budsjetterte midlar.
  2. Herøy kommunestyre gir mandat til komité for oppvekst å avklare kva alternative løysingar som er mest tenleg for Herøy kommune:
    - a. Gjennomføring av prosjektet, brannsikring inkludert
    - b. Fortsatt drift utan ventilasjon og brannsikring
    - c. Andre tekniske løysingar
  3. Nye løyvingar og finansieringsplan må vurderast i samband med budsjett/økonomiplan. Målingar og andre tiltak som kan betre kvaliteten må utgreiast.

**Status** Kommunestyret løyvde i K-sak 166/14 kr. 500 000 i planleggingsmidlar. Eigedomsavdelinga gjennomfører inneklimaundersøkingar ved skulen og vil deretter orientere oppvekstkomiteen om resultatata i eiga sak.

**K-sak 117/14 Utleige av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 til Fosnavåg Parkering AS**

- Vedtak**
1. Kommunestyret godkjenner leigeavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Parkering AS for gnr. 34 bnr. 237 snr. 4.
  2. Ordføraren får fullmakt til å signere leigeavtalen.

**Status** Leigeavtalen er ferdigstilt, men ikkje signert av partane då det må gjerast ei mindre endring i avtaleteksten av om syn til meirverdiregelverket.

**K-sak 103/14 Lokalisering av omsorgssenter for Herøy**

<b>Vedtak</b>	<p>1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbudet i Herøy kommune.</p> <p>2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.</p>
---------------	--

**Status** Arbeidet vert organisert og leia av helse- og omsorgskomiteen.

**K-sak 98/14 Ny barnehage i indre Herøy - forprosjekt**

**Vedtak** Før ein tek stilling til utbygging som skissert i saksutgreiinga ber ein administrasjonen om fylgjande:

1. Legge fram forslag om andre utbyggingsalternativ som inkluderer barnehagefagleg tilbod på Leikong. 2 representantar frå komite for oppvekst skal delta i planarbeidet.
2. Utgreie kost/nytteanalyse på dei aktuelle alternativa, inklusive konsekvens for utbetaling til private barnehagar.
3. Utgreiingane i pkt. 1 og 2 skal foreleggast for kommunestyret seinast til møtet i februar 2015 og før framlegging for kommunestyret skal saka behandlast i Komite for oppvekst.

**Status** Oppvekstkomiteen har valgt 2 representantar til å delta i arbeidsgruppe saman med eigedomsavdelinga og barnehageavdelinga. Arbeidsgruppa har gjennomført møter med samarbeidsutvala ved Moltu barnehage, Leikong barnehage og Myrsnipa barnehage. Vidare framdrift avklarast innan januar 2015.

**K-sak 88/14 Kommunedelplan bustadsosialt arbeid - val av 2 representantar til arbeidsgruppa**

**Vedtak** Representantar til arbeidsgruppe for planarbeidet med kommunedelplan bustadsosialt arbeid, vert valde:  
Fred Hansen  
Ole Brubakk

**Status** Utkast til kommunedelplan for bustadpolitikk er under ferdigstilling. Utlegging til offentleg ettersyn innan 2015/T1.

**K-sak 83/14 Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon - funksjons- og arealanalyse**

**Vedtak** 1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon slik:

- a. Prosjektet vert bygd ut på kommunens eigedom ved Herøy omsorgssenter, blå avdeling.
- b. Prosjektet vert utvida med inntil 16 bueiningar og naudsynt fellesareal.



c. Prosjektet vert utvida til også å omfatte base for heimetenesta.

2. Kommunestyret vedtek riving av Sjukeheimsvegen 5 b. Riving skal gjennomførast så snart nye omsorgsbustadar er overteke til ordinær drift og lyt finansierast over det aktuelle års budsjett.

3. Plan- og byggenemda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

**Status** Prosjektet er overført til anlegg- og driftsavdelinga for vidare oppfølging. Eigedomsavdelinga samarbeider med utviklingsavdelinga om eventuelt grunnverv i området.

**K-sak 79/14 Godkjenning av låneopptak i Husbanken - startlån 2014**

**Vedtak** Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 5 mill., til vidare utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.

**Status** Startlån er utbetalt til Herøy kommune frå Husbanken, som omsøkt og vedtatt.

**K-sak 73/14 Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapan for 2013**

**Vedtak** Det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2013 på kr. 5.388.861,74 vert brukt slik:

1. Ekstra løyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar kr. 1.000.000,-.
2. Styrke vedlikehaldsbudsjettet med kr. 750.000,- med prioritet Nerlandsøy, Moltu og Leikanger skular.
3. Resterande beløp kr. 3.638.861,74 til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

**Status** Ad vedtakspunkt 1 b:  
Nerlandsøy skule - utvendig maling er ferdigstilt.

Leikong skule - Eigedomsavdelinga har inngått med Flexi-Tak AS om utbetring av taket på mellombygget mot grendahuset. Tiltaket er ikkje gjennomført grunna værforholda. Avdelinga har også inngått kontrakt med Bygg og System AS om utskifting av vindu på administrasjonsbygget. Tiltaket er ikkje gjennomført då produksjonen er flytta. Vindu vert difor ikkje levert før i vinterferien 2015. Mindre renoveringsarbeid i administrasjonsfløya er gjennomført.

Moltu skule - utbetring av gavlvegg mot vest samt utbetring tak over mellombygg mot gymsal er ikkje gjennomført.

**K-sak 60/14 Kjøp av parkeringsplassar**

<b>Vedtak</b>	<p>Kommunestyret vedtar at Herøy kommune kjøper seksjon 4, parkeringsdekke U1, av Fosnavåg Parkering AS for kr. 28.830.000,-.</p> <p>Kjøpet blir finansiert ved 20.500.000 i RDA-midler, og 8.330.000,- ved lånefinansiering.</p> <p>Kommunestyret ber samstundes rådmannen om å gjennomføre taktiske skattemessige disposisjonar med mål om å redusere den totale kostnaden gjennom å oppnå MVA-kompensasjon.</p>
<b>Status</b>	Avtale om kjøp av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 er signert av partane. Eigedomen er overskøyta Herøy kommune.
<b>K-sak 52/14</b>	<b>Sal av Jacobsenhuset</b>
<b>Vedtak</b>	Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.
<b>Status</b>	Eigdomsavdelinga har innhenta takst for bygget. Eigedomen vert annonsert for sal innan 2015/T1.
<b>K-sak 18/14</b>	<b>Forvaltningsrevisjonsprosjektet. Vedlikehald av kommunale bygg</b>
<b>Vedtak</b>	<p>1. Kommunestyret tek til etterretning forvaltningsrevisjonsprosjektet "Konsekvens av manglande vedlikehald av kommunale bygg i Herøy kommune".</p> <p>2. Kommunestyret vedtak at rådmannen gjennomfører revisjonen sine anbefalingar slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Kommunen må fullføre kartlegginga av den kommunale bygningsmassen og få dette implementert i sitt FDV-system.</li> <li>b. Kommunen skal utarbeide ein fleirårig vedlikehaldsplan med tidsperspektiv, samordna med økonomiplan inkl. kostnadar og prioritering. Denne skal bygge på kommunen sine eigne tilstandsvurderingar, forutsatt at anbefaling 1 er gjennomført/fullført.</li> <li>c. Kommunen skal gjennomgå vaktmestertenesta, spesielt med tanke på periodisk tilsyn med den kommunale bygningsmassen.</li> </ul> <p>3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer til kontrollutvalet om status for gjennomføring av anbefalingane og evt. vidare framdrift innan 20.08.2014.</p>
<b>Status</b>	<p><u>Vedtaks punkt 2 a</u> Eigdomsavdelinga nyttar FDV-systemet FamacWeb og oppdaterer systemet fortløpande, etterkvart som ny informasjon tilflyt avdelinga.</p> <p><u>Vedtaks punkt 2 b</u> Tiltaksplan for 2015 til 2018 er vedteken av kommunestyret i K-sak 166/14. Det vert</p>

rapportert for gjennomføring av tiltak frå og med tertialrapport 2015/T1.

Vedtaks punkt 2 c

Eigedomsavdelinga organiserer byggdriftarane etter prinsippet "alle mann - alle bygg - alle fag". Vi tilrår at byggdriftarane vert organisert i 3 team à 2 mann, der 2 team har ansvaret for formålsbygg medan 1 team har ansvaret for utleigebustadar.

Teamorganisering er ikkje gjennomførbart med dei personalressursane avdelinga disponerer pr i dag.

### 3. TENESTERAPPORTERING

Tenesterapporteringa er oppdatert pr. 2.10.2014 og omhandlar forhold knytt til eigedomsforvaltninga som kommunestyret som eigar bør vere informert om.

#### Viktige hendingar

##### Ekstremvær

#### Avviksrapportering

##### Systemavvik

Systemavvik meldast i Kvalitetslosen og omfattar avvik frå lov og forskrift, interne instruksar og prosedyar.

Avviksrapport pr. 2.10.2014 syner ingen innmeldte avvik.

##### Bygningsmessige avvik

Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato motteke by gningsmessige avvik i Famac som fylgjer:

År	Sum avvik	Ubehandla	I arbeid	Lukka	Forkasta
2012	490	0	27	417	46
2013	1222	93	48	1036	45
2014	686	186	53	422	25

##### Offentlege pålegg

Herøy kommune har fått pålegg frå Arbeidstilsynet om å utbetre taket ved Herøy omsorgssenter - raud avdeling. Eigedomsavdelinga har inngått kontrakt med Flexi-tak AS og håper at værforholda tillett gjennomføring innan rekneskapsåret 2014.

#### Vedlikehald og utvikling

##### Tiltaksplan 2014

Eigedomsavdelinga har ikkje utarbeida vedlikehaldsplan for kommunale bygg i 2014. Dette skuldast at vi legg om årshjulet for planlegging og gjennomføring av vedlikehaldstiltak og mindre investeringstiltak slik at utkast til tiltaksplan vert handsama som ein integrert del av budsjettprosessen for komande år.

I 2014 har såleis avsette midlar til vedlikehald vore nytta til å lukke ein del avvik knytta til branntilsyn samt andre tiltak som har vore planlagt gjennomført tidlegare år.

## Tiltaksplan 2015 - 2018

Tiltaksplan for 2015 til 2018 er vedteken av kommunestyret i K-sak 166/14. Det vert rapportert for gjennomføring av tiltak frå og med tertialrapport 2015/T1.

### **Startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning**

Eigedomsavdelinga disponerer slike midlar frå Husbanken til startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning.

LÅNEMIDLAR	LÅNERAMME 2014	RESTMIDLAR 2014
Tilskot til tilpasning	-	-
Tilskot til etablering	kr. 100 000,-	-
Startlån	kr. 11 330 800,-	kr. 4 330 800,-
<b>Sum</b>	<b>kr. 11 430 800,-</b>	<b>kr. 4 330 800,-</b>

### **Utleigebustadar**

Eigedomsavdelinga disponerer bustadar til vidareutleige slik tabellen syner:

UTLEIGEBUSTADAR	BUEININGAR
Omsorgsbustadar	105
Gjennomgangsbustadar	34
Andre bustadar	1
<b>Sum</b>	<b>140</b>

Søknadar om omsorgsbustadar vert handsama av pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga. Søknad om gjennomgangsbustad vert handsama av eigedomsavdelinga, i samarbeid med NAV Herøy og barn, familie og helseavdelinga.

Vi har pr. rapporteringsdato registrert søknader om gjennomgangsbustadar som følgjer:

SØKNADAR OM GJENNOMGANGSBUSTAD	SØKNADAR
Nye søknadar	4
Søknadar om fornying	7
<b>Sum</b>	<b>11</b>

## **4. PROSJEKT**

Ikkje noko rapportert.

## **5. LOKALSAMFUNN**

Ikkje noko rapportert.

# UTVIKLINGSAVDELINGA

## PROSJEKT-/PLANRAPPORTERING PR. 31.12.2014

### Planarbeid

Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

### Til planstatusoversikten

Ved rapportering av planstatus pr. 31.08.14 stod det 34 planoppgåver på lista.

- 8 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Kommuneplan Arealdel, Kommunedelpan trafikktrygging, Reguleringsplan 24/2 røykeritomta, IMO-senteret\*, Reguleringsplan Hjelmeset 3, Gangsti rundt myklebustvatnet\*, basestasjon brannvernet\*, reguleringsendring mjølstadneset \*).

\*Avslutta av andre årsaker

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Reguleringsplan Indre Bergsøy (vert oversendt tidleg 2015)

Følgjande klagesak er registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan Nærøya, fortau veg og kryss
- Detaljreguleringsplan Verket

Det har i løpet av 3 tertsial 2014 har det kome til 4 nye planoppgåver:

- Teige Gnr 5 Bnr 2
- Detaljregulering Indre Moltumyr Gnr 60 Bnr 32
- Reguleringsendring Eggesbøjordra sør
- Reguleringsendring Sjukeheimsområdet
- Industriområde Myrvåg

Ein har desse planoppgåvene:

Planoppgåver pr 31.08.14	34
<u>Planoppgåver, nye</u>	<u>4</u>
Sum	38
Planoppgåver, avslutta	10
<u>Planoppgåver, klagehandsaming</u>	<u>1</u>
<u>Sum planoppgåver</u>	<u>29</u>

# UTVIKLINGSAVDELINGA

## PROSJEKT-/PLANRAPPORTERING PR. 31.12.2014

### Planarbeid

Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

### Til planstatusoversikten

Ved rapportering av planstatus pr. 31.08.14 stod det 34 planoppgåver på lista.

- 8 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Kommuneplan Arealdel, Kommunedelpen trafikktrygging, Reguleringsplan 24/2 røykeritomta, IMO-senteret\*, Reguleringsplan Hjelmeset 3, Gangsti rundt myklebustvatnet\*, basestasjon brannvernet\*, reguleringsendring mjølstadneset \*).

\*Avslutta av andre årsaker

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Reguleringsplan Indre Bergsøy (vert oversendt tidleg 2015)

Følgjande klagesak er registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan Nærøya, fortau veg og kryss
- Detaljreguleringsplan Verket

Det har i løpet av 3 tertsial 2014 har det kome til 4 nye planoppgåver:

- Teige Gnr 5 Bnr 2
- Detaljregulering Indre Moltumyr Gnr 60 Bnr 32
- Reguleringsendring Eggesbøjordra sør
- Reguleringsendring Sjukeheimsområdet
- Industriområde Myrvåg

Ein har desse planoppgåvene:

Planoppgåver pr 31.08.14	34
<u>Planoppgåver, nye</u>	<u>4</u>
<u>Sum</u>	<u>38</u>
Planoppgåver, avslutta	10
<u>Planoppgåver, klagehandsaming</u>	<u>1</u>
<u>Sum planoppgåver</u>	<u>29</u>



Planoppgåver pri 1 – 10 stk ( inkl 4 kommuneplanar, delplanar, temaplanar)

Planoppgåver pri 2 – 4 stk

Planoppgåver private – 14 stk

DETALJ OG OMRÅDEPLANER (kommunale og private)

GENERELL OVERSIKT

(Siste politiske prioritering den 4/2-2014 sak 19/14)

Liste Ajourført- 09.01.2014

KOMMUNALE PLANER:

A- avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak

Kommuneplaner, delplaner og temaplaner

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Pol.pri.	Status
1.	<a href="#">201245</a>	11/469, 12/4	Kommunedelplan avløp 2006-10	OM	1	6 2015
2.	<a href="#">201250</a>	10/368, 10/630, 12/7	Kommuneplan Herøy – Arealdel	OM	1	A
3.	<a href="#">201270</a>	12/546	Kommunedelplan Trafikktrygging	AZT	1	A
4.	<a href="#">201302</a>		Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan	OM	1	6 2015
5.	<a href="#">201303</a>		Rusmiddelpolitisk handlingsplan.	OM	2	-
6.	<a href="#">201401</a>		Strategisk næringsplan.	OM	1	12 2015
7.	<a href="#">201402</a>		Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	OM	1	12 2015

Område og detaljreguleringsplaner

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Pol.pri.	Status
8.	<a href="#">201247</a>	07/820	Reguleringsplan Indre Bergsøy	BSS	1	KL
9.	<a href="#">201248</a>		Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt	AZT	1	6 2015
10.	<a href="#">201265</a>	10/164	Reguleringsplan for Kvalsund hamn	HR	2	-
11.	<a href="#">201267</a>		FV654 Flusundkrysset- kryss mot Vikane	HR	1	2 2015
12.	<a href="#">201310</a>		Reguleringsplan nye gang- og sykkelvegar	AZT	1	12 2015
13.	<a href="#">201266</a>	11/717	Nærøya, fortau, veg og kryss	AZT	1	A
14.	<a href="#">201263</a>		Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del)	BSS	1	KL
15.	<a href="#">201261</a>		Reguleringsendring Mjølstadneset	-	2	A
16.	<a href="#">201271</a>		Runde, tilrettelegging av tomter	BSS	2	12 2015
17.	<a href="#">201272</a>	11/852	Reguleringsplan gangsti rundt		2	A

			Myklebustvatnet			
18.	<a href="#">201306</a>		Ny basestasjon brannvernet	HR	2	A
19.	<a href="#">201307</a>		FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring	HR	2	-
20.	<a href="#">2014321</a>		Reguleringsplan for Herøy gard	BSS	2	12 2015
21.	<a href="#">201403</a>	14/1043	Reguleringsendring Trolldalen	AZT	1	06 2015
22.	<a href="#">201305</a>	13/566	Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl	BSS	1	06 2015
23.	<a href="#">201503</a>		Reguleringsendring Sjukeheimsområdet (Gul avd)	AZT	1 NY	12 2015

PRIVATE PLANER:

A- avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak, O-oppheva

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Status
24.	<a href="#">201275</a>	10/422	Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta	HR	A
25.	<a href="#">201278</a>	09/611, 12/12	Reguleringsplan Verket	OM	A
26.	<a href="#">201284</a>	12/32	Reguleringsplan Huldal Aust	AZT	6 2015
27.	<a href="#">201286</a>		FV 654 Indre Herøy kyrkje-Stoksund	HR	6 2015
28.	<a href="#">201285</a>	12/333	IMO senteret	AZT	A
29.	<a href="#">201301</a>	13/7	Lanternen Marina	AZT	6 2015
30.	<a href="#">201304</a>	13/165	Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda området FKO	AZT	6 2015
31.	<a href="#">201252</a>	10/80	Reguleringsplan Hjelmeset III	BSS	A
32.	<a href="#">201404</a>	14/1429	Reguleringsendring Jensholmen båtlag	AZT	6 2015
33.	<a href="#">201405</a>	14/262	Reguleringsendring Koparstad Havutsikten AS	AZT	6 2015
34.	<a href="#">201406</a>	14/1389	Reguleringsendring Myklebust Vest II	AZT	6 2015
35.	<a href="#">201407</a>		Detaljregulering Eggesbø 37/222 m.fl	AZT	6 2015
36.	<a href="#">201501</a>		Detaljregulering indre Moltumyr 60/32 m.fl	AZT NY	-
37.	<a href="#">201502</a>		Reguleringsendring Eggesbøjorda sør	AZT NY	-
38.			Teige Gnr 5 Bnr 2	HR NY	-

<b>Planident</b>	201245
<b>Plannamn</b>	Kommunedelplan avlaup 2012-2022
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	-
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR AVLAUP

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>1.9.2014</b>
---------------------------	-----------------

#### Planstatus:

Arbeidet er starta opp og planprogram er vedteke.  
Runde Miljøsender har gjennomført resipientundersøkingar levert statusrapport for eit utval av resipientane i Herøy.

*Status: Utviklingsavdelinga skal oppdatere delar av kommunedelplanen etter avtale med Anlegg- og driftsavdelinga. Arbeidet ligg etter tidsskjema på grunn av at resipientundersøkingane måtte gjennomførast på sommaren og det har teke lang tid med utarbeiding av rapporten.*

<b>Planident</b>	07001
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan Indre Bergsøy
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy Kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	AG Plan og Arkitektur AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Indre Bergsøy\GIS

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	---------	----------------	---------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

**Rapporteringsdato:**

**8.1.2015**

### Planstatus:

Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte 27.11.2014. Planen er ekspedert. Klagefrist er sett til 6. januar 2015.

Det er registrert 9 klager i e-Phorte pr. 8.1. 2015

<b>Planident</b>	201248
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy Kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Utviklingsavdelinga
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\utviklingsavdelinga\plan\aleksander\byggefelt moltustranda

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>	Kommunal plan		
<b>Areal</b>	Kommunal plan		

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

### Planstatus:

Saka gjeld detaljregulering for området «Myrabakken» på Moltustranda – planområde omkransa av vegane FV654 – Myrabakken og Nygjerdevegen. Formålet er nytt kommunalt bustadfelt. Planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn. Frist for innspel var 17.11.2014. Det har kome 8 innspel ved offentleg ettersyn.

Det har kome motsegn til planforslaget frå NVE. Innspel medfører at ein bør gjere mindre justeringar i planforslaget.

**Vidare arbeid framover vil vere dialog for å avklare motsegn og behandling av innspel med sikte på å få planen godkjent.**

<b>Planident</b>	201263
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del)
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	AG Plan og Arkitektur AS ved Berit Sandvik Skeide
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Fosnavåg hamn

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>	ingen		
<b>Areal</b>	ingen		

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	ja
<b>Beløp</b>	Ca 500 000

## Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

**Rapporteringsdato:**

**5.1.2015**

### Planstatus:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppheva områdereguleringsplanen i juni 2014. Nytt planforslag for Notaneset utarbeidd. Lagt fram for formannskapet 3.12.2014. Sak sendt på avgrensa høyring. Frist for å kome med uttale sett til 15.1.2015.

<b>Planident</b>	201265
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Kvalsund hamn
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Rambøll AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	JA (2010-budsjettet)
<b>Beløp</b>	200 000 (Jfr. F-sak 147/10)

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>06.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

### Planstatus:

Initiativet til planarbeidet var opprinneleg privat, men etter vedtak i formannskapet den 18.05.2010 vart det imidlertid bestemt at planen skulle fremjast som ein kommunal plan. Formålet med planarbeidet har vore å legge til rette for fleire naust, småbåtplassar, parkering, ny vegtilkomst til hamna m.v.

Formannskapet vedtok i møte den 11.04.2012 (F-sak 133/12) at forslag til reguleringsplan skulle utleggast til offentleg ettersyn. Offentleg ettersyn/innhenting av høyringsuttalar skjedde i perioden 11. mai til 22. juni og frist for innspel/merknader vart sett til 25.06.2012.

Plansaka har tidlegare vore under førebuing med sikte på ny politisk behandling. Med vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Kvalsundbrua (5 år) har det imidlertid vorte naudsynt å få avklart kva konsekvensar dette vil ha for hamneområdet før reguleringsplanarbeidet vert vidareført/slutført. Det ligg fortsatt ikkje føre tilstrekkelege avklaringar for at planarbeidet kan vidareførast og det har såleis ikkje vore arbeidd med denne saka sidan forrige rapportering.



<b>Planident</b>	201267
<b>Plannamn</b>	Flusundkrysset- Kryss mot Vikane
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	AG Plan og Arkitektur
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	JA
<b>Beløp</b>	95 000 (Avtale m/AG Plan og Arkitektur)

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

**Rapporteringsdato:**

**06.01.2015**

#### Planstatus:

Miljøverndepartementet si stadfesting av Fylkesmannen si motsegn mot planane om ny innfartsveg på nordsida av Myklebustvatnet aktualiserte spørsmålet om å planlegge/iverksetje tiltak lang eksisterande fylkesveg. Det var i første omgang snakk om å vurdere tiltak på strekninga frå Cash & Carry til rundkøyringa på Hjelmset. Prosjektet er i ettertid utvida og endra namn frå FV 654 Myklebust – Eggesbønes til Flusundkrysset – Kryss mot Vikane.

Formannskapet vedtok i møte den 01.10.2013 (F-sak 167/13) at det skulle iverksetjast førebuingar med sikte på oppstart av reguleringsplanarbeid for den ovannemnde strekninga. I samarbeid med AG Plan og Arkitektur har det i etterkant vore arbeidd med eit forprosjekt. Forprosjektet er no ferdigstilt og saka er under førebuing med sikte på politisk presentasjon/behandling.

<b>Planident</b>	201271
<b>Plannamn</b>	Runde, tilrettelegging av tomter
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Herøy kommune
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>5.1.2015</b>
---------------------------	-----------------

**Planstatus:**

Planarbeid ikkje igongsett. Ikkje prioritert. Avventar forhandlingar om grunn.

<b>Planident</b>	201284
<b>Plannamn</b>	Huldal Aust
<b>Tiltakshaver</b>	Bergsøy IL - Fotball
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	Sporstøl Arkitekter AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\HE Utviklingsavdelinga\PLAN\ALEKSANDER\DETALJREGULERING HULDAL AUST

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	Nei
<b>Beløp</b>	-

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

**Rapporteringsdato:**

**05.01.2015.**

### Planstatus:

Det har vore dialog med Sporstøl Arkitekter AS vedkomande varslingsdokumenta for 2.gongs høyring. Varsling har funne stad på nettsida og i lokalavisa. Frist for innspel blir sett til 04.10.2013. Konsulent og tiltakshavar gjennomførte ope møte på Herøy rådhus den 25.september. Utviklingsavdelinga deltok som observatørarar. Det kom innspel til planarbeidet frå dei frammøtte. Forslag til planprogram er stadfesta av Formannskapet og kunngjort. Det har vore gjennomført drøftings- og avklaringsmøte med konsulent og tiltakshavar angående planforslaget. Planforslag motteke 28.10.2014.

**Planforslag ligg ute til offentleg ettersyn med høyringsfrist 23.01.2015.**

<b>Planident</b>	201286
<b>Plannamn</b>	FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stoksundbrua
<b>Tiltakshaver</b>	Statens Vegvesen
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>06.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

#### Planstatus:

Formålet med planen er å legge til rette for ei meir naturleg vegline med tilhøyrande gang- og sykkelvegar på strekninga frå Indre Herøy kyrkje til Stoksundbrua samt ei mindre strekning i retning Sandvika. Statens vegvesen annonserte oppstart av planarbeidet i august 2011.

Det har undervegs vore ei rekkje møte om saka mellom kommunen og Statens vegvesen. Ein hadde ein siste gjennomgang av planforslaget i møte med vegvesenet den 09.09.2014. Formannskapet vedtok i møte den 03.12.2014 at eit planforslag for strekninga skulle leggest ut til offentlig ettersyn. Saka er no til høyring/offentleg ettersyn med høyringsfrist 26.01.2015.

<b>Planident</b>	2013 01
<b>Plannamn</b>	Detaljregulering Lanternen Marina AS
<b>Tiltakshaver</b>	Lanternen AS v/Kåre Jensholm
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	AG Plan & Arkitektur AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING LANTERNEN MARINA

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>	-	Ved off ett	
<b>Areal</b>	-	Ved off ett	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	Nei
<b>Beløp</b>	-

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015.</b>
---------------------------	--------------------

### Planstatus:

Spørsmål om planoppstart er behandla av Formannskapet (planutvalet) der det er gjeve løyve til reguleringsendring innanfor ei grense fastsett av planutvalet.

Formannskapet har vedteke retningslinjer for det vidare planarbeidet. Konsulent har sendt inn spørsmål om endra plangrense for området. Ei endring som er vurdert å vere ei endring av dei føresetnadane som låg til grunn då Formannskapet gav løyve til oppstart av planarbeid. Administrasjonen har gitt tiltakshavar og plankonsulent beskjed om at oppstart av planarbeid må vere i tråd med dei retningslinjene som er fastsett av Formannskapet. Det har vore korrespondanse med plankonsulent på e-post i høve insendt forslag til tomtediskonering. Administrasjonen har gjort kjent sin tilråding og bede om uttale frå plankonsulent før saka blir fremja i Formannskapet.

**Forslag til tomtediskonering og prinsipp for utnytting av naustområdet blei behandla av Formannskapet 04.11.2014 i F-sak 193/14. Vedtak er ekspedert til konsulent og tiltakshavar.**

**Det er sendt ut varsel om oppstart av planarbeid med frist for innspel 05.01.2015.**

<b>Planident</b>	201302
<b>Plannamn</b>	Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Herøy kommune
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>1.9.2014</b>
---------------------------	-----------------

**Planstatus:**

Kommunedelplanen skal utarbeidast etter plan- og bygningslova og Utviklingsavdelinga er derfor ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, utarbeiding av planprogram, offentlig ettersyn og andre forhold som kjem av plan- og bygningslova. Ansvar for framdrift ligg på Eigedomsavdelinga.

*Status: Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan er varsla oppstart og planprogram er stadfesta i Formannskapet i juni. Planarbeidet ligg på Eigedomsavdelinga som kallar inn UTV ved behov.*

<b>Planident</b>	201303
<b>Plannamn</b>	Rusmiddelpolitisk handlingsplan
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Herøy kommune
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

<b>Plandialog</b>						
Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>1.9.2014</b>
---------------------------	-----------------

**Planstatus:**

Planen skal ikkje utarbeidast etter plan- og bygningslova, men skal ha ein lik planprosess der utviklingsavdelinga vil vere ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, prosjektorganisering og andre forhold der utviklingsavdelinga har kompetanse.

*Status: Arbeidet med Rusmiddelpolitisk handlingsplan er starta opp, men utviklingsavdelinga har ikkje vore involvert i det vidare arbeidet. Ingen endring sidan sist rapportering*

<b>Planident</b>	2013 04
<b>Plannamn</b>	Detaljregulering gnr 38/2 mfl området F/K/O Eggesbøjorda
<b>Tiltakshaver</b>	Rema 1000 og Johannes S. Eggesbø
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	Sporstøl Arkitekter AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\DETALJREGULERING EGGESBØJORDA FKO

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>	5000,-	18.11.2013	
<b>Areal</b>	30 000,-	27.10.2014	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	Nei
<b>Beløp</b>	-

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015.</b>
---------------------------	--------------------

### Planstatus:

Rema 1000 ynskjer å etablere nytt forretningsbygg innanfor området F/K/O – gjennom felles handsaming av plan- og byggesak. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen der planfaglege råd er blitt drøfta. Utviklingsavdelinga ynskjer at det blir utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser mogleg utforming av heile F/K/O – området som viser ei framtidig utvikling av forretningsareala på Eggesbønes. Kommunen har gjeve råd til utforming av arealet og ynskjer at det vert lagt vekt på ei rasjonell og god arealutnytting av det svært så avgrensa forretningsarealet i området.

**Planforslaget har vore ute til offentlig ettersyn med frist 08.12. Det har kome motsegn frå Fylkesmannen Fylkeskommunen angående detaljhandel.**

**Det er behov for avklaring med regionale instansar knytt til detaljhandel.**

**Det er behov for eit møte med plankonsulent, Anleggs- og driftsavdelinga og tiltakshavar knytt til kostnader rekkjefølgjekrav.**



<b>Planident</b>	201307
<b>Plannamn</b>	FV 18 Leine – Remøyholm (reguleringsendring)
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	---------	----------------	---------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>15.09.2014</b>
---------------------------	-------------------

#### Planstatus:

Kommunestyret vedtok i møte den 25.02.2010 (K-sak 24/10) reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm. Godkjenningsvedtaket vart påklaga av 2 grunneigarar. Etter ein forhandlingsrunde aksepterte grunneigarane å trekke klagen under føresetnad av at kommunen tok initiativ til ei ny vurdering av veglina forbi dei aktuelle eigedomane.

Kommunestyret gjorde på dette grunnlag og i møte den 31.01.2013 (K-sak 5/13) eit vedtak der dei forplikta seg til i løpet av 2013 å starte arbeidet med ei justering/ endring av reguleringsplanen på strekninga frå Voldsundneset og i retning Remøya.

Vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Remøybrua har imidlertid skapt behov for ei avklaring som også vil kunne få konsekvensar for dette reguleringsplanarbeidet. Slik avklaring ligg enno ikkje føre. Partane i den tidlegare trekte klagesaka er informerte om at oppstart av arbeidet med reguleringsendringa vert utsett i påvente av ovannemnde avklaring. Det har såleis ikkje vore arbeidd med denne saka sidan forrige rapportering.

<b>Planident</b>	-
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan nye gang- og sykkelvegar
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentlege planar
<b>Konsulent</b>	-
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	-

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>		Nei	
<b>Areal</b>		Nei	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	?
<b>Beløp</b>	?

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

### Planstatus:

Formannskapet har gjennom planprioritering for 2013 vedteke at Utviklingsavdelinga skal starte planarbeid med "Gangvegpakke 2013", dette vil bli vere offentlege reguleringsplanar som skal danne grunnlaget for seinare utbygging på følgjande strekningar:

- *Nykrem – Djupvik (Varsla oppstart av planarbeid og gjennomført ope møte)*
- *Frøystad – Torvik (Varsla oppstart av planarbeid og gjennomført ope møte)*
- *Undergong Koppen FV654 (Planforslag har vore til offentleg ettersyn - motsegn)*

**Det har ikkje vore arbeid med desse sakene sidan førre rapportering. Sakene har ikkje blitt prioritert.**

- *Moltustranda FV10 (Planforslag har vore ute til offentleg ettersyn - motsegn)*
- *Sandvika – Stokksundkrysset (Planforslag er ute til offentleg ettersyn)*

**Desse to sakene vil bli prioritert for sluttbehandling.**

<b>Planident</b>	201401
<b>Plannamn</b>	Kommunedelplan for Herøy – strategisk næringsplan
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Herøy kommune
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - STRATEGISK NÆRINGSPLAN

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	Nei

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	---------	----------------	---------	----------------	------------	----------

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>1.9.2014</b>
---------------------------	-----------------

#### Planstatus:

Arbeid med revidering av strategisk næringsplan er førebudd for oppstart. Arbeidsgruppa for strategisk næringsplan skal handsame planprogram måndag 29.9.2014 og saka går truleg til vedtek om oppstart i Kommunestyret 30.10.2014.

*Status: Planen er klar for vedtak om oppstart i kommunestyret 30.10.2014.*

<b>Planident</b>	201402
<b>Plannamn</b>	Kommunedelplan for Herøy – idrett fysisk aktivitet og friluftsliv
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Herøy kommune
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - IDRETT, FYSISK AKTIVIT OG FRILUFTSLIV

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	Nei

### Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. bch/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	--------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>1.9.2014</b>
---------------------------	-----------------

#### Planstatus:

Planarbeidet er vedteke oppstart og varsla i vestlandsnytt 19.9.2014. Arbeidet er avgrensa til ei mindre revidering av handlingsdelen som er grunnlag for at lag og organisasjonar skal kunne søkje om tippemidlar frå fylket.

Det skal gjennomførast ope møte 1.10.2014 for alle lag og organisasjonar.

*Status: Planarbeidet er varsla oppstart og det skal gjennomførast ope møte 1.10.2014.*

<b>Planident</b>	2014 01
<b>Plannamn</b>	Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 9 m.fl
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	Utviklingsavdelinga
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSSENDRING TROLLDALEN - GNR 55 BNR 9 MFL

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>	-		
<b>Areal</b>	-		

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	Nei
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

**Rapporteringsdato:** 05.01.2015.

#### Planstatus:

Gjeld omregulering av tomt frå forretning til bustad. Varsel om oppstart av planarbeid er gjennomført. I tida framover vil ein arbeide med utarbeiding av planforslag for offentlig ettersyn.

Planforslag har vore ut til offentlig ettersyn.

**Det har kome motsegn frå Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune angående leikeplass for barn- og unge og krav om støyrapport frå vegtrafikk for den konkrete tomte. Motsegn må løysast før planen kan sluttbehandlast.**

<b>Planident</b>	2014 08
<b>Plannamn</b>	Reguleringsendring Jensholmen
<b>Tiltakshaver</b>	Jensholmen Båtlag
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	AG Plan & Arkitektur AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSSENDRING JENSHOLMEN BÅTLAG

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>		Blir sendt ved off.ett	
<b>Areal</b>		Blir sendt ved off.ett	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

#### Planstatus:

Oppstart av planarbeid er kunngjort og varsla.

Saka gjeld tilrettelegginga av nye naust på Jensholmen og bølgevern for småbåthamn.

<b>Planident</b>	2014 03
<b>Plannamn</b>	Reguleringsendring Koparstad
<b>Tiltakshaver</b>	MCO Bygg AS
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	AG Plan & Arkitektur AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSSENDRING KOPARSTAD

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>		Ved off.ett	
<b>Areal</b>		Ved off.ett	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015.</b>
---------------------------	--------------------

#### Planstatus:

Plankonsulent har fått informasjon om korleis saka skal behandlast vidare med tanke på lovbestemt prosess. Saka blir prøvd som ei mindre endring.

Plankonsulent har sendt ut varslingsbrev og høyringsfristen er ute.

Ein ventar på planforslag frå konsulent.

<b>Planident</b>	2014 09
<b>Plannamn</b>	Reguleringsendring Myklebust Vest II
<b>Tiltakshaver</b>	Ingolft Fylling / Herøy Eigedom AS
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	AG Plan & Arkitektur
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSSENDRING MYKLEBUST VEST II

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>		Ved off.ett	
<b>Areal</b>		Ved off.ett	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015.</b>
---------------------------	--------------------

**Planstatus:**

Oppstart av planarbeid er kunngjort og varsling er sendt.

Saka gjeld flytting av leikeplass, riving av hus. Inneberer endring av gjeldande plan.



<b>Planident</b>	2014 07
<b>Plannamn</b>	Detaljreguleringsplan Eggesbø 37/22 m.fl
<b>Tiltakshaver</b>	Egil Giørtz og Lindor Barstad
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	Plot Arkitekter AS v/ Grete Valen Blindheim
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSSENDRING EGGESBØ 37_222_KIWI

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>		Ved off.ett	
<b>Areal</b>		Ved off.ett	

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	---------	----------------	---------	----------------	------------	----------

--	--	--	--	--	--	--

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>05.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

#### Planstatus:

Gjennomført oppstartsmøte med Giørtz og Plot Arkitekter v/ Grete Valen Blindheim den 25.09.2014. Saka gjeld utviding av eksisterande KIWI-butikk og opprydding i trafikk/parkering og fortau på eigedomen.

<b>Planident</b>	201501
<b>Plannamn</b>	Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr gnr 60 bnr 32
<b>Tiltakshaver</b>	Jan Truelsen og Kristin Hide Truelsen
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	Mulvik AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\HE Utviklingsavdelinga\PLAN\ALEKSANDER\DETALJREGULERING INDRE MOLTUMYR 60_32_MFL

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>06.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

### Planstatus:

Saka gjeld utvikling av eit privat område for tomter til 2-mannsbustader på Moltustranda. Området er ei forlenging av eksisterande byggefelt mot nord.

Det er gjennomført oppstartsmøte med tiltakshavar og plankonsulent for å fastsetje rammene for det vidare planarbeidet.

Vidare arbeid ligg med plankonsulent som må søkje om oppstart av planarbeid. Søknad om oppstart av planarbeid vert fremja for Formannskapet for behandling.

<b>Planident</b>	201502
<b>Plannamn</b>	Reguleringsendring for Eggesbøjordå sør
<b>Tiltakshaver</b>	Ørsta Byggservice AS
<b>Privat/Offentleg</b>	Privat
<b>Konsulent</b>	AG Plan & arkitektur AS
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	I:\HE Utviklingsavdelinga\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING EGGESBØJORDA

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

## Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. bch/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>06.01.2015</b>
---------------------------	-------------------

### Planstatus:

Mindre endring av reguleringsplan. Justering av tomtegrenser, utnyttingsgrad og formålsgrenser mellom veg, gangveg og tomteareal.

Det er varsla planoppstart.

Vidare planarbeid ligg med konsulent for utarbeiding av planforslag til Formannskapet etter PBL § 12-14.

<b>Planident</b>	
<b>Plannamn</b>	
<b>Tiltakshaver</b>	
<b>Privat/Offentleg</b>	
<b>Konsulent</b>	
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

### Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	---------	----------------	---------	----------------	------------	----------

--	--	--	--	--	--	--

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

**Rapporteringsdato:**

**Planstatus:**

Planarbeid ikkje sett i verk.

<b>Planident</b>	2014321
<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Herøy gard
<b>Tiltakshaver</b>	Herøy kommune
<b>Privat/Offentleg</b>	Offentleg
<b>Konsulent</b>	-
<b>Digital informasjon er lagra her:</b>	

<b>Gebyr</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sendt ut</b>	<b>Registrert innb.</b>
<b>Handsaming</b>			
<b>Areal</b>			

<b>Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)</b>	
<b>Beløp</b>	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjerin g/klage	Klagebehandling


<b>Rapporteringsdato:</b>	<b>5.1.2014</b>
---------------------------	-----------------

**Planstatus:**

Utviklingsavdelinga skal utarbeide reguleringsplan for Herøy gard med tilgrensande eigedommar.

Planarbeidet vart varsla igongsett i byrjinga av juli. Det vart arrangert ope møte på Stoksund skule 3.9.2014. Innan fristen kom det inn 9 innspel frå offentlege høyringsorgan og 8 innspel frå private/grunneigarar i området.

Sakshandsamar ønskjer å få innspel på kva oppdragsgjevar (kulturkontoret) meiner området skal regulerast til. Avklaringar må til.



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2015/248
		Arkiv:	B00

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
5/15	Komite for oppvekst Kommunestyret	04.03.2015

### TILSTANDSRAPPORT FOR HERØYSKULEN 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret tek saka til vitande

Særutskrift:

## Vedlegg:

### Vedlegg

#### 1 Herøyskulen - Tilstandsrapport 2014

### Saksopplysningar:

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jf opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: Kvalitet i skolen punkt 4.5.3 Krav til årlig tilstands-rapport heiter det innleiingsvis:

*Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte.*

Tilstandsrapporten skal omhandle læringsresultat og læringsmiljø, og han skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov.

Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no), som er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon som vert innmeldt frå skule, vert lagra. Der er dermed ikkje berre læringsresultat, men også mykje anna informasjon om skule, innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa for grunnskulen.

Vi har gjort eit utval av informasjon frå Skoleporten og GSI, og presenterer denne i vedlagde tilstandsrapport.

Vi viser elles til saka «Herøyskulen - ein los i leia. Strategi for skuleutvikling 2015-18», som vart presentert og handsama i kommunestyret 29.januar 2015.

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og vi har tidlegare sagt at vi forventar positiv utvikling over tid. Dette begynner vi no å sjå, sjølv om det svingar noko mellom ulike årskull og skular.

Analysane etter nasjonale prøver i 2014 viser fleire årsaker til at somme skular scorar lavare enn forventa dette året; svært lavt fritak, mange minoritetsspråklege elevar på trinna som vart målte (5., 8. og 9.trinn), lite trening i å vere uthaldande nok til å kunne konsentrere seg om elektroniske prøver i 90 minutt, lav leseforståing - noko som gjer utslag også i rekning sidan det er mange tekstoppgåver. Alle skular har analysert og meldt inn funna sine, samt tiltak for vidare arbeid.

Det er til dels store skilnader mellom skular. Her ligg det ein stor ressurs, i form av å dele god praksis og lære kva andre gjer for å oppnå gode resultat. Det er i 2014 etablert nettverk på tvers av alle skular, på barnetrinn og på ungdomstrinn.

Elevundersøkinga viser at det er lite mobbing og høg trivsel i Herøyskulen. Dette forsterkar seg gjennom Foreldreundersøkinga, som også vart gjennomført hausten 2014.

Det foregår mykje godt førebyggjande arbeid for å sikre eit godt elev- og læringsmiljø. Ein nyttar programma MOT og Sterk & Klar på ungdomstrinnet, og aktivitetsvakter og andre trivselstiltak mellom elevane på barnetrinnet. Det er innført prosedyrar og malar for handtering av mobbesaker, i tråd med opplæringslova og forvaltningslova. Rektorane får fagleg opplæring og støtte i dette arbeidet. Dette fokuset gir rask handling. Ein er likevel avhengig av å få konkret informasjon frå foreldre/ elevar om mobbing, for å kunne gripe tak i sakene. Ofte føregår mobbing på område der lærar ikkje er til stades, i aukande grad på digitale media. Ofte kjem denne type mobbing inn under straffelova, og det er derfor oppretta eit samarbeid med politiet - som handterer sakene vidare.

## **Vurdering og konklusjon:**

Alle måleresultat vert brukt som grunnlag for evaluering og analyse, både på den enkelte skule og i skuleavdelinga samla.

Vi har høg kompetanse i skuleavdelinga, og tilsette som kvar dag gjer eit godt arbeid til beste for elevane si læring. Og vi ser positiv utvikling og resultat av arbeidet.

Men ikkje alt gir resultat på kort sikt, og ikkje alt ligg innanfor handlingsrommet. Vi styrer t.d. ikkje elevgrunnlaget i ei gruppe. I tillegg køyrer vi stramt i forhold til å kunne få fritak frå deltaking i målingane. Derfor vil resultat svinge år for år, særleg i små grupper.

Dette betyr at somme målingar i 2014 er lavare enn i 2013. Årsakene til dette vert forklart gjennom analysar og rapportar, og gir ikkje vesentleg grunn til uro.

Vi arbeider målretta og systematisk vidare, for kvar dag å gjere undervisninga i klasserommet litt betre - slik at alle elevar skal få møte utfordringar, lære meir og oppleve meistring. Vi har tru på den retninga vi har lagt, jfr. mottoet vårt «Herøyskulen - med stø kurs».

Fagleg kunnskap som kan målast, er viktig - men ikkje det einaste viktige. Vi er opptekne av utvikling av heile mennesket, med god sosial kompetanse, haldningar og verdiar. Vi er også opptekne av at ulike talent skal utviklast - ikkje berre dei som kan målast i tal og teljingar.

Det er viktig å ha med seg dette perspektivet når vi no legg tilstandsrapporten fram til vitande.

### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen merknad

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen merknad

### Konsekvensar for drift:

Ingen merknad

### Konsekvensar for økonomi:

Ingen merknad

Fosnavåg, 18.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Hestås





HERØY KOMMUNE  
HERØYA KOMMUNE

# HERØYSKULEN

## TILSTANDSRAPPORT 2014



## **Innleiing**

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jf opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: Kvalitet i skolen punkt 4.5.3 Krav til årlig tilstands-rapport heiter det innleiingsvis:

*Det er viktig at de øverste styringsorgan-ene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte.*

Tilstandsrapporten skal omhandle lærings-resultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rap-

porten skal handsamast av skuleeigar, dvs kommunestyret.

Rapporten bygger på opplysningar frå [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) og andre faktaopplysningar.

***Ikkje berre teljing, men også forteljingar***

I rapporten har ein freista å få inn bidrag frå lærarar, elevar og foreldre der dei gjennom tekst og bilete skildrar tankar og erfaringar frå skulekvardagen.

18.februar 2015

Forsidebilde: 1. og 2.klasse ved Moltu skule, 2014/15

## Elevtal i kommunen sine grunnskular

Leikanger skule



**Tal på elevar pr. 01.01.15 :  
79**

1: 13  
2: 17  
3: 13  
4: 10  
5: 10  
6: 3  
7: 13

Stokksund skule



**Tal på elevar pr 01.01.15:  
167**

1: 10  
2: 11  
3: 17  
4: 9  
5: 13  
6: 18  
7: 15  
8: 23  
9: 30  
10: 21

Moltu skule



**Tal på elevar pr 01.01.15:  
54**

1: 5  
2: 16  
3: 3  
4: 7  
5: 6  
6: 8  
7: 9

Einedalen



**Tal på elevar pr 01.01.15 :  
184**

1: 22  
2: 35  
3: 24  
4: 26  
5: 32  
6: 29  
7: 16

<p><b>Bergsøy skule avd. Blåhaugen</b></p> 	<p><b>Tal på elevar pr 01.01.15:</b>  <b>165</b>  1: 45  2: 44  3: 26  4: 50</p>
<p><b>Bergsøy skule avd. Borga</b></p> 	<p><b>Tal på elevar pr 01.01.15:</b>  <b>136</b>  5: 47  6: 41  7: 48</p>
<p><b>Ytre Herøy Ungdomsskule</b></p> 	<p><b>Tal på elevar pr 01.01.15:</b>  <b>238</b>  8: 75  9: 76  10: 87</p>
<p><b>Nerlandsøy skule</b></p> 	<p><b>Tal på elevar pr 01.01.15:</b>  <b>68</b>  1: 7  2: 7  3: 10  4: 12  5: 13  6: 9  7: 10</p>

## Prognose for elevtal i 1. klasse

Fødd – år	2013	2012	2011	2010	2009
Einedalen	10	22	30	21	25
Bergsøy	42	40	63	41	42
Nerlandsøy	13	9	13	12	9
Moltu	3	4	6	8	3
Leikanger	9	8	10	10	16
Stokksund b.sk	11	14	13	15	17

## Ressursbruk i grunnskulen:

(tabellar frå Udir/Skoleporten)

Enhet: Herøy (m.r.) kommune					
Grunnskole, Ressurser, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Årsverk for undervisningspersonale	106,9	102,2	98,9	98,9	98
Antall elever per årsverk til undervisning	12,3	12,7	13	12,5	12,6
Antall assistentårsverk i undervisningen	16	13	18	15	15
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	71,1	87,7	62,9	75,1	74,5
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	15	12,6	18,1	14,7	15
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,8	13,4	13,5	12,8	13
Lærertetthet 8.-10. trinn	14,5	14,6	15,7	15,7	15,3
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,8	15,8	17,1	16,4	16,2
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,8	100	99,9	99,7	99,9
Undervisningstimer totalt per elev	58	56	55	57	57

Enhet: Herøy (m.r.) kommune			
Grunnskole, Ressurser, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn, 2013-2014			
Indikator og nøkkeltall	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Årsverk for undervisningspersonale	98	3028,4	55169,1
Antall elever per årsverk til undervisning	12,6	11,9	12,3
Antall assistentårsverk i undervisningen	15	485	7930
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	74,5	65,9	75,2
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	15	16	14,4
Lærertetthet 1.-7. trinn	13	12,7	13,3
Lærertetthet 8.-10. trinn	15,3	14,2	14,3
Lærertetthet i ordinær undervisning	16,2	16,1	17
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,9	97,8	97
Undervisningstimer totalt per elev	57	60	58

### Kommentar:

Herøy kommune har dei siste 5 åra hatt ein gradvis nedgang i undervisningsstillingar i forhold til elevtal. Ein ser at vi på barneskulane har litt færre elevar pr lærar(0,3 færre) enn snittet i samanliknbare kommunar og på landsbasis. Sett i forhold til Møre og Romsdal har vi litt fleire elevar pr lærar(0,3 fleire) enn gjennomsnittet for vårt fylke. På ungdomssteget er vi i ein langt dårlegare situasjon. Her har vi i gjennomsnitt 1 elev meir pr lærar enn både Møre og Romsdal og samla sett på landsbasis.

### Grunnleggjande dugleikar:

Dei grunnleggjande dugleikane, slik dei er definert i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykke seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verkty.

Det er naudsynt å meistre desse dugleikane for læring og utvikling i skule og for å kunne delta i arbeidslivet og samfunnet elles.

Resultata varierer frå år til år sjølv om tiltak vert sett inn. Ein må sjå på utviklinga til same elevgruppa over år for å seie noko om kva retning det går. Det gjeld og på individnivået, der samarbeidet mellom skule og heim er sentralt for å få til ei god utvikling hos den einskilde eleven.

## Kartleggingar

Herøyskulen gjennomfører årleg nasjonale kartleggingar innafor dei grunnleggjande dugleikane i 1. – 4. trinn slik:

Trinn	kartleggingsprøve
1.	Rekning Lesing
2.	Rekning Lesing
3.	Rekning Lesing Engelsk
4.	Digitale dugleikar

På mellomsteget og ungdomssteget nyttar alle skulane i kommunen dei digitale kartleggingsprøvene frå Kartleggjaren. Dette er prøvar der ein tek ein test ved starten av skuleåret og ettertest mot slutten av skuleåret. Her får skulen informasjon om korleis eleven presterer i forhold kva ein kan forvente av kompetansenivå for årstega 5. – 10.klasse. Då kan ein leggje til rette undervisninga gjennom året ut frå kvar ein veit at elevgruppa i sin klasse presterer.

Prøvene vert tekne i faga engelsk, matematikk og norsk(nynorsk).

### Nasjonale prøver

I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, medan 9. trinn gjennomfører nasjonale prøver i lesing og rekning.

Kartleggingane av elevane sine læringsresultat skal saman med annan vurdering ligge til grunn for vurderinga om det skal setjast inn tiltak retta mot einskildelevar, grupper, skular eller på kommunenivå.

Resultata på 5. steg er delte inn i tre meistringsnivå. Elevar på nivå 1 vurderer ein å ha svake grunnleggjande dugleikar, medan elevar på nivå 3 har høg kompetanse.

På ungdomssteget er prøvene delte inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgste kompetansenivå.

prøvetype	Herøy kommune	Kommunegr. 08	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 5. kl	46	49	49	50
Rekning 5.kl	48	50	50	50
Engelsk 5. kl	50	49	49	50

prøvetype	Herøy kommune	Kommunegr 08	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	48	50	49	50
Lesing 9.trinn	50	53	53	54
Rekning 8.trinn	48	50	50	50
Rekning 9.trinn	51	53	53	53

**Vurdering:**

Nasjonale prøvar vert vurdert slik frå Utdanningsdirektoratet, at 50 skalapoeng skal vere landsgjennomsnitt på alle prøver. For 9. trinn ser ein at landsgjennomsnittet ligg over 50 skalapoeng.

Vi ser at vårt 5. trinn ligg klart under gjennomsnittet både i samanliknbare kommunar, fylke og på landsbasis i lesing og rekning. I fjor var dette motsett. Då låg Herøyelevane høgt, særleg i lesing. I Engelsk ligg våre elevar over på nasjonalt nivå, medan Møre og Romsdal og vår KOSTRA gruppe ligg under.

Den same tendensen gjeld også for 8. og 9. trinn i lesing og rekning. Herøyelevane ligg lågare enn gjennomsnittet for både fylke og land.

Det er også verdt å merke seg at Herøy kommune ligg lågt på fritak for gjennomføring av nasjonale prøvar, både i forhold til elevar med ulike lærevanskar og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Dette betyr at dei aller fleste hos oss vert kartlagt og er med i talgrunnlaget. Korleis dette vert praktisert i kommunar vi samanliknar oss med, kan ein ikkje vite. Ein veit at Herøy er ein kommune som har aukande tal på elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn og at desse elevane i fleire av dei kartlagde klassene, utgjer ein forholdsvis høg prosentdel dette året.

**Lokale mål:**

Skuleavdelinga har som mål at Herøyskulen samla skal oppnå ein kompetanse innafor desse dugleikane, som ligg høgare enn det ein ser på somme av målingane dette året. Ein vil at kvar og ein av elevane skal få heve kompetansenivået sitt – slik at vi har færre elevar på det lågaste meistringsnivået og fleire på det høgste.

Siste par åra har vi sett ein positiv trend i rett retning når det gjeld dette, men er likevel ikkje fornøgde med det vi samla sett ser i år.

**Tiltak for å betre situasjonen:**

- Verknaden av nye bygningar, behovet for illustrasjonar og krav til desse. Kva førehald vert viktige å belyse? Korleis påverkar utbygginga bygningsmiljøet i området?
- Verknader av plana i høve til risiko og sårbarheit.
- Verknadane plana får i høve til auka trafikk, støy og liknande må vurderast.
- Det er krav om arkeologisk registrering for ein del av området.

Vi vil i tillegg peike på at forslaget framsett udokumenterte påstandar mellom anna om behovet for arkeologiske utgreingar og om konsekvensar av plana i høve til forureining.

Som rammer for planlegginga må ein også nemne Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge og rettleiaren til desse, jamfør nedanfor. I tillegg bør avviket frå kommuneplanen omtalast og korleis dei planane påverkar kvarandre.

Planprogrammet skal gjere godt greie for den vidare prosessen, med opplegg for medverknad. Denne delen må vere utfyllande i høve til den politiske og framdriftsmessige prosessen, og det må kome fram korleis folkemøta skal varslast.

Når det gjeld oppbygging av planprogrammet kan vi bidra med vidare rettleiing.

## INNSPEL TIL PLANARBEIDET

### Planfaglege råd

I det vidare arbeidet med plana vil vi oppmode om at Miljøverndepartementet sin rettleiar for reguleringsplanlegging vert nytta. Konekvensutgreiinga vil i praksis vere kapittelet "verknader av plana" i planomtalen, jamfør pbl § 4-2. Planprogrammet er tinginga og konsekvensutgreiinga er svaret. Struktura på desse dokumenta må difor vere slik at dei let seg samanlikne, og innhaldet slik at det gjev reelt grunnlag for å konkludere.

Det er opplagt at plana har eit konfliktpotensiale i og med bortfallet av ei idrettsbane som ligg tett opp i etablert bustadområde og som venteleg er i bruk. Som utgangspunkt vil ein måtte rekne med at ein her utfordrar Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, som Fylkeskommunen er sett til å forvalte. Det vert difor viktig å gjere greie for den faktiske bruken av bana, herunder kva rolle ho spelar som leikeområde for borna og for organisert idrett i nabolaget. *Vi vil allereie no varsle at vi kan ha motsegn mot plana med utgangspunkt i interessane til barn og unge dersom desse ikkje er ivaretekne eller utgreidd tilstrekkeleg.*

### Automatisk freda kulturminne

Arkeolog frå kulturavdelinga har vore på synfaring i området. Mesteparten av arealet er nedbygd og har følgjeleg heller lågt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det er likevel eit myrområde nord i området som må avklarast og vi vil difor melde krav om arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9. Ut frå vår kjennskap til automatisk freda kulturminne i nærområdet er det først og fremst buplassar frå steinbrukande tid det er potensiale for her.

I følgje § 10 i lov om kulturminne er det tiltakshavar som må dekke utgiftene til registreringa. Arbeidet er rekna til å la seg gjennomføre innanfor rammene av eit vekeverk i felt, noko som gjev følgjande kostnadsoverslag:

1 veke feltarbeid à 30.000,-	30.000,-
3 dagsverk etterarbeid à 3.000,-	9.000,-
2 14C-prøver à 4.000,-	8.000,-
<b>Sum</b>	<b>47.000,-</b>

Det er naudsynt å bruke gravemaskin for å fjerne torvlaget i området, og vi gjer merksam på at utgifter til maskin ikkje er med i kostnadsoverslaget.

Vi gjer også merksam på at tinging av arkeologisk feltarbeid må vere skriftleg, og det må gå klart fram kven utgiftene skal fakturerast til.

## KONKLUSJON

Planprogrammet som er lagt fram stettar berre delvis krava til eit planprogram, og er uklart i høve til både rammene for utbygging, prosess og konfliktpotensiale. Planprogrammet må difor omarbeidast vesentlig slik at det er i samsvar med dei krav lova sett til innhald og utforming. Det dokumentet som er sendt ut er etter vår vurdering ikkje eigna som høyringsdokument. Vi vil tilrå ny varslig med ei utforming slik at ein oppmodar til aktiv medverknad, og slik at folk kan forstå kva ide som er tenkt realisert.

Vi vil allereie no varsle at vi kan finne det aktuelt å fremje motsegn mot planane, dersom barn og unge sine interessar ikkje er tilstrekkeleg utgreidd eller ivaretekne. Saka har også

eit folkehelseperspektiv som må drøftast inngåande. Arkeologisk registrering for ein del av området må òg vere gjennomført før ein plan kan godkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgiver

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Trond Eilev Linge, tlf 71 25 88 40

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her  
Herøy kommune



Sporstøl Arkitekter AS  
Boks 301  
6067 ULSTEINVIK

MOTTATT 28 FEB 2012  
*Sporstøl*

## Herøy kommune Detaljregulering - reguleringsplan Huldal Aust gnr34 bnr165 m.fl Fråsegn til oppstart av planarbeid og med forslag til planprogram

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Herøy kommune ved formannskapet har godkjent planprogrammet i møte av 07.09.2011. Når det gjeld avklaring i høve til om reguleringsplanen utløyser krav til konsekvensutgreiing, oppfatar vi det slik at Herøy kommune har lagt til grunn § 3 d i Forskrift om konsekvensutgreiingar, men at i høve til § 4 er det ikkje vist til konkret kriterie. Vi meiner både § 4 c og d vil utløse krav til konsekvensutgreiing i denne saka.

### MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

#### Barn og unge

Vi meiner det største konfliktpotensialet er knytt til eventuell endring av friområde til andre føremål, som utbyggingsføremål for bustadar. Dette er direkte i strid med kommuneplanen. Konsekvensane for barn- og unge må det difor leggest stor vekt på. Vi vil vise RPR for barn- og unge pkt 4 og 5. I punkt 5 d er det set krav om fullverdig erstatning ved omdisponering av areal som m.a er avsett til friområde. Det er særleg viktig å få tak i relevant informasjon om kva bruk arealet har hatt og har i dag ved å intervju barn- og unge. Gjennomføre barnetråkkregistrering kan vere viktig dersom dette ikkje er gjort tidlegare. Dette er også nyttig i høve til trafikktryggleiksvurderingane.

Vi finn at planprogrammet har med dei tema som er relevant for denne saka.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og

sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: [www.fmmr.no/sjekkliste](http://www.fmmr.no/sjekkliste).

### **Naturmangfaldlova**

Vi vil viser til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjær ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.


### **Barn og unge**

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

### **Støy**

Støytilhøva må avklarast. Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*, med tilhøyrande rettleiar, skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Med helsing



Jon Ivar Eikeland (e.f)  
Fung. samordnar

Kopi: Herøy kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt





## Statens vegvesen

Sportstøl Arkitekter AS  
Boks 301  
6067 ULSTEINVIK

MOTTATT 8 FEB 2012

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2011/190357-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
03.02.2012

### **Varsel om oppstart av planarbeid Huldal aust i Herøy kommune. Uttale.**

Viser til varsel i e-post av 21.12.2011 frå Sporstøl Arkitekter AS om oppstart av planarbeid for Huldal aust i Herøy kommune.

Frå Statens vegvesen si side har vi i denne omgang ingen merknad/innspel til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

  
Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

  
Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune  
Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 815 44 040  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

## Bjørnar Sporstøl

---

**Fra:** Robert <robert.kvalsvik@mimer.no>  
**Sendt:** 29. mars 2012 14:31  
**Til:** Bjørnar Sporstøl  
**Emne:** Huldal Aust

Hei Bjørnar

Det ble i si tid tildelt gnr 34, bnr 297 i Huldal av Herøy Kommune til lekeområde (ca 500m<sup>2</sup>), dette var i slutten av 70-talet. Det er mange i Fosnavåg og omegn som har gode relasjoner til denne plassen. For 2 år siden ble alle lekeapparat fjernet pga at de ikke tilfredstilte de krav som er satte for offentlige lekeområder. Det ble da oppstartet en omfattende oppgradering av lekeområdet der alt de gamle apperaterne ble fjernet og grunnarbeidet ble tatt fra grunnen av. Lekeplassen blir en toppmoderne lekeplass som tilfredstiller EU-standeren EN 1176 og alle apperater som blir montert opp vil vere TUV sertifiserte.

Det ser absolutt ut til at vi har lyktes så langt, for både barn og de voksne har satt stor pris på oppgraderingen. Vi har fått gjenopprettet et samlingspunkt, også for barn og voksne ifra andre områder.

Det hadde kanskje vert naturlig at en nå setter av område til spontanidrett tilstøtende til lekeplassen for å få samle dette til et åpent rom for fri lek og lage til som en naturlig lekepark i Fosnavåg omegn. Siden Fosnavåg no mister "Huldalsbana" som har vert et området der bebuerene og "gjester" i nær område har brukt plassen til fri lek og organisert idrett må dette erstattes nå når dette blir omregulert.

At slike områder kan og blir ofte undervurderte men er et slikt viktig frirom både for de fastbuende og de besøkende i Fosnavåg. Slike frirom øker bo kvaliteten og styrker også fellesskapet i området.

Dette er skrevet på vegne av Fosnavågeren

Mvh  
Robert Kvalsvik  
Huldalsvegen 7  
6090 Fosnavaag  
Norway  
Mobile: +47 91 30 91 84  
Phone: +47 70 08 32 30  
E-mail: [robert.kvalsvik@mimer.no](mailto:robert.kvalsvik@mimer.no)

**Sporstøl Arkitekter AS**  
**Boks 301**  
**6067 Ulsteinvik**



**HULDAL  
FORELDREEIDE  
BARNEHAGE**

Huldal  
6090 FOSNAVÅG

Telefon: +47 70 08 96 09  
E-post: post@huldal-barnehage.no

Bankkonto: 3910 37 25600  
Foretaksnr.: 983 616 739

Dykkar referanse:  
Renate S Paulsen

Skrevet av:  
Renate Paulsen

Dokument navn:  
Merknader til varsel om oppstart  
av planarbeid for Huldal aust.

Dato:  
07.02.12

Side 1 av 3

## Merknader til planarbeid og planprogram for Huldal aust

Styrar i Huldal foreldreeigde barnehage og prosjektleiar Bjørnar Sporstøl møttest til eit møte og befaring i Huldal barnehage og området ikring den 19.01.12. Prosjektleiar informerte om varslingsdokumenta.

Styrer ved barnehagen informerte generelt om barnehagen med hensyn til antall barn, ansatte, trafikkforhold, bevegelses- og bruksmønster, arealbehov, fysiske omgivelser m.m. .

Dette møtet gav oss von om at barnehagen sine interesser skal verte godt ivaretekne i denne prosessen med ei framtidig omregulering til bustader på fotballbana og ikring liggande areal.

Huldal foreldreeigde barnehage har i styremøte 03.02.12 orientert seg i høve det utsendte varselet om oppstart av planarbeid på planprogram for Huldal aust.

Barnehagen ser positivt på ei utbygging av bustader i vårt nærområde. Vi ser at det kan medføre ei rekrutering av potensielle brukarar av barnehagen i framtida.

Vi er sjølvsgt opptekne av å sikre oss nok areal til uteleik og tilgang til friområde i nærleiken av barnehagen.

Sidan oppstart av barnehagen for 20 år sidan har vi boltra oss i areal på bana. Slik sett er vi godt vande. Samtundes har vi sakna ei fast innegjerding av barnehagen sitt uteområde i front av bygget/på bana. Det har ikkje lete seg gjere å endre på dette så lenge bana har vore nytta til fotball. Sikkerheit og tryggleik står i høgsetet i vår barnehageverden. Eit fullstendig innegjerda uteleikeområde har stått på vår ønskeliste lenge. No håper vi å kunne få på plass dette, ved å nytte oss av opsjonen på kjøp av areal i front av tribuna, som vi har avtalt med fotballgruppa når vi kjøpte huset og det resterande arealet vi har hand om i dag.

### Vidare følgjer merknader vi finn viktige i denne prosessen:

- **Avgrensning og sikring av området for barnehagens aktivitet:** Vi finn det sær viktig å presisere at barnehagen ynskjer ei raskast mogleg avklaring av opsjonsområdet. Det må i ei tidlig fase avklarast kva som vert barnehagens framtidige leikeområde på bana, slik at dette kan utbyggast, sikrast og inngjerdast.

Det er særskilt viktig at dette er gjort før den planlagte utbygging av området vert sett i gang. Med ei så pass stor utbygging av eit område vil vi i lang tid vere nabo med eit anleggsområde. Derfor ser vi det som ei føresetnad for sikkerheita for dei små, at vi kan vere ferdig med ny innegjerda leikeplass den dagen tunge maskiner og anleggstrafikk kjem i gang rundt oss. Å legge til rette for nye leikeuteoppholdsareal som buffer mellom barnehage og ny bebyggelse er ønskelig. Vi ser med spenning fram mot ei ny skisse over området slik det eventuelt kan verte.


- **Arealbehov:leike og oppholdsarealparkering/totalt tomtebehov:** Barnehagen har i dag godkjenning på 1763 m2 leikeareal ute. Inne er leike og oppholdsarealet 242,5 m2. Parkering på ca 1000 m2. Det totale arealbehovet / kravet for ein barnehage etter vår størrelse er eit samla totalareal på 2600 m2. I og med at Huldal foreldreeigde barnehage berre eig halva av den eksisterande opparbeidde leikeplassen i enden av bana, ser vi føre oss å opparbeide ny leikeplass i front av tribuna. Slik vil vi samle aktiviteten vår betre. Vi viser til opsjonsavtalen om kjøp av tilleggsareal fra Bergsøy IL for å kunne stette dette. Barnehagen ynskjer her ei antydning på kvadratmeterpris fra Bergsøy IL. Om utbyggjar vil kunne nytte seg av det arealet som i dag ligg som leikeplass kan vi einast om dette via sal av areal/eventuelt bytte.
- **Parkering:** Dagens plassering av parkeringsplass vil vi skal oppretthaldast, men adkomst kan med fordel tilknyttas ny veg i planområdet. Dette grunnet noko bratt adkomst mellom dagens parkering og kommunevegen.
- **Akebakke:** Det er ønske om å kunne anlegge akebakke nord av barnehagebygget. Pr.d.d vert det aka i hellinga parallellt med dagens leikeplass. Vi ser at den nok vil verte bebygd.
- **Sikring av fjellvegg i sør:** I samband med planarbeidet og gjennomføring /sprengning for tunnel/anlegg med ny innfartsveg har barnehager påpekt faren for stein kan løsne fra fjellveggen. Bhg påpeiker og etterlyser geologiske undersøkingear og sikringstiltak i samband med dette. Fylkesgeologen har vore kontakta i denne saka.
- **Barnehagen sin bruk av nærområdet for turer m.v.:** Vi er opptekne av å ha fri tilgang til turområder i nærmiljøet. Sikker veg med fortau når vi kjem ut om gjerdet er ei forutsetning for tryggleik for både små og store.
- **Generell bruk av grusbana og dagens trafikkmønster for gående og syklende:** Stiforbindelser mellom Huldalsveien, grusbana og vidare mot Fosnavåg sentrum vert påpeika. Mange gåande trafikkerer over bana i det daglige. Vi anser det som viktig at det fortsatt vert høve til dette.
- **Anna:** Det påpeikast at det er problem med vannansamling i sørenden av bana ved barnehagen, samt i skråninga ved grillplassen sør om barnehagebygget.

Vi håper at dette vil betre seg når nye veger med avløp, dreneringsanlegg i området vert etablert.

Vi vil vere tett med i den vidare prosessen og ser lyst på framtida her i Huldalen !

Renate Sævik Paulsen

Styrar

  
\_\_\_\_\_

Stian Elveseter

Styreleiar

  
\_\_\_\_\_

**Fra:** Bjørnar Sporstøl  
**Sendt:** 24. januar 2012 10:08  
**Til:** 'post@huldal-barnehage.no'  
**Kopi:** Hallvar Ulfstein (hallvar.ulfstein@havila.no)  
**Emne:** Møte og befaring 19-1-2012 - Møtenotat - VARSEL OPPSTART  
PLANARBEID OG INNHENTING AV HØRINGSUTALER PÅ PLANPROGRAM  
HULDAL AUST- HERØY KOMMUNE

Til:  
Huldal Foreldreigd Barnehage BA  
V/Styrer Renate Sævik Paulsen  
Huldal  
6090 Fosnavåg

### Møte og befaring 19-1-2012 – Møtenotat:

VARSEL OPPSTART PLANARBEID OG INNHENTING AV HØRINGSUTALER PÅ PLANPROGRAM HULDAL AUST- HERØY  
KOMMUNE

I samband med varsel om planstart og innhenting av høringsuttaler på planprogram hadde vi ett møte med befaring den 19.1-2012 kl. 1000 -1130.

Møtet var ett første møte mellom styrer for barnehagen og undertegne.

Undertegnede informerte om varslingsdokumentene.

Styrer ved barnehagen informerte generelt om barnehagen med hensyn til antall barn, ansatte , trafikkforhold, bevegelses- og bruksmønster, arealbehov, fysiske omgivelser m.m. .

Videre ble det drøfte mulighet for å avholde informasjonsmøte for grunneiere, naboer og andre i samband med planarbeidet/planprogrammet .

**Jeg har merket meg følgende med hensyn til det barnehagen anser som viktig for det videre planarbeidet:**

- **Barnehager har som mål:** Er å fortsatt ha drift som dagens omfang på antall barn og ansatte. Det opplyses at det er 2 avdelinger: 1 stk. avd. 1-3 år med 12 plasser, 1 stk. avd. 3-6 med 24 plasser . I tillegg er det ca. 10 tilsette.
- **Avgrensning og sikring av området for barnehagens aktivitet:** Dette må i en tidlig fase avklares hva som blir barnehagens område slik at dette kan sikres og inngjerdes. Dette er og spesielt viktig i samband med den planlagte utbygging av området. Å legge nye leike- uteoppholdsareal som buffer mellom barnehage og ny bebyggelse er ønskelig.
- **Arealbehov:** Barnehagen har i dag godkjenning på 1800 m2. Behovet etter krav/regelen er på 2600 m2. Det vises til opsjonsavtale om kjøp av tilleggsareal fra Bergsøy IL for å kunne stette dette. Barnehagen ønsker her en antydning på kvadratmeterpris fra Bergsøy IL.
- **Parkering:** Dagens plassering av parkeringsplass opprettholdes, men adkomst kan med fordel tilknyttes ny veg i planområdet. Dette grunnet noe bratt adkomst mellom dagens parkering og kommunevegen.
- **Akebakke:** Det er ønske om å kunne anlegge akebakke nord av barnehagebygget.
- **Sikring av fjellvegg i sør:** I samband med planarbeidet og gjennomføring /sprengning for tunnel/anlegg med ny innfartsveg har barnehager påpekt faren for stein kan løsne fra fjellveggen. Påpeker og etterlyser geologiske undersøkinger og sikringstiltak i samband med dette. Dette bør rette mot kommunen og plane det gjeld.
- **Barnehagens bruk av nærområdet for turer m.v.:** Turområder/-mål er Blåbærhammaren, Kleivaryggen, Heid m.m..
- **Generell bruk av grusbanen og dagens trafikkmonster for gående og syklende:** Stiforbindelser mellom Huldalsveien, grusbanen og videre mot Fosnavågsentrum påpekes. Dette vil bli gjenstand for vurderinger i det videre planarbeidet.

- **Annet:** Det påpekes at det er problemer med vannansamling sørenden av banen ved hanhagen, samt i skråningen ved grillplassen sør om barnehagebygget. Dette vil bedre seg når nye veger med avløp, dreneringsanlegg i området vert etablert.

**Infomøte:**

- Vi vil i lag med kommunen vurdere omfang og plassering. Bekrefter at Dere kan stille rom i barnehagebygg til dip. På kveldstid. Antydnet tidspkt. 1800-1930... Kapasitet er ca 25 personer. Vi vil komme tilbake med mer konkret opplegg om bruk av barnhagen skulle bli aktuelt.

Om det har tilføyelser til dette så er det bare å ta kontakt.

Hilsen

**Bjørnar Sporstøl**

Prosjektleder/ Byggeleder

E-post Direkte. [bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)

Telefon. 70 01 85 50

Mobiltelefon. 91 86 87 94

---

**Sporstøl Arkitekter as**

Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Telefon. 70 01 85 50

E-post [firmapost@sporstol.no](mailto:firmapost@sporstol.no)  
web [www.sporstol.no](http://www.sporstol.no)

---

## Bjørnar Sporstøl

---

**Fra:** Robert <robert.kvalsvik@mimer.no>  
**Sendt:** 29. mars 2012 13:45  
**Til:** Bjørnar Sporstøl  
**Emne:** Huldal Aust

Hei Bjørnar og takker for en hyggelig telefonsamtale.

Huldal Øst

Jeg Robert Kvalsvik bur i Fosnavåg på gnr 34, bnr 210 som er grenser til en parsell som ligger på gnr 34, bnr 1 som er privat eigendom.

Det er ønskelig å gjøre en grense justering av gnr 34, brn 210 der gnr 34, bnr 1 blir innlemmet i 34/210

Jeg jobber med utviding av bo arealet (tilbygg) som jeg er avhenging av skal jeg fortsette å bo på 34/210 og denne grensejusteringen er en del av plan arbeidet for at jeg skulle gjennomføre tilbygging av bo areal. Siden jeg nå har jobbet med dette projektet en stund trudde ikke jeg det var denne innlemmingen av parsellen som skulle sette en brems for projektet. Jeg håper at jeg kan få et snarlig svar på mine ønsker slik jeg kan ta de beslutninger jeg må utfra hvor jeg skal bo.

Svar fra Jarl Martin Møller:

Omsøkt areal er under regulering og før arealbruken er endeleg fastsatt kan eg ikkje tilrå ei grensejustering slik du søker om. Eg signaliserer såleis at eg vil gå imot ein søknad om grensejustering her.

Mvh  
Robert Kvalsvik  
Huldalsvegen 7  
6090 Fosnavaag  
Norway  
Mobile: +47 91 30 91 84  
Phone: +47 70 08 32 30  
E-mail: [robert.kvalsvik@mimer.no](mailto:robert.kvalsvik@mimer.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommuneSporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	20.09.2013	56835/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	04.11.2013

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 34/165 m fl - Huldal Aust - Bergsøy IL - revidert varsel om oppstart og høyring av planprogram

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Ved første gongs varsel om oppstart hadde vi ein del merknader til planprogrammet. I vår høyringsfråsegn av 21.11.2011 peika vi mellom anna på at det var uklart kva som skulle utgreiast, korleis opplegg for medverknad var tenkt og vi sakna ei meir overordna vurdering knytt til folkehelse. Vi signaliserte også mogleg motsegn til planframlegg, dersom planframlegg ved offentleg ettersyn ikkje stettar krava i rikspolitiske retningslinjer.

Vi er i utgangspunktet kritiske til at kommunen legg til rette for detaljregulering av tiltak i strid med gjeldande kommuneplan, samstundes som ein er i slutfasen av arbeidet med revidering av kommuneplanen. Det er gjennom revideringa av kommuneplanen ein skal fastsette dei overordna strukturane i arealbruken for dei neste 10-20 åra. I planprosessen er det lagt opp til ei sterk utviding av Fosnavåg, og det er difor særskilt viktig å sikre ei heilskapleg utvikling i dette området. Ein parallell planprosess som den varsla detaljreguleringa vil kunne legge svært uheldige føringar for det vidare arbeidet med kommuneplana. Det er ikkje vist til mangel på bustader i kommunen som grunnlag for regulering av bustader her. Vi legg difor til grunn at ei utsetting av dette prosjektet til framlegg til ny kommuneplan har vore til høyring, ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kommunen.

Det er avgjerande viktig at arbeidet med kommuneplanen blir prioritert, og at kommunen sikrar at dei overordna rammene og føringane for arealbruken blir handtert i denne prosessen. Vi rår sterkt i frå at ein går vidare med denne detaljreguleringa før framlegg til ny kommuneplan har vore gjennom ei første offentleg høyring. Vi registrerer at vi no, ved utløp av høyringsfristen for dette planarbeidet, har fått planframlegg til kommuneplana til offentleg ettersyn.

## MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

### Disposisjon

Planprogrammet er framleis uryddig organisert, og har eit svakt skille mellom kva som er eksisterande kunnskap som skal leggest til grunn for planarbeidet, og kva utgreiingar ein har behov for å gjere. For nye utgreiingar må også metodikk grovt skisserast. Programmet er teksttungt og blandar i alt for stor grad informasjon om tenkt planframlegg, prosess og ulike utgreiingar. Formuleringane av utgreiingsbehovet er vage og gjer det vanskeleg for sektormynde å ta stilling til om utgreiingane vil vere tilstrekkelege. Formuleringane må strammast inn, og vi vil sterkt tilrå at teksten i dokumentet vert korta ned og meir spissa i forhold til formålet med eit planprogram. Vi legg stor vekt på kommunen si rolle som planmyndigheit, og legg til grunn at planprogram ved vedtak vil vere i tråd med forskriftskrava til planprogram.

Strukturen i planprogrammet skal vere:

1. Generelle opplysningar om prosessen og formålet med planlegginga
2. Oversikt over eksisterande kunnskap som blir nytta i planlegginga
3. Oversikt over utgreiingsbehov og korleis utgreiingane blir gjennomført
4. Opplegg for medverknad (grovt tidfesta) med gjennomføringsplan

Ver særleg merksam på kravet om vurdering av alternativt areal (evt. 0-alternativ). Det fins mykje potensielt byggeareal i kommunen, og framlegget til ny arealdel vil bli sentralt i vidare arbeid.

### Automatisk freda kulturminne

Vi viser til vår fråsegn datert 10.02.2012, der vi stilte krav om registrering i eit myrområde nord i området, jf. lov om kulturminne § 9. Ut frå vår kjennskap til automatisk freda kulturminne i nærområdet er det først og fremst buplassar frå steinbrukande tid det er potensiale for her.

I følgje § 10 i lov om kulturminne er det tiltakshavar som må dekke utgiftene til registreringa. Arbeidet er rekna til å la seg gjennomføre innanfor rammene av eit vekeverk i felt, noko som gjev følgjande kostnadsoverslag:

1 veke feltarbeid à 30.000,-	30.000,-
3 dagsverk etterarbeid à 3.000,-	9.000,-
2 14C-prøver à 4.000,-	8.000,-
<b>Sum</b>	<b>47.000,-</b>

Det er naudsynt å bruke gravemaskin for å fjerne torvlaget i området, og vi gjer merksam på at utgifter til maskin ikkje er med i kostnadsoverslaget. Vi ber også kommunen avklare forholdet til grunneigarar og eventuelle kablar i området. Tinging av arkeologisk feltarbeid må vere skriftleg, og det må gå klart fram kven utgiftene skal fakturerast til.

### Samferdsel

Ei større utbygging av bustadar o.l. bør byggje oppunder eksisterande kollektivtilbod, planområdet ligg innafor ein avstand på 600 meter frå kollektivterminalen i Fosnavåg og er slik *innanfor* det ein kan sjå på som maksimalt akseptabel gåavstand i tettbygd strøk. Med tanke på skuleskyss og moglegeheita for i framtida å få eit betre kollektivtilbod bør det vurderast å etablere kantstopp eller annan type haldeplass langs FV20 vest i planområdet. Trygg skuleveg, og elles gode tilhøve for mjuke trafikantar ned mot sentrum og eventuelt andre viktige lokale målpunkt må bli ivaretatt i planarbeidet. Ein lyt vurdere å utvide planområdet eller avvente ei meir heilskapleg tilnærming gjennom

kommuneplanen, om ikkje desse omsyna kan takast i vare med noverande planavgrensing.

### **Barn og unge**

Vi kan ikkje sjå at barn og unge er via tilstrekkeleg merksemd i planprogrammet, til tross for at utvida (og reell) medverknad er eit heilt sentralt poeng med konsekvensutgreiingsprosessen. Utgreiinga må avdekke dagens bruk av området, slik at ein gjennom planarbeidet kan legge til rette for *fullverdig erstatningsareal*, jf. forskrift om rikspolitiske retningslinjer for planlegging for barn og unge. Dette er eit absolutt krav, og vi vil fremje motsegn til planframlegg som ikkje har tilstrekkeleg dokumentasjon av dagens bruk av området. Kvaliteten på/ resultatet frå kommunen si barnetrakkregistrering må omtalast i planprogrammet, slik at ein kan ta stilling til eventuelt supplerande registreringsbehov. Vidare må ein vurdere *potensialet for framtidig bruk* opp mot forventa framtidig behov (for området som heilskap). Dette er ei oppgåve som berre kommunen etter vårt syn kan gjere på ein heilskapleg måte, og ein må nødvendigvis avvente framlegget til ny kommuneplan. Det er også planar om utviding av Fosnavåg sentrum, med hovudfokus på å legge til rette for fleire bustader i Fosnavåg. Dette vil kunne auke delen barn og unge i området vesentleg i forhold til dagens situasjon.

### **Folkehelse/friluftsliv**

Delar av området som er foreslått omregulert er i dag ei grusbane som har motteke spelemidlar (Huldal grus, anleggsnr 1515000101), totalt kr 380 000 i løpet 1984/85 og 1991. Ved at anlegget har motteke spelemidlar er det og underlagt bestemmelsar om spelemidlar, mellom anna ligg det krav til drift av anlegget. Punkt 2.3.1 og 2.3.3 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet seier: Anleggseigar pliktar å halde anlegget ope for allmenn idrettsleg aktivitet 40 år frå ferdigstilling av anlegget. Anleggseigar vert oppfordra til å tilretteleggje særleg for born og ungdom sin bruk av anlegget. Dersom den framtidige drifta av anlegget er truga, skal anleggseigar uten grunnlaust opphald orientere departementet om dette. Denne plikta kviler på kommunen og. Overføring, sal, deling, flytting, nedlegging eller bruksendring av anlegget skal ikkje gjerast uten skriftleg førehandssamtykke frå departementet. Dette gjeld uavhengig av om overføringa vert gjort mot vederlag eller ikkje. Misleghald av punkta under 2.3, Krav til drift, kan føre til at departementet krev tildlegare utbetalt tilskot tilbakebetalt med tillegg av 5 % rente i inntil to år.

Som del av utgreiingsarbeidet må denne situasjonen avklarast, og nødvendig kontakt med departementet må inngå som del av planarbeidet.

## **INNSPEL TIL PLANARBEIDET**

### **Planfaglege råd**

Vi rår framleis sterkt til at planarbeidet avventar til framlegg til kommuneplanens arealdel har vore til høyring. Først då har ein eit heilskapleg perspektiv på framtidig arealbruk i området, og kan ta stilling til kva forventa behov for areal til leik, idrett og grøntstruktur vil vere. I og med framlegg til ny arealdel no er utlagt til offentleg ettersyn, vil vi kome med innspel her. Vi føreset at arealdelen vert det førande dokumentet i saka vidare.

Planframlegg må ivareta både behov for areal til leik for området som heilskap, utbygginga spesielt og behov for areal til felles uteopphaldsareal for konsentrerte bustader. Dette skal for leik avsettast som eige arealformål, vi tilrår sterkt at også felles uteopphaldsareal vert eige arealformål. Dette på grunn at vi ser at stadig fleire prosjekt berre forheld seg til utnyttingsgrad, og ikkje legg vekt på kvalitetar for uteopphaldsareal når bygg og parkeringsplassar vert plassert i byggesak. Dei fleste reguleringsplanar for

prosjekt av denne typen er såpass detaljerte at det ikkje bør vere problematisk å dele dette inn i ulike arealformål, og heller tillate høgare utnytting av det som vert definert som utbyggingsområde. Slik er det også lettare å knytte egne føresegner til uteområde.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Eventuelle funn må innarbeidast i planframlegget.

#### **Barn og unge**

Det må som nemnt avsettast tilstrekkeleg og eigna areal til leik. Vidare må overordna grøntstruktur ivaretakast og fullverdig erstatningsareal for idrettsbana sikrast. Området må sjåast på i sin heilskap, og i eit framtidig perspektiv med auka busetting i området.

#### **KONKLUSJON**

Vi viser til merknadane ovanfor. Det er mogleg at fylkeskommunen vil fremje motsegn i saka, og vi ber kommunen legge opp til ei plansaksbehandling som ivaretek lovkrava til medverknad (også i høve offentlege mynde/ sektormynde). Vi føreset også at framlegget til ny arealdel vert førande for den vidare behandlinga av saka. Fastsett planprogram må stette formelle krav.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

#### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Kristoffer Dahle  
Samferdsel: Jonas Solheim

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her  
Herøy kommune



Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

MOTTATT 23 OKT 2013

## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan Huldal Aust gnr34 bnr165 m.fl.. Fråsegn til ny kunngjering om oppstart av planarbeid.

Vi viser til dykkar oversending av saka den 20.09.2013, samt vår fråsegn den 23.02.2012 i samband med første gongs varsel om oppstart av planarbeid for Huldal aust.

Fylkesmannen forventar at born og unge sine arealbehov vert ivaretatt i planen, og har i fråsegna til oppstartsvarslet peika på behovet for konfliktavklaring knytt til bruken av regulert friområde i Huldalen, jfr. *forskrift om rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*. Vi er nøgd med at dette er tatt inn i planprogrammet, og at barnetrakkregistreringar vil bli nytta til innhenting av kunnskap born og unge sin bruk av areala.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)  
samordnar

Astrid Buset

### Kopi:

Herøy kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



**Statens vegvesen**

MOTTATT 2 OKT 2013

*S. Sporstøl*

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2011/190357-007

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.09.2013

**Herøy kommune - Reguleringsplan Huldal aust - 2. gongs  
kunnngjering / varsel om oppstart planarbeid med detaljregulering og  
utlegging av planprogram. Uttale**

Viser til skriv av 16.8.2013 frå Sporstøl Arkitekter AS med kunnngjering/varsel av oppstart av detaljregulering og utlegging av planprogram for Huldal Aust i Herøy kommune.

Statens vegvesen har i denne omgang ingen vesentleg merknad/innspel til varsla planarbeid og framlegget til planprogram.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*Gitle Beierman*  
for Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

*Hallvard Sæverud*  
Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune  
Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

MOTTATT 27 SEP 2013

*S. Spørstøl*

Sporstøl Arkitekter as  
pb 301  
6067 ULSTEINVIK

Vår dato: 26 SEPT. 2013  
Vår ref.: NVE 201305852-3 rv/tes  
Arkiv: 323  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Innspel til oppstart av detaljregulering for Huldal Aust - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 16.8.2013. Saka gjeld oppstartsvarsel for arbeid med detaljreguleringsplan for Huldal aust. Føremålet med reguleringsarbeidet er å avklare arealbruken i samband med at Bergsøy IL ønskjer å selje sin eigedom.

Aust i planområdet er det ein fjellskrent som i Skrednett er avmerka som potensielt skredfarleg. Dersom det er planlagt bygging innanfor potensielt skredfarleg område må det gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkelig fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.

Med helsing

*Bright Olay Samdal*  
Brikt Olay Samdal  
regionsjef

*Terje Systad*  
Terje Systad  
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no  
Org nr : NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Nausidalsvn 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Sporstøl Arkitekter AS

Postboks 301

6067 ULSTEINVIK

Telefon: 70 08 64 70

Adresse: 6080 Gurskøy

E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)

Heimeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref: Stine Sporstøl

Vår ref: AKL

Dato: 22.10.2013

## Uttale til 2. gongs varsel om oppstart planarbeid Huldal austre i Herøy kommune

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til at planarbeidet.

Med helsing

  
Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef



## Bjørnar Sporstøl

---

**Fra:** Bjørnar Sporstøl  
**Sendt:** 30. september 2013 14:38  
**Til:** 'Lars Pedersen'  
**Emne:** SV: Huldal aust

Hei  
Bekrefter at Deres innspill er mottatt.

Hilsen

### Bjørnar Sporstøl

Prosjektleder/ Byggeleder

E-post Direkte. [bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)

Telefon. 70 01 85 50

Mobiltelefon. 91 86 87 94

---

<b>Sporstøl Arkitekter as</b>	Telefon.	70 01 85 50
Postboks 301	E-post.	<a href="mailto:firmapost@porstol.no">firmapost@porstol.no</a>
6067 ULSTEINVIK	web.	<a href="http://www.sporstol.no">www.sporstol.no</a>

---

---

**Fra:** Lars Pedersen [<mailto:Lars.Pedersen@TUSSA.NO>]

**Sendt:** 30. september 2013 12:47

**Til:** Bjørnar Sporstøl

**Emne:** Huldal aust

Viser til tilsendt varsel.

Området som er under planlegging vert av ein slik storleik at det er naudsynt å etablere ein ny 20kV nettstasjon med tilhøyrande HS- og LS-nett.

Kvar denne nettstasjonen skal plasserast må avklarast med Tussa Nett AS. Den bør forsyningsmessig leggest nærast dei største belastningane, dvs blokker/rekkehus. Ein må likeeins ta stilling til om nettstasjon skal plasserast i bygningsmassen eller vere frittstående.

Ber om at de tek nærmare kontakt med oss for å dette med i den vidare planlegginga.

Med vennleg helsing  
Tussa Nett AS

**Lars Pedersen**

Ingeniør nett

Dragsund, 6080 Gurskøy

Tlf: +(47) 70046157

Mob: +(47) 90798029

E-post: [lars.pedersen@tussa.no](mailto:lars.pedersen@tussa.no)



## **NOTAT**

**Til:** Formannskapet

**Frå:** Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr  
2010/576

Arkivkode  
M13

Dato  
04.10.2011

---

### **VASSNIVÅET I MYRA VED HULDALSBA NA. VEDK. SPØRSMÅL OM FØLGJEKOSTNADER VED EVT. SENKING AV VASSTAND.**

**Vedlegg:**

1.	Kopi av	F-sak 160/06
2.	" "	brev til NVE av 18.06.2010
3.	" "	brev frå NVE av 13.07.2010
4.	" "	brev til Geovest-Haugland AS av 01.07.2011
5.	" "	e-post frå Geovest-Haugland AS av 07.07.2011
6.	" "	Utdrag av tidlegare politiske handsamingar av saka m.a. i 1973, 1976 og 1977

#### **Saksopplysningar:**

Vassnivået i myra ved Huldalsbana har gjennom åra vore sett på som eit problem av dei som bur/ har eigedom som ligg nær inntil. Problemet er ikkje av ny dato og har vore handsama politisk i formannskapet fleire gonger – første gongen så langt tilbake som i 1970.

Myra er privat eigedom og kommunen har i medhald av dette ikkje sett seg forplikta til å ta noko ansvar for forholda. I samband med bygging av Huldalsbana grov Bergsøy idrettslag nokre drenggrøfter i frå bana til krysset mellom Huldalsvegen og Igesundvegen. I dei seinare år har kommunen med ujamne mellomrom reinska opp desse grøftene. Seinast sommaren 2011.

Til formannskapsmøte i september 1970 låg det føre klage frå 12 oppsitjarar ved Igesundvegen. Det vart klaga over at myra nedanfor idrettsplassen stod som ein illeluktande kompost og at der var opne veiter som gjorde det farleg for barn å leike i området. Etter oppsitjarane si meining var grunnen til dette at avløpet for vatnet vart sperra i krysset Igesundvegen/ Huldalsvegen då Huldalsvegen vart bygd. Kommunen senka den gongen utløpsrøret 15 cm til full utnytting av avløpsrøra gjennom krysset. Tilhøva m.o.t. avrenning frå Huldalsmyra gjennom vegen ved krysset med Igesundsvegen er i dag uendra i høve til den senkinga som vart gjort i 1970.

Siste gongen denne problematikken vart handsama var i F-sak 160/06 (jfr. vedlegg nr. 1). Administrasjonen fekk ved handsaminga av saka i oppdrag å avklare følgjekostnader ved ei evt. senking av vasstanden i myra.

Anleggs- og driftsavdelinga tok i denne samanheng kontakt med NVE med førespurnad om nødvendig bistand då ein følte at ein ikkje hadde god nok kompetanse til å gjennomføre ei slik vurdering (jfr. vedlegg nr. 2). Svaret frå NVE var at deira prioritering først og fremst vart vurdert ut frå risikovurdering og kost/ nytte-analyse. NVE konkluderte med at dei i dette tilfellet ikkje fann at risikoen for at det skulle gå utover liv og helse, eller store verdjar, var tilstrekkeleg til at ein kunne yte noko bistand i saka (jfr. vedlegg nr. 3).

Etter avslaget frå NVE tok ein så kontakt med konsulentfirmaet Geovest-Haugland AS og bad om deira bistand i saka (jfr. vedlegg nr. 3). Geovest-Haugland svara at ein etter intern drøfting/ gjennomgang av tilsende saksdokument ikkje såg seg i stand til å tilby noko rådgjeving i høve saka. Det vart frå konsulentfirmaet peika på at dei mange ulike forhold ved saka gjorde det uråd å stipulere eit evt. tidsforbruk ved eit evt. utgreiingsarbeid, og endå vanskelegare ville det vere å stipulere følgjekostnader ved ei senking av vasstanden i myra. Det vart m.a. peika på usikkerheita m.o.t. fundamentering av dei tilgrensande husa og grunnforholda på dei ulike eigedomane som ville bli påverka. Geovest-Haugland AS konkluderte med at ein ikkje ansåg ei senking av vasstanden som noko god løysing og slik sett frårådde dette.

Konklusjonane frå NVE og konsulentfirmaet Geovest- Haugland AS samsvarar godt med dei vurderingane kommunen sjølv har gjort tidlegare.

#### **Vurdering/ konklusjon:**

Slik ein tolkar dei tilbakemeldingane ein har fått på dei ovannemde utspela, vil det i praksis vere uråd å få nokon til å gje ei utgreiing med anbefalte tiltak og stå ansvarleg for denne. Til det er det ved denne saka alt for mange ukjende/ usikre moment. Om ein tenkjer seg ei senking av vasstanden med evt. påfølgjande setningsskadar på private eigedomar i etterkant, vil kommunen straks ha millionkrav retta mot seg.

Det er no sett i gang regulering av området i privat regi. Det er i samband med denne reguleringa føresett at det vert føreteke ei konsekvensutgreiing dersom planen omfattar tiltak som medfører seinking av vasstanden i myra.

**I og med at det ikkje synest realistisk å gjennomføre seinking utan at risikoen for setningsskadar er til stades ser Anleggs- og driftsavdelinga det som mest realistisk/fornuftig at ein satsar på gode rutinar for ivaretaking av kapasiteten på dagens avløp/avrenning, og at myra m.o.t. vassnivået får ligge urørt.**

Fosnavåg, 04.10.2011

Rune Sjurgard

Jon Rune Våge

Kopi:

- Utviklingsavdelinga, her

## Bjørnar Sporstøl

---

**Fra:** Bjørnar Sporstøl  
**Sendt:** 20. september 2013 08:40  
**Til:** 'Renate Paulsen'  
**Emne:** SV: Merknad til planprogram for Huldal aust (Huldal barnehage)

Hei Renate  
Bekrefter å ha mottatt Deres merknad.  
Merknader blir tatt med i den videre planarbeidet.

Hilsen

**Bjørnar Sporstøl**  
Prosjektleder/ Byggeleder  
E-post Direkte. [bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)  
Telefon. 70 01 85 50  
Mobiltelefon. 91 86 87 94

---

<b>Sporstøl Arkitekter as</b>	Telefon.	70 01 85 50
Postboks 301 6067 ULSTEINVIK	E-post. web.	<a href="mailto:firmapost@porstol.no">firmapost@porstol.no</a> <a href="http://www.sporstol.no">www.sporstol.no</a>

---

---

**Fra:** Renate Paulsen [<mailto:post@huldal-barnehage.no>]  
**Sendt:** 19. september 2013 11:02  
**Til:** Bjørnar Sporstøl  
**Kopi:** Stian Elveseter  
**Emne:** Merknad til planprogram for Huldal aust (Huldal barnehage)

Til Sporstøl Arkitekter v/Bjørnar Sporstøl

Huldal barnehage har sett på planprogrammet i eigarstyre og foreldregruppe og vil kome med våre innsigelsar til planprogrammet.

Huldal barnehage vil med dette gje tilbakemelding på at vi ikkje kan godta planskisse slik den kjem fram i dette 2.varselet.

Huldal bhg har heile tida stått fast på at vi vil benytte oss av opsjonen på kjøp av areal i front av tribuna.. I planprogrammet er her lagt ein parkeringsplass for den eine blokka heilt inn til tribuna.

I høve våre berekningar på arealbehov for å stette barnhagelova i høve til leikeareal og parkering må vi ha eit tilleggsareal på vel 600 kvm. Vår godkjenning av barnehagen står i fare om vi ikkje får nok areal til leik/parkering. Vi må heilt sikkert til med ei ny godkjenning av området når det vert slike endringar som det no ligg an til.

Vi ser og føre oss at vi vil ha vår eigen parkeringsplass og ikkje dele med den med ei blokk på 20 bueiningar. Vi veit vel at dei fleste husstandar i dag har meir enn ein bil kvar. Så då vil det vere behov for fleire park.plassar til blokka enn det som er planlagt i park.kjeller. Har oppfatta det slik at det der er 1 park plass pr. leilighet i underetg av blokka.

Vi ber om at dette vert teke hensyn til i utarbeiding av skisser.

For oss er det eit ønske å flytte leikearealet vårt nermare huset og få parkering i front av leikeareal. Slik skaper vi oss litt meir avstand til nye boligar. Skulle tru at det vil vere ein fordel for eventuelle bebuarar og barns leik er ikkje heilt støyfri! I og med at vi ikkje eig 34/509 ( på skissa kan det sjå ut som om vi har dette arealet som vårt) som ligg nær inntil der planprogrammet tenkjer seg tilkomstvegen, kan det omarbeidast til parkering for bebuarar i området....

Som bakgrunn for planarbeidet vert det frå Bergsøy IL (BIL) opplyst at dei i framtida vil konsentrere utviklinga og utbygginga av sine anlegg til området ved Bergsøy stadion. I denne samanheng ønskjer dei å legge til rette for bustadbygging m.v. på eksisterande eigedomar/bane i Huldalen med sikte på seinare sal av dei nemnde eigedomane (gnr. 34 bnr. 165 m.fl.).

Det vart halde oppstartmøte saman med representant for BIL og utførande arkitekt Sporstøl Arkitekter AS den 24.05.2011. Hovudkonklusjonen frå dette møtet var at kommunen på visse vilkår ville tilrå at det vart utarbeidd plan. Vilkåra gjekk mellom anna på justering av planavgrensinga og krav om utarbeiding av planprogram. Sistnemnde var grunngeve med at tiltaket ikkje var i samsvar med overordna plan (kommuneplanen). Det vart i oppstartmøtet også gjeve tilbakemelding på at tiltaket ville krevje konsekvensutgreiing (KU) og at spørsmålet om oppstart måtte leggest fram for formannskapet saman med forslag til planprogram. Forslag til planprogram vart oversendt kommunen den 22.09.2011.

Formannskapet har tidlegare handsama planprogram for planarbeidet og vedtok samstundes at det kunne startast opp arbeid med privat reguleringsplan for eit avgrensa område i Huldalen. Konsulent gjennomførte varsel om oppstart av planarbeid, der planarbeid og planprogrammet blei kunngjort i avis og på nettsida til Herøy kommune. Planprogrammet blei lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til regionale instansar, grunneigarar og naboar. Innspel til planarbeidet følgjer som vedlegg nr 4 til denne saka.

Med bakgrunn i dei innspela som blei motteke og i etterkant av høyringsperioden, har det vore gjennomført møte mellom Utviklingsavdelinga, plankonsulent og representant frå tiltakshavar. I møte blei ein samde om å gå vidare med planarbeidet med sikte på utarbeiding av ein privat detaljreguleringsplan for området i Huldalen. Med bakgrunn i tilbakemeldingane (innspela) frå 1.gongs høyringsperiode, og då med særskilt omsyn til innspelet frå Møre og Romsdal fylkeskommune, blei det vurdert som naudsynt å utarbeide eit revidert planprogram med sikte på ny politisk behandling og 2.gongs høyring til regionale instansar, grunneigarar og naboar for å sikre medverknad i planarbeidet. Det ligg ikkje føre endringar i tidlegare varsla plangrense. Denne er på 39.3 daa som vist i vedlegg 2. Planprogram skal no vere utarbeidd etter reglane i PBL § 4-1. Programmet skal, etter vedtak i formannskapet, utleggast til offentleg ettersyn i minimum 6 veker og samtidig sendast aktuelle høyringsorgan til uttale. Evt. justert planprogram skal, etter høyringsperioden vedtakast av Formannskapet og legge rammer for det vidare arbeidet med utarbeiding av ein privat detaljreguleringsplan.



## **Vurdering**

Rådmannen viser til at revidert planprogram av 15.05.2013 er meir utfyllande enn førre forslag til planprogram som har vore på høyring. Innhaldet i planprogrammet oppfyller no etter rådmannen si vurdering dei krava som blir stilt til eit slikt dokument i plan- og bygningslova (PBL) § 1-4. Planprogrammet skal, etter stadfesting, legge rammer for det vidare arbeidet med utarbeiding av eit privat planforslag med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Her skal planprogrammet blant anna gjere greie for; formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad spesielt i forhold til grupper som ein antek blir særleg råka, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Planprogrammet skal her vere tingingar av vidare utgreiingsarbeid (KU), der svara skal gjevast i konsekvensutgreiinga som ein del av planomtalen ved offentleg ettersyn / høyring av planforslaget.

Revidert planprogram er oppbygd med ein del I som inneheld ei skildring av planens innhald og rammeverk. Del II av planprogrammet inneheld program for konsekvensutgreiing (KU) som skal vere ein del av ein framtidig planomtalen ved offentleg ettersyn/ høyring av planforslaget.

### Formål med planarbeidet:

Hovudformålet med det private planarbeidet er å legge rammene for utvikling av eit sentrumsnært og moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg. I tillegg vert det opplyst at ein søker å legge gode rammer for alternative områder for uteopphald/leik som erstatning for bortfall av dagens ikkje aktive idrettsbane. Tiltakshavar vil i løpet av planprosessen legge prosjektet og eigedomar ut for sal. I planprogrammet er moglege løysingar vist gjennom perspektiv / 3D-illustrasjonar og situasjonsplan. Desse følgjer som vedlegg til denne saka.

Slik det er skissert i planprogrammet med tilhøyrande illustrasjonar og situasjonsplan, vil det private planforslaget sjå nærare på ulike alternative utbyggingsmønster for bustadformål på noverande idrettsbane i Huldalen. Dei ulike alternativa vil innehalde formål som; nye bygningar, uteareal, parkering, tilkomstveg, utviding av barnehagen, gangveg, parkområde og leikeplassar. Gjennom planprogrammet blir det vidare vist til historikken rundt Huldalsbana som tidlegare idrettsarena i Fosnavåg sentrum. Hovudaktiviteten til BIL er i dag flytta til kulturhusområdet (Havila Stadion Fosnavåg), eit område som i dag har to godt tilrettelagde kunstgrasbaner som skal dekkje idrettsbehovet til BIL gjennom året. Området ved Havila Stadion Fosnavåg inneheld difor element som gir grunnlag for eit samla og varierende aktivitetstilbod for barn og unge, både gjennom organisert og uorganisert aktivitet. I planprogrammet blir nemnt at bruk av Huldalsbana som idrettsområde blir sett på som uaktuelt for BIL sine formål, sidan all idrettsaktivitet no er flytta ut av dette området og til Havila Stadion Fosnavåg. Når det gjeld friidrett, så er desse aktivitetane i dag lokalisert i hovudsak til Heidbana(Bendalen).

### Planprosess

Planarbeidet skal følgje reglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter. Når det gjeld prosess for behandling av planforslag er det sett opp ein eigen framdriftsplan i planprogrammet. Konsulent har som mål å få godkjend ein reguleringsplan i løpet av januar – mars 2014. Rådmannen vurderer denne framdriftsplanen som realistisk og absolutt mogleg å gjennomføre innanfor skisserte rammer.

### Medverknad og innspel til planarbeidet

Utover dei lovbestemte krava til medverknad, er det nemnt i planprogrammet ei utvida form for medverknad i form av eit ope folkemøte i forkant av planforslag til offentlig ettersyn. Bakgrunnen for folkemøte er å sikre reell medverknad før utarbeiding av eit forslag til detaljregulering. Rådmannen vurderer ei utvida form for medverknad som både riktig og viktig grep i denne plansaka, sett i høve formål, interesser og behovet for gjennomføring av konsekvensutgreiing. Ein vil også understreke at planforslaget må drøftast med særskilde grupper som ein del av den vidare planprosessen.

Når det gjeld dei innspela som har kome til 1.gongs høyring av planprogram, føreset rådmannen at desse blir kommentert og gjort greie for av konsulent som ein del av planomtalen til offentlig ettersyn. Det same gjeld innspel til planprogram ved 2.gongs høyring.

I høve innspelet som har kome frå Møre og Romsdal fylkeskommune til 1.gongs høyring av planprogram, er rådmannen av den oppfatning av at Fylkeskommunen går langt i å «diktere» kommunen sin arealbruk i denne saka. Møre og Romsdal fylkeskommune varslar at dei vil fremje motsegn til planforslaget;

**«Vi vil allereie no varsle at vi kan ha motsegn mot plana med utgangspunkt i interessane til barn og unge dersom desse ikkje er ivaretekne eller utgreidd tilstrekkeleg»  
(Brev frå MRfylke, datert 10.02.2012).**

Gjennom dialog med Fylkeskommunen i samband med handsaming av revidert planprogram, er det stadfesta frå Fylkeskommunen at deira utsegn framleis står ved lag, og at det uavhengig av innhaldet i planprogrammet vil kome ei motsegn i denne saka med bakgrunn i barn- og unge sine interesser.

Rådmannen ynskjer vidare å gjere Fylkeskommunen merksam på at formannskapet, gjennom sitt tidlegare vedtak, har stilt seg positiv til at denne delen av Huldalen kan utnyttast til bustadformål framfor idrett. Endring av området til bustadformål er også sendt som innspel til rullering av kommuneplanens arealdel, og innspel er positivt handsama av arbeidsgruppa der ein tilrår at dette området blir teke inn i kommuneplanen som bustadområde.

Kommunen har avgrensa med areal i sentrumsområdet som er eigna til nye bustadformålet, og ser ei vidare satsing på bustader i sentrum som viktig og avgjerande for å kunne auke aktivitetsnivået i dagens Fosnavåg. Ein ser denne satsinga som eit viktig grep i høve vidare samfunnsutvikling og i høve det vidare grunnlag for eksisterande og nye funksjonar i sentrum. Rådmannen er av den oppfatninga av at dersom ein skal kunne auke aktivitetsnivået i sentrum, er ein avhengig av at det bur endå fleire innbyggjarar i sentrum som kan nytte seg av dei funksjonane som blir etablert.

Formålet med dette planarbeidet er vurdert til å vere i tråd med RPR for samordna areal- og transportplanlegging og i tråd med Miljøverndepartementet sitt brev til Fylkesmannen om å sjå til at kommunen sett av tilstrekkeleg areal eigna til bustadføremål i sine planar. Rådmannen oppfattar brevet frå MD som ei presisering om at kommunane skal sjå til at det blir lagt til rette for meir areal til bustadformål.

Rådmannen vurderer difor formålet med dette planarbeidet til å vere i tråd med dei overordna signala frå Miljøverndepartementet, samt gjeldande samfunnsdel for Herøy, jfr. pkt «2 Sentrumsutvikling».

Rådmannen er samd med Fylkeskommunen i at barn- og unge sine interesser må ivaretakast i det vidare planarbeidet, og ein viser til at sjølv om området i dag ikkje lenger er aktuelt for BIL sine formål, vil ein understreke at barn- og unge sine interesser må ivaretakast i det vidare planarbeidet, gjennom vidare utgreiingsarbeid og KU-vurderingar i planprosessen.

Ein viser til at planområdet også bør sjåast opp mot planarbeidet sine intensjonar og kommunen sine behov for meir bustadareal og vidare sentrumsutvikling.

Rådmannen viser elles til den satsinga som no skjer på Campus Fosnavåg, der Havila Stadion Fosnavåg er tenkt som den framtidige idrettsarenaen på Bergsøya for barn- og unge. Idrettstilbodet i dette området er under stadig utvikling og har også tilgang til kollektivtransport som gjer det mogleg for barn- og unge å nytte seg av dei tilboda (organisert og uorganisert) som eksisterar og er under utvikling i dette området. Kvaliteten og føresetnadane for å skape eit fullverdig idrettsområde for barn- og unge ved Campus Fosnavåg er langt større enn kva som er tilfelle for Huldalsområdet, noko som i eit berekraftig perspektiv tilseier ei vidare satsing på idrett ved Campus Fosnavåg. Rådmannen meiner fylkeskommunen må ta med desse momenta i sine vurderingar i høve RPR for barn- og unge.

I revidert planprogram vil barne- og unge sine interesser bli utgreidd som ein del av dei føreståande KU-vurderingane, jfr. Planprogrammet del II. Rådmannen er av den oppfatning av det i området er fullt mogleg å få til løysingar som kan ivareta barn- og unge sine interesser, men at det i samband med den vidare prosessen må greiast meir ut om dette temaet. Gjennom illustrasjonar til planprogrammet blir det vist at «Huldalsmyra» (området i nord) er aktuell som parkareal med tilhøyrande «ballfelt», samstundes som det blir lagt til rette for ein større del av parkområdet til rekreasjon, opphald og leik. Rådmannen ser dette plangrepet som positivt og har tidlegare signalisert at dette området bør haldast fritt for bygging for å ivareta nettopp desse behova. Ein viser elles til at det i dag allereie er etablert ein møblert leikeplass i området, som vil kunne ivareta behova for leik til dei minste borna. Med bakgrunn i dei ovannemnde momenta, er det i området mogleg å kunne ivareta barn- og unge sine interesser på ein god måte, samstundes som ein kan nå formåla med planarbeidet og sikre kommunen sine behov for meir bustadareal i sentrum.

I høve hovudtyngda av idrettsaktivitet som tidlegare har vore på Huldalsbana, viser rådmannen til ovannemnde og at denne no er lokalisert til Campus Fosnavåg (Havila Stadion Fosnavåg) og at dette blir sett på som den framtidig idrettsarenaen på Bergsøya.

#### Vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU):

I Forskrift om konsekvensutgreiingar § 3 er dei lista opp kva planar og tiltak som skal vurderast etter forskrifta § 4 med tanke på gjennomføring av KU. I § 3 bokstav d) er det mellom anna nemnt detaljreguleringar som inneber endring av kommuneplan eller områderegulering. Vilkåra for å krevje KU er heilt klart til stades mellom dei opplista forutsetningane i § 4.

Dette har kommunen klargjort overfor konsulent/tiltakshavar i gjennom tidlegare drøftingar, oppstartsmøte og undervegs møte. I oppstartsmøtet og i seinare undervegs møte vart det også peika på ein del andre forhold som burde vurderast nærare. Etter rådmannen sitt syn er no desse momenta i hovudsak teke inn i

planprogrammet, og ein føreset at dei andre momenta som tidlegare er nemnt blir skildra i planomtalen.

**Rådmannen er klar på at tiltaket er KU-pliktig og at konsekvensutgreiinga må utførast som ein del av eit samla planforslag.** Ei slik utgreiing bør også innehalde skisser og illustrasjonar som kan belyse dei konsekvensane som blir utgreia. Ein ser positivt på at konsulent viser illustrasjonar av mogleg utbyggingsalternativ allereie i planprogrammet, noko som kan styrke innsikta i kva som er formålet og tankane bak formålet med planarbeidet. I planprogrammet del II er det lista opp kva tema som skal utgreiast i prosessen vidare. Rådmannen har ingen særskilde merknader til desse på det noverande tidspunkt, men understreker at barn- og unge sine interesser vil vere eit sentralt tema i den vidare planprosessen. Dette tema må utgreiast på ein grundig måte og det må sikrast medverknad frå kommunen sin «Barnerepresentant».

#### Alternative plangrep og behov for vidare utgreiingar

Rådmannen viser til at planprogrammet inneheld 3 ulike alternative utbyggingsmønster for det aktuelle planområdet, i tillegg til 0-alternativet (ingen utbygging) I illustrasjonane og skildringane i planprogrammet er det lagt opp til ei vidareutvikling av eksisterande kvartalsstruktur, noko som i dag allereie er etablert nærområdet. Alternativa som blir skissert byggjer på ei kopling med konsentrerte bustader (fleirmannsbustader og blokker) samt tilhøyrande felles uteareal (grønstruktur/tun-struktur) på bakknivå i tilknytning til bygningane. Det er her også skildra løysingar med både innvending og utvending parkering. Vidare er det illustrert aksar med eigne gangvegar mellom eksisterande bebyggelse i vest og ny bebyggelse i aust, samt kopling mot barnehagen og parkområdet / parkeringsarealet ved Huldalsmyra. Huldal barnehage er tenkt utvida med etablering av større parkeringsplass lokalisert i nærleiken og ny tilkomstveg. Rådmannen ser i hovudsak positivt på dei løysingane som er skissert av moglege alternativ i planprogrammet med tilhøyrande illustrasjonar. Ein er samd i at behovet for nye denne delen av sentrum bør kunne få ei alternativ utvikling i høve den grusbana som ligg i området i dag. Bergsøy idrettslag (BIL) sine aktivitetar er i dag i all hovudsak bundne opp til Campus Fosnavåg og Heidområdet som aktuelle idrettsarenaer, og desse er idrettsområder som også Herøy kommune har vore med på å legge til rette for gjennom ulike offentlege tiltak. Dei plangrepa som no er skissert i planprogrammet er også tråd med mål og strategiar i gjeldande samfunnsdel i kommuneplanen, jfr. pkt «2 Sentrumsutvikling».

Rådmannen vil understreke at den eksisterande leikeplass som i dag er opparbeid og etablert ved innkøyringa til Huldalen, her vist som byggeareal i illustrasjonar, bør oppretthaldast med omsyn til å kunne tilby dei aller minste borna i nærområdet tilfredstillande areal for å kunne ivareta sine behov. Av omsyn til desse interessene, ser rådmannen ikkje positivt på at eksisterande opparbeidd leikeplass blir omgjort til bustadtomt. Dette vil ein ikkje kunne tilrå.

Når det gjeld Huldalsmyra, ser rådmannen det som positivt at dette området er tiltenkt som eit samanhengande grøntområde (Park) sentralt i Fosnavåg sentrum.

I den vidare prosessen med KU-vurderingar vil det vere naudsynt at denne delen av planområdet blir utgreia i høve det aktuelle formålet. Spørsmålet er om det er reelt at dette arealet kan opparbeidast til eit parkområde i høve dagens grunnforhold? Rådmannen føreset at dersom Huldalsmyra viser seg å vere eigna til parkområde, bør dette regulerast som eit offentleg areal og inngå som ein del av ein

samanhengande grønstruktur i Fosnavåg sentrum. Momenta knytt til parkområde vil vere i tråd med gjeldande samfunnsdel i kommuneplanen. Eit nytt parkområde vil kunne ivareta fleire i av dei momenta som er nemnt både i kommuneplanen sin samfunnsdel og stadanalysa frå 2007. I tillegg kan utvikling av eit nytt parkområde sjåast i samband med «Byutviklingsprosjektet» som er starta i 2013. Tilgrensande parkeringsareal i aust bør også regulerast til offentleg formål, slik at dette kan bli ein del av eit samla offentleg parkeringstilbod i Fosnavåg.

Når det gjeld utgreiingar i høve ny bebyggelse i området, vil rådmannen rå til at det gjennom vidare arbeid med føresegnar bør knytast klare og tydelege krav til kva bustadtype som skal etablerast i området. Dette gjeld både for dei skisserte blokkene og rekkjehusa. Det bør leggjast vekt på å finne fram til klare definisjonar av kva bygningstype som skal realiserast innanfor byggeareala. Dette for å sikre at bygningsvolumet blir definert og slik at området ved realisering framstår som eit heilskapeleg bustadområde med ein definert og tydeleg profil.

I forhold til realisering av løysingar i reguleringsplanen, vil rådmannen understreke at ein ser det som både viktig og avgjerande for resultatet at heile planområdet blir sett på i samband. Dette vil seie at ein gjennom føresegnar må sikre at uteområde, gangveggar, parkering og infrastruktur blir opparbeidd før nye bustader blir teke i bruk. Ein ber om at plankonsulent i reguleringsplan tek inn rekkjefølgjekrav som sikrar at det offentlege parkområdet og parkeringsplassen i aust også blir opparbeidd før nye bustader blir teke i bruk. Dette avhenger sjølvsagt av at Huldalsmyra er eigna til parkområde. Rådmannen understreker at utvikling av Huldalsområdet er eit stort og omfattande utbyggingsprosjekt og at det både då er relevant og viktig at heile området blir realisert (fysisk utbygd) samanhengande. Eit slikt grep vil, etter rådmannen sitt syn, gi det beste resultatet med tanke på vidare sentrumsutvikling og behovet for meir parkering og «grøne lunger» i Fosnavåg. Samstundes er ferdige uteareal og parkområder viktig for dei som skal bu og bur i dette området. Dette vil ha påverknad for bukvaliteten og vere viktig for å kunne ivarta barn- og unge sine behov for areal.

Avslutningsvis vil rådmannen understreke at plankonsulent, i etterkant av vedtak, må kunngjere revidert planprogram og legge dette ut til 2.gongs høyring etter reglane i plan- og bygningslova. Ein føreset at revidert planprogram vert sendt regionale instansar, offentleg mynde, grunneigarar, naboar og andre som har interesser i planarbeidet, samt at desse blir gitt moglegheita til å uttale seg i høve noverande forslag til planprogram. Planprogram må også kunngjerast i avis, gjerast tilgjengeleg på Herøy rådhus og annonserast på kommunen si nettside.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Positivt.

Nokre av plangrepa som er skissert vil kunne vere positivt i høve folkehelse. Det skisserte parkområda gir grunnlag for variert utandørsaktivitetar for både nye bustader, kringliggjande bustader og kan bli eit attraktivt opphaldsareal for personar som oppheld nyttar seg av andre funksjonar i sentrum. Uteopphaldsareal og leikeområder som skissert, gir grunnlag for fysisk aktivitet til nye bustader.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilde.

#### Konsekvensar for drift:

Dersom parkareal, parkering og gangvegar blir regulert til offentleg formål og realisert, vil dette medføre kostnader for kommunen knytt til drift og vedlikehald av desse areala.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at revidert planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker og viser til ovannemnde tilråding.

Fosnavåg, 27.05.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Utviklingsavdelinga

## SAKSFPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/32
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
197/14	Formannskapet	18.11.2014

### REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - OFFENTLEG ETTERSYN

#### **Møtebehandling:**

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål. Sambuaren hennar har gjennom sitt tillitsverv i Bergsøy IL arbeidd med planen.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40 FVL §6 1. ledd bokstav c

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 18.11.2014**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Huldal Aust» med tilhøyrande vedlegg og konsekvensutgreiing datert 28.10.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Huldal Aust» med tilhøyrande vedlegg og konsekvensutgreiing datert 28.10.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

Uttaleinstansane i plansaker

Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

**Vedlegg:**

- 01 – Plankart Huldal Aust, datert 28.10.2014
- 02 - Reguleringsføresegner Huldal Aust, datert 28.10.2014
- 03 - Planomtale Huldal Aust, datert 28.10.2014.
- 04 - Innspel til oppstart av planarbeidet
- 05 - Plankonsulent sin behandling av innkomne merknader

**Uprenta vedlegg:**

Andre vedlegg til planomtalen  
Planprogram stadfesta 15.01.2014

**Saksopplysningar:**

Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavar Bergsøy idrettslag, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område i Fosnavåg sentrum. Området er lokalisert i Huldal og areal som inngår i planen er avgrensa slik det er vist med fargebruk i vedlegg 1 (plankart). Storleik på området som inngår i plan er 41,3 daa. Reguleringsplanen er utforma som ei privat detaljregulering etter PBL § 12-3 og består av eit plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Formål med planarbeidet er å utvikle området til bustadføremål og skape eit moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg. I tillegg til at planen skal legge rammer for arealbruk, byggehøgde, byggegrensar og utnyttingsgrad, er det eit mål at det blir lagt til rette for gode områder for uteopphald og leik som erstatning for grusbana i området.

Planarbeidet starta med oppstartsmøte saman med Bergsøy idrettslag og plankonsulent Sporstøl Arkitekter AS den 24.05.2011. Kommunen gav uttrykk for at ein, på visse vilkår, ville tilrå at det blei utarbeidd ein reguleringsplan for området. Vilkåra gjekk mellom anna på justering at den skisserte avgrensinga av planområdet måtte justerast og eit krav om at planforslaget måtte ha eit planprogram og ei konsekvensutgreiing. Dette fordi at planinitiativet ikkje var i samsvar med overordna kommuneplanen frå 2004, og at det då etter forskrift blir krav om konsekvensutgreiing (KU). Det blei også vist til at spørsmål om oppstart av planarbeid måtte leggjast fram for formannskapet, saman med eit forslag til planprogram. Forslag til planprogram blei mottatt av kommunen den 22.09.2011.

Formannskapet behandla planprogram for planarbeidet og vedtok at det kunne startast opp arbeid med privat reguleringsplan for området i Huldal. Plankonsulent varsla og annonserte planarbeidet i avis og på nettsida til Herøy kommune. Planprogrammet blei lagt ut på høyring for innspel. Innspel til planarbeidet følgjer som vedlegg til planomtalen, det same gjer også plankonsulentens sin behandling av desse innspela.

Med bakgrunn i dei innspela som kom i høyringsperioden, blei det gjennomført møte mellom utviklingsavdelinga, plankonsulent og representant for Bergsøy Idrettslag. I møte blei ein samde om at planarbeidet skulle halde fram med siktemål om å lage ein privat detaljreguleringsplan for området i Huldalen. Ved høyring av planprogram kom det innspel, særskilt frå Møre og Romsdal fylkeskommune, som gjorde det naudsynt å utarbeide eit revidert planprogram. Dette blei utarbeidd, sendt på ny høyring for å sikre medverknad i planarbeidet frå både offentlege instansar,



private grunneigarar og naboar, samt frivillige lag og organisasjonar. Formannskapet behandla og stadfesta planprogram for Huldal Aust den 02.07.2013.

Herøy kommune mottok planforslag for Huldal Aust frå Sporstøl Arkitekter AS den 08.10.2014. Det blei deretter gjennomført møte og gjennomgang av planforslaget saman med tiltakshavar og plankonsulent. Revidert planforslag blei motteke av kommunen 20.10.2014. Dette blei gjennomgått og kontrollert, og ein såg at det var behov for justeringar / endringar før forslaget kunne fremjast til politisk behandling. Kommunen mottok revidert reguleringsplanforslag den 28.10.2014, og er det som no ligg til grunn som planforslag for offentlig ettersyn.

Nedanfor vil rådmannen gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen. Planforslaget vil også bli presentert i Formannskapet.

#### Blokkbebyggelse – BB:

I planforslaget blir det lagt til rette for eit tomteareal (BB) for nye leilegheitsbygg (blokker) inntil fire etasjer. Det vert her tillate å føre opp bygg med ei gesimshøgde på 14 meter over gjennomsnittleg planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for tomt til blokkbebyggelse er sett til %BYA = 50. Minste felles private uteopphaldsareal er 15 m<sup>2</sup> pr eining. Krav til parkeringsplass er 1.5 pr. bueining. Det blir tillate å bygge parkeringskjellar under bakkenivå for blokkene.

#### Konsentrerte småhus – BK1 og BK2:

Innanfor områda BK1 og BK2 kan det byggast rekke eller kjedehus og to- eller fleirmannsbustader med maksimalt fire einingar. Her vert tillate å føre opp bygningar med ei maks gesimshøgde på 9 meter og mønehøgde på 10 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for desse tomtene er maks %BYA = 30. Det skal vere 1.5 parkeringsplassar pr bueining. For BK1 er det eit krav om at minste private uteopphaldsareal skal vere på 15 m<sup>2</sup>.

#### Frittliggjande småhus BF1 og BF2:

Innanfor desse områda regulerer ein eksisterande bebyggelse. Her blir det tillate med einebustader eller tomannsbustader innanfor kvar tomt. Bygningar kan her førast opp med maksimal gesimshøgde 9 meter og mønehøgde 10 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 30. Parkeringsplassar er 2 pr. bueining for einebustader og 1,5 pr. bueining for tomannsbustader.

#### Barnehage – BHG:

Arealet legg rammer for bygningar og anlegg for bruk til drift av barnehage. Det vert tillate med bygningar med maks gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for barnehagetomta er maks % BYA = 50. Det er krav om tilstrekkeleg uteopphald og parkeringsareal i tilknytning til barnehagen.

#### Leikeplassar – BUL1-3:

Planforslaget legg til rette for totalt 3 leikeplassar, der ein av desse er offentlig leikeplass. Denne er i dag opparbeidd og møblert. Dei to andre vil vere felles private leikeplassar og er lokalisert i kort avstand frå ny konsentrert bebyggelse. Det er knytt føresegner til leikeplassane at dei skal vere universelt utforma.

Det kan innanfor desse områda førast opp sandkasse, leikeapparat, benkar m.m. Leikeplassane er planlagt som nærleikeplassar og sosialt samlings- og aktivitetsområde. Totalt er det avsett 1.7 daa til formålet leikeplass innanfor planområdet.

#### Nærmiljøanlegg – NA:

Er planlagt som kvartalsleikeplass med ballbinge eller bane for anna leik med ball. Arealet skal vere universelt utforma. Storleiken på arealet er på 1.5 daa. Området er tiltenkt aktivitet for større barn som nærmiljøanlegg. Området skal ha ei opparbeiding som mogleggjer leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr som alle kan bruke. Det skal etablerast sykkelparkering innafor området.

#### Anna tenesteyting – AT1 og AT2:

Innanfor desse områda kan det førast opp renovasjonsløyningar, sykkelparkering og liknande. Areala er tenkt som offentlege.

#### Energianlegg - E:

I dette arealet er det tenkt oppført ein trafostasjon med ei samla høgde på 3 meter.

#### Vegar V1-6:

Vegane V1-5 er tenkt som offentlege køyrevegar opne for fri ferdsel. Desse vegane er utforma etter Herøy kommune sin rettleiar for dimensjonering av vegar. Veg 6 er felles privat tilkomstveg for bustadeigedomar.

#### Gangvegar – GV1-2:

Gangvegane er tenkt som offentlege areal og desse er planlagt med ei breidde på 3.5 meter i samsvar med kommunen sin rettleiar for dimensjonering av vegar.

#### Fortau – F1-2:

Fortau er planlagt i tilknytning til ny planlagt offentleg veg (V1) inn gjennom bustadområdet. Desse areala er tenkt som offentleg og skal binde saman bustad, leikeplassar og barnehage. Dette er areal som skal sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

#### Parkeringsplassar – P1-3:

Parkeringsplassane P1 og P2 er tenkt som offentlege parkeringsplassar i tilknytning til funksjonane i området og sentrum elles. Parkeringsplass P3 er tenkt som felles privat parkering.

#### Anna vegg grunn:

Desse areala er planlagt som sideareal/rabbatt mellom veg, gangveg og parkeringsplass P2 for å skilje mellom køyrande, gåande og parkerande.

#### Bypark – GS1 og GS2 (Huldalsmyra):

Dette området er planlagt som eit offentleg parkområde – bypark i Fosnavåg. Det er her tenkt at dette området inngår som ein samla del av grønstrukturen i Fosnavåg sentrum og dette blir sett på som eit naturleg offentlege parkområde. Innanfor dette området vert det tillate med tilplanting, benkar og liknande. Rapport frå grunnundersøkingar for Huldalsmyra tilseier at området ikkje er eigna som byggjeformål, men at det med lettare opparbeiding kan nyttast til parkformål.

### Naturområde – GS3:

Naturområde skal vere ope for alminneleg friluftsliv. Naturleg vegetasjon og terreng skal bevarast. Byggverk og anlegg er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å gjere terrenginngrep og likande som endrar landskapskarakteren

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at planforslaget i Huldalen no er i samsvar med arealbruken som er vedtatt i ny kommuneplan for Herøy av 30.10.2014. Her seier kommuneplanen at området området skal nyttast til bustadføremål og at det skal utarbeidast ein reguleringsplan. Planforslaget sitt forhold til overordna plan har difor endra seg vesentleg sidan oppstart av planarbeid, då kommunen planen viste friområde for dette området. Det er laga ei konsekvensutgreiing som ein del av planomtalen. Rådmannen viser til at sjølv om planen no er i samsvar med overordna kommuneplan, vil konsekvensutgreiinga likevel innehalde verdifull informasjon knytt til kva vurderingar som er gjort ved utarbeiding av planforslaget.

Når det gjeld detaljar kring arealbruken i området, ser rådmannen positivt på at planforslaget no har eit balansert forhold mellom utbyggingsformål og grøntstruktur, leik og opphaldsareal.

Planforslaget opnar opp for bustadområder med leilegheiter i sentrum. Ein viser til at det her kan førast opp blokker i området BB i 4 etasjar og konsentrerte småhus i området BK1 i 3 etasjer. Rådmannen ser det som viktig med ei rasjonell utnytting av ledige bustadområda i sentrum og leilegheitsbygg med mange bueiningar innanfor eit konsentrert område, vil soleis vere eit slikt grep. Ein er av den oppfatning av at sjølv om det blir lagt vekt på fortetting, vil ein også kunne få til gode uteareal i tilknytning til bustadane – både som private uteareal i tilknytning til kvar enkelt leilegheit og felles uteareal på bakkenivå.

Rådmannen vil særskilt vise til Huldalsmyra som er foreslått regulert til offentleg parkområde. Her er det gjort vurderingar som seier at dette området er eigna og kan nyttast til parkområde. I lys av at planlagt innfartsveg til Fosnavåg vil medføre tapt parkareal, og med omsyn til større arrangement i sentrum, ser ein det som svært relevant at det blir lagt til rette for meir parkareal i Fosnavåg sentrum. Huldalsmyra har potensiale til å kunne bli eit kvalitativt godt parkområde i sentrum, som kan gi grunnlag for både rekreasjon, leik og arrangement. Det er også planlagt ein større kvartalsleikeplass med rom for ballspel som skal tene behovet for barn og unge i nærområda. Rådmannen vurderer det slik at summen av leikeplassar, nærmiljøanlegg og parkområde vil gi eit variert og kvalitativt godt tilbud for barn og unge i dette området.

Når det gjeld Huldal barnehage, viser rådmannen til at det er avdekka skredfare i området aust for barnehagen. Her er det teke inn i føresegnene til plan at det må gjerast tiltak for å sikre areala innanfor omsynssona. I planforslaget ligg det inne ei større utviding av barnehagen sitt uteaareal mot vest. Her er det planlagt eit utviding av barnehagen i retning det området som det ikkje er registrert skredfare.

Avslutningsvis vil rådmannen peike på at det i planomtalen er gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Både når det gjeld naturmangfald og risiko og sårbarheit. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve som gir grunnlag for ytterlegare utgreingar. Plankonsulent har kommentert og gjort greie for innkomne merknader til oppstart av planarbeid.

Rådmannen vurderer denne handsaminga av innspela som tilfredstillande og ein finn difor ikkje grunnlag til å gå nærare inn på desse innspela i denne saksframstillinga. Plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sin overordna kommuneplan – både samfunnsdel og arealdel.

Rådmannen vurderer det slik at hovudgrepet i planforslaget er i samsvar med kommunen sine framtidige ønskjer om meir busetting og aktivitet i Fosnavåg sentrum.

Konsekvensar for folkehelse:

Positivt. Planforslaget legg til rette for fleire offentleg uteopphaldsareal og fleire offentleg ferdselsårar i form av gangveggar, fortau. Ein legg til grunn at dette er positive tiltak i eit folkehelseperspektiv.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte.

Konsekvensar for drift:

Planforslaget legg til rette for meir offentleg infrastruktur, som på sikt vil kunne påføre kommunen større driftsutgifter ved overtaking.

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 31.10.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar

Saksnr  
2015/56

Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
19.01.2015

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSOMRÅDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID



Lokalisering av planområdet


## DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSOMRÅDET EGGESBØNES i HERØY KOMMUNE PBL § 12-3

## Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

## Planområdet og planid

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område på Eggesbønes i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag **12 daa**. Plangrensa for området er tilpassa pågåande planarbeid for Eggesbøjordra i vest og FV654 i nord. PlanID er 201503.




## Føremålet med planarbeidet

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for bygging av nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggesbønes. Byggeprosjektet skal erstatte dagens institusjonstilbod og arbeidsplasslokaltetar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Planarbeidet vil legge rammer oppføring av bygningar inntil 3 etasjer innanfor planområdet.

For å sikre utbygging i tråd med ovannemnde planar er det også behov for omregulering av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan, slik at dette vert i samsvar med dagens (utbygde) situasjon.

## Gjeldande planstatus for området

Den gjeldande reguleringsplanen innanfor området legg til rette for offentleg formål, bustad og vegformål.



Arealbruk i ny plan vil følgje opp hovudformåla i gjeldande plan, men medføre endring i formålsgrenser og byte av formål internt i planområdet.

### Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg som regulert område i kommuneplanens arealdel frå 2014. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er vurdert til å vere i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Planarbeidet blir vurdert til å ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, til at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som vert utgreidd i planomtalen. Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen skal det også gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Offentleg formål (O)
- Bustad (B)
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Gangveg og fortau (GV og F)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande arealformål og omsynssoner.

For bustadrekkja mot Eggesbøvegen ser ein føre seg ei vidareføring av arealformålet for desse eigedomane, med unntak av eit stripeareal som vert omregulert til offentleg formål for skap tilstrekkeleg areal for utbygging av nye omsorgsbustader. Internt vegsystem med rundkøyningar og regulert parkeringsareal er tenkt omregulert til å vere i samsvar med dagens situasjon. Det same gjeld for ny hovudtilkomst til området frå Eggesbøvegen.

Førebuing av området til meir utbygging vil også innebere at det må gjennomførast gravearbeid i og rundt Eggesbøvegen for omlegging av leidningar m.m.

### **Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet**

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Innspela vil bli behandla av kommunen som ein del av planforslaget til politisk behandling.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med relevante vedlegg. Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn / høyring. Dokumenta vil også kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

**Herøy kommune**

**Utviklingsavdelinga**

**Postboks 274**

**6099 Fosnavåg**

eller på e-post til: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Merk innspelet med tittelen;

**«Detaljregulering for deler av sjukeheimsområdet på Eggesbønes»**

Frist for innspel: **09.03.2015**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til underteikna

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg

Planleggar

Herøy kommune

Tlf: 700 81 368

**Vedlegg:** Grunnkart (A4-format) med plangrense i målestokk 1:1000



